


«Å finne ord – å finne gråten»

Betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i
samiske områder



«Gjensyn» Eva Harr *

Trine Sortland Triumf
Diakonhjemmet Høgskole

Masteroppgave

Master i diakoni

Veiledere: Anne Austad og Line Merethe Skum

Antall ord: 30 396

25.11.2015

* brukt med tillatelse frå kunstnaren

Tjoahkkájgæsos (samandrag – lulesamisk)

Dát guoradallam guosská duov dáv aspevtav hásstalusás, man ájnas iednegiela adno l gá la barggamin hiehtedilij ja surgujn sáme guovlon. Válljiduvvam la kvalitatijvalasj vuohke aktan hermeneutalasj-fenemologalasj láchkanimijn. Ságájdahttemdiedojda li guhtta diehtovadde suohkana hiehtejuohkusijs sáme giela háldadusguovlon. Gávnadusá árvustaláduvvi teorija hárráj guoskavasj fáhkasuorgijs.

Gávnnuji gallegasj empiralasj guoradallama dán tematihka birra, man ájnas la iednegiela adno gá la barggamin hiehtedilij ja surgoj. Guoradallama ulmme la tjalmostahttet ja aj lappit máhtudagáv tematihka birra.

Iellemgávdan gánná l hiehtedille ja surggo de buoremusát dádjat iednegielav, vájku ulmusj buoragit buktá nuppát gielav bæjvállattjat. Iednegielav hállat la ájnas dan diehti gá iednegiella l ájnas oasse dábdos dásen surgodilen. Akta sivájs gá ulmusj ij huoman gatjádallat iednegielav la danen gá ballá váse dit kultuvralasj gierddamahtesvuodav almulasj viehkkedájmadagá aktijvuodan.

Sámástimen la aj gávástahdedum sisadno, gánná sáme giella l ájnas oasse iesjdábdos, aj jus ulmusj ij buvte sáme gielav. Sámástimen soajttá aj máhtta liehket divudahte sisadno, danen gá buktá aj nubbe surgov, surggo mij bohtá garra dárojduhttempolitihkas majt moadda buolva li váse dam.

Guoradallam nammat aj guokta dile ma *hieredi* iednegiela anov almulasj viehkkedájmadagán; guovdálásj gávnadusá lidjin kultuvralasj gierddamahtesvuohka ja vánes kultuvralasj máhtudahka tjanádum almulasj viehkkediddjáj; gávnadusá báhti guovlojs gánná sáme viesáda li unneplágon.

Vuodon fágallasj tjielggidusás ja aj tjielggidusá vásádusájs ma guoradallamin ávddánbuvteduvvi, de birri almulasj viehkkediddje sáme guovlojn ienebuv fállat iednegielav adnet farra gá dán ulmuttjij vaddet duoddenoadev gá viertti iesj gatjádallat iednegielav, vatteduvvam daj tjielggiduvvam histávrálásj dilij ja aj ulmuttja várnnahtis iellemdille hiehtedilen ja surgon.

Tjávda bágo: Iednegiella, hiehte ja surggo, diehtovadde, almulasj viehkkediddje, kultuvrra identitehta, sáme guovlo, sáme giela háldadimguovllo, suohkana hiehtejuogos.

Iktedimmie (samandrag – sørsamisk)

Daate studije lea ovmesse vuajnoej bijre maam mielide ietniengele átna gosse neavrojne jñh sárkojne barka saemien dajvine. Daesnie aktem kvalitatijve vuekiem veeljeme aktine hermeneutiske-fenomenologeles geatskanimmine. Gihtjehtimmiematerijaalen váarome lea govhte bievnijh tjielten neavroetjertijste saemien gielen reeremedajvesne. Daesnie gaavnojde digkede tjoevkesisnie teorijeste sjyöhtehke faagesuerkijste.

Vaenie empiriske dotkeme gáávnese tematihken bijre maam mielide ietniengele átna gosse neavrojne jñh sárkojne barka, ássjele studijinie lea fokusem stuvredh, jñh lissiehtamme daajroem daan aamhtesen bijre áadtjodh.

Akten jieledboelhken gusnie neavroem jñh sárkoem dáájre buektehte jeenjemes ajve sov ietniengelem nuhtjedh, jalhts mubpiengelem hijvenlaakan haalvoe aarkebiejjen. Ietniengelem nuhtjedh lea vihkeles dan ávteste dihte viehkehte domtesidie luejhtedh sárkoeprossesne. Akte vihkeles fáantoe man ávteste konfidente daamtaj ij læjhkan ietniengelem mietie gihtjh lea dan ávteste satne bælla dihte byögkeles viehkieabparaate, gosse dejnie gaskesadta, ij buektehth jallh ij væljoem utnieh kultuvrelle goerkesem vuesiehtidh.

Saemien nuhtjedh aaj akten symbovlen mielem átna, gusnie saemien maahta akte vihkeles identiteetebiehkje árrodh, aaj gosse konfidente ij saemien haalvoeh. Saemien nuhtjedh maahta aaj aktem davvoje mielem utnedh, dan ávteste dihte aktem mubpiem sárkoem luajhta, akte sárkoe mij lea dan garre daaroedehtemepolitihken gaavhtan gelline boelvine.

Studije aaj tsiehkje bijre mah átnoem ietniengeleste *heerredieh* byögkeles viehkieabparaatesne; gusnie doh göökte vihkielommes gaavnoeh leah kultuvrelle intoleranse jñh faatoes kultuvrelle maahtoe dan byögkeles viehkiehtæjjan luvnie; gaavnoeh mah leah dorjesovveme dajvine gusnie saemien árrøjh leah unnebelåhkosne.

Dej faageles buerkiestimmiej gaavhtan jñh aaj dáájrehtimmiej gaavhtan mah studijisnie dorjesuvvieh, byöroe goh byögkeles viehkiehtæjja saemien dajvine vielie átnoem ietniengeleste faalehtidh buerebh goh baajedh konfidentem jñjtje dan mietie gihtjedh mij akte lissieleavloe sjædta, mij lea dej buerkiestamme histovreles tsiehkje gaavhtan jñh konfidenten práásehke jieledboelhke neavrojne jñh sárkojne.

Tjoevtenjebaakoeh: ietniengele, neavroe jñh sárkoe, konfidente, byögkeles viehkiehtæjja, kultuvre, gieles, identiteete, saemien dajvh, saemien gielen reeremedavje, tjielten neavroetjerte.

Čoahkkáigeassu (samandrag – nordsamisk)

Dát dutkkus máinnaša čuolmma iešguđet geahččanguovlluid, eatnigiela geavaheami mearkkašumi go bargá kriissain ja morrašiin sámi guovlluin. Lea välljejuvvon kvalitatiiivvalaš metoda hermeneutalaš-fenomenologaš lahkoniin. Jearahallanmateriála vuodđun leat guhtta informántta sámeigiela hálddašanguovlluid gielddaid kriisajoavkkuin. Gávdnosiid ságaškušan relevánta fágasurggiid teorijja vuodul.

Lea unnán empiralaš dutkan mas fáddádat lea eatnigiela geavaheami mearkkašupmi go bargá kriissain ja morrašiin. Dutkosa ulbmilin lea guovdilastit fáddádaga ja seammás loktet gealbbu dan birra.

Eallinmuttus mas vásiha kriissa ja morraša, ii nagot olmmoš olus eará go hállat iežas eatnigiela, vaikko muđui árgabeaivvis máhtta ge nuppigiela bures. Eatnigiela geavaheamis lea stuorra mearkkašupmi go dat bokta dovdduid morašproseassas. Oktan dehálaš sivvan dasa go konfideanta dávjá dattetge ii jeara eatnigiela beassat hállat, lea go ballá vásiheamis kultuvrralaš gierdameahtunvuoda almmolaš veahkkeásahusain.

Sámeigiela geavaheamis lea maiddá symbolalaš mearkkašupmi, go sámeigiella sáhtta leat dehálaš identitehtafáktor, maiddá dalle go konfideanta ii máhte sámeigiela. Sámeigiela geavaheamis sáhtta maiddá leat čavddásmahtti mearkkašupmi, go dat bokta sekundára morraša, moraš masa sivvan lea garra dáruiduhttinpolitihkka mánggaid buolvvaid čađa.

Dutkkus máinnaša maiddá beliid mat *eastadit* eatnigiela geavaheami almmolaš veahkkeásahusain; mas dat guokte deháleamos gávdnosa leat almmolaš veahki kultuvrralaš gierdameahtunvuolta ja váilevaš kultuvrralaš gelbbolašvuolta; dát gávdnosat leat dahkkon guovlluin gos sámi álbmot lea unnitlogus.

Fágalaš ja vásáhusvuđot ákkaid geažil mat leat dahkkon dutkosis, de berre almmolaš veahkki sámi guovlluin eanet fállat eatnigiela geavaheami dan sadjái go dagahit lassinoadi konfidentii ieš jearahit dan, go váldá vuhtii máinnašuvvon historjjálaš beliid ja konfideantta hearckes eallinmuttu kriissain ja morrašiin.

Čoavddasánit: eatnigiella, kriisa ja moraš, konfideanta, almmolaš veahkki, kultuvra, giella, identitehta, sámi guovllut, sámeigiela hálddašanguovlu, gieldda kriisajoavku.

Abstract (samandrag - engelsk)

This study deals with different aspects of the thesis of this study, the significance of the use of mother tongue in working with crisis and grief in Sami areas. A qualitative method is chosen, with a hermeneutical-phenomenological approach. The material from the interviews is based on six informants from the municipal team of crisis, in the administration area of the Sami language. The findings will be debated in the light of theory from relevant professional skills.

There is little research to be found, dealing with the subject, the significance of the use of mother tongue in working with crisis and grief; the purpose of this study is to aim focus at and achieve increased knowledge on the theme.

In a phase in life that includes crisis and grief, the mother tongue is the language which one largely is able to conduct oneself to, even though one in everyday life speaks one's second language without hesitation. The use of mother tongue is of significance because it is a factor of redeeming abilities on the emotional level, in the process of grieving. An important reason why the care-seeker does not demand mother tongue is the fear of experiencing cultural intolerance with the professional aid-facilitator.

The use of the Sami language is of significance, also where the care-seeker does not speak the language; then as a factor of identification. The use of the Sami language may also be a factor of restoration, because it delivers a secondary grief, a grief caused by generations with harsh assimilation.

The study also deals with factors that *prevent* the use of mother tongue in the public aid-service, whereof the two most important findings are those of cultural intolerance and insufficient cultural competence.

Based on the professional arguments together with the arguments based on the experiences done in the study, one should, as a professional aid-facilitator in the Sami area, more frequently offer the use of mother tongue rather than causing the care-seeker the additional strain it involves to ask for it oneself, given the historical circumstances together with the vulnerable phase which includes crisis and grief.

Keywords: mother tongue, crisis and grief, care-seeker, professional aid-facilitator, culture, language, identity, Sami areas, administration area of the Sami language, municipal team of crisis.

Samandrag - norsk

Denne studien omhandler ulike aspekt ved problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. Det er valgt ein kvalitativ metode med ein hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming. Intervjumaterialet er basert på seks informanter frå kommunale kriseteam i forvaltningsområdet for samisk språk. Funna blir drøfta i lys av teori frå relevante fagområder.

Det eksisterer lite empirisk forskning kring tematikken betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg; formålet med studien er å retta fokus mot samt oppnå auka kunnskap kring tematikken.

I ein livsfase som medfører krise og sorg klarer ein i stor grad kun å forholde seg til sitt morsmål, sjølv om ein i kvardagen behersker andrespråket utmerka. Bruk av morsmål er av betydning fordi det er ein forløyssande faktor på det emosjonelle plan i sorgprosessen. Ein viktig grunn til at konfidenten allikevel ofte ikkje etterspør morsmål er frykt for å oppleve kulturell intoleranse i møte med det offentlige hjelpeapparatet.

Bruk av samisk er av betydning også der konfidenten ikkje behersker samisk språk; av symbolsk betydning og som identitetsfaktor. Bruk av samisk kan også virka gjenoppbyggjande, idet det forløyser ei sekundær sorg, ei sorg som har si årsak i generasjonar med hard fornskingspolitikk.

Studien omhandler også forhold som *forhindrer* bruk av morsmål i det offentlige hjelpeapparatet; der dei to mest sentrale funna er kulturell intoleranse samt mangelfull kulturell kompetanse hjå den offentlige hjelparen; funn gjort i områder der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten.

Med bakgrunn i dei faglige samt erfaringsbaserte begrunnelser som blir gitt i studien, bør ein som offentlig hjelpear i samiske områder i større grad tilby bruk av morsmål heller enn å påføre konfidenten den tilleggsbelastninga det er å sjølv etterspørre det, gitt dei beskrevne historiske forhold samt konfidentens sårbare livsfase med krise og sorg.

Nøkkelord: morsmål, krise og sorg, konfident, offentlig hjelpear, kultur, språk, identitet, samiske områder, forvaltningsområdet for samisk språk, kommunalt kriseteam.

Innholdsfortegnelse

Tjoahkkájgæsos (samandrag – lulesamisk)	2
Iktedimmie (samandrag – sørsamisk)	3
Čoahkkáigeassu (samandrag – nordsamisk).....	4
Abstract (samandrag – engelsk)	5
Samandrag - norsk.....	6
Forord	11
Kapittel 1 Innledning	13
1.1 Innledning til studien.....	13
1.2 Bakgrunn for valg av tema.....	15
1.3 Definisjoner	15
1.4 Valg av metode.....	17
1.5 Forskningsoversikt.....	18
1.6 Gjennomgang	19
Kapittel 2 Presentasjon av kontekst	20
2.1 Samiske områder	20
2.2 Samisk språk og kultur – samisk identitet	20
2.2.1 Assimileringspolitikken – fornorskinga.....	21
2.2.2 Samisk språk som identitetsmarkør	23
2.2.3 Den kulturelle smerte.....	26
2.3 Forvaltningsområdet for samisk språk.....	29
2.4 Kommunale kriseteam	32
Kapittel 3 Metode.....	33
3.1 Metodevalg.....	33
3.2 Utvalg av informanter	34
3.2.1 Utvalgsstrategi.....	35
3.2.2 Rekruttering av informanter	36
3.3 Utforming av intervjuguide	36
3.4 Utføring av intervjuer	37
3.5 Transkribering.....	38
3.6 Analyse og drøfting.....	39
3.7 Studiens pålitelighet, troverdighet, overførbarhet og bekreftbarhet.....	40
3.7.1 Pålitelighet og troverdighet.....	40
3.7.2 Overførbarhet.....	41

3.7.3 Bekreftbarhet - objektivitet.....	41
3.8 Kritisk vurdering av valg av metode	42
3.9 Etske vurderinger	43
Kapittel 4 Presentasjon av teori	44
4.1 Betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg	44
4.2 Krise- og sorgteori	45
4.2.1 Definisjoner og begrepsavklaringer.....	45
4.2.2 Historisk perspektiv	46
4.2.3 Stroebe og Shuts to-prosessmodell.....	48
4.2.4 Ritualers betydning i krise og sorg	49
4.3 Språk i eit sosiokulturelt perspektiv	50
4.4 Språk i eit sosiolingvistisk perspektiv	51
4.4.1 Holdninger til språk	51
4.4.2 Språk og etnisitet – språk og identitet	52
4.5 Kulturell kompetanse	53
4.5.1 Kulturell bevissthet.....	53
4.5.2 Kulturell kunnskap	54
4.5.3 Kulturell sensitivitet.....	55
4.5.4 Kulturell kompetanse	56
Kapittel 5 Analyse.....	57
5.1 Analyse av innsamla materiell.....	58
5.1.1 Samisk språk og kultur.....	59
5.1.2 Der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten	59
5.1.3 Betydningen av bruk av samisk språk, også når konfidenten ikkje behersker samisk.....	64
5.1.4 Generelle kulturelle erfaringer.....	66
5.1.5 Ulik grad av kunnskap om samisk kontekst.....	67
5.1.6 Der samisk befolkning tilhøyrer majoriteten	68
5.1.7 Opplevelse av lettelse ved bruk av morsmål.....	71
5.2 Funn.....	73
Kapittel 6 Drøfting	74
6.1 Kulturell kompetanse og kulturell sensitivitet	74
6.1.1 Kulturell kompetanse - den kulturelle smerten	74
6.1.2 Kulturell sensitivitet – kulturell intoleranse	76
6.2 «Å finne ord – å finne gråten»	79

6.3 Betydningen av bruk av samisk språk, også der konfidenten ikkje behersker språket.....	83
6.3.1 Symbolsk verdi.....	83
6.3.2 Samisk språk som identitetsmarkør	83
6.3.3 Sekundær sorg.....	84
6.4 Betydningen av kulturelle tradisjoner i arbeid med krise og sorg	85
6.4.1 Kulturelle tradisjoner kring dødsfall	85
6.4.2 Kulturell kompetanse kring sorgprosessen og forståelse av døden.....	86
6.5 Bruk av samisk språk som truande – bruk av samisk språk som gjenopprettande.....	87
6.6 Personlig engasjement	90
6.7 Å vera i forkant	90
Kapittel 7 Avslutning.....	92
7.1 Det er av betydning å bruka morsmål i arbeid med krise og sorg	92
7.2 Mangelfull kulturell kompetanse forhindrer bruk av morsmål.....	93
7.3 Betydningen av bruk av samisk der konfidenten ikkje behersker samisk språk	94
7.4 Studiens avgrensinger og vidare forskning	94
7.5 Konklusjon	95
Referanser	96
Vedlegg.....	104
Vedlegg I Forespørsel om deltagelse i intervju	104
Vedlegg II Intervjuguide	107
Godkjenning NSD.....	109

Dat ii leat nu álki
garccastit dovdduid
sániide

Dovddut
má"ggalágánat
girjjagat

Sánit
vánit
ovttageardánat

(Huuva 1999:104)

Inte lätt att snara*
känslor
med ord

känslorna många
brokiga

orden få
färglösa

(Huuva 2001:104)

*fange/binde

Forord

Det har vore ei opplevelsesrik reise å gjera denne studien. Reisa i kontekst, i samiske områder, har akkurat starta; det er mykje eg ikkje har sett enno. På reisa så langt har eg med sorg oppdaga dei djupe såra fornorskingspolitikken har etterlatt seg; ein usynlig smerte som også i stor grad er usynlig i pensumbøkene i norsk skule, og også lite kjent hos norsk majoritetsbefolkning. Eg har møtt eit sterkt folk, som har lært seg å overleva og som har måtta ofra mykje i kampen for å oppnå egenverdi, både den yngre og eldre generasjon.

Det utfordrer den profesjonelle hjelparen å orientera seg i dette landskapet med kulturell smerte og kulturell stolthet, og på reisa har eg møtt fleire av dei som møter på desse utfordringane i kvardagen, i arbeid med mennesker i krise og sorg i samiske områder.

Det var ein studie i seg sjølv, det å ta seg fram til dei ulike informantane i kommunane i samiske områder. Reisene foregjeikk på vinteren og våren og sjølv om intervjuet var unnagjort på 1 – 1 ½ time, var tida det tok å komma seg til og frå ofte beramma til 1- 2 døgn. Dei økonomiske rammene tillot ikkje luksuriøse utskielser som leiebil eller drosje, så rutebussen kl.05:30 på morgonen med retur seint på kvelden var ofte alternativet ein hadde å forholde seg til. Det viste seg i tillegg å vera den beste måten å reisa på, idet det gav meg uante muligheter i form av eit hav av tid til å ta inn alle inntrykka undervegs på reisa. Medan bussen glei gjennom eit vinterkledd landskap, der sola også hadde nokon timars reise før den kom seg opp over fjella for så å raskare forsvinna igjen bak nabofjellet, gav det meg tid til å reflektera over kven som budde her og kva dagen ville bringa; og på heimveg vidare reflektera over det eg hadde høyrte om dei som budde bak fjella og langt inne i fjorden. Var deira røyst blitt høyrte i dag, gjennom det som vart sagt av oss som tilhøyrer majoritetsbefolkninga? Andre gonger igjen opna landskapet seg og sola fekk fritt skinna på opne og langstrakte vidder. Det gnistra i vårsol og i fargerike kofter, men også her hadde historien satt sine spor, synleg for den som tek seg tid til å sjå etter.

Nokon spørsmål fant eg svar på medan andre igjen må utforskast vidare, når reisa fortsetter.

Eg vil få takka for mange gode råd undervegs. Eg vil takka min primærveileder, 1.amanuensis Anne Austad, ved Diakonhjemmet Høgskole, for god veiledning, engasjement og tålmodighet undervegs. Eg vil og få takka min eksterne sekundærveileder, universitetslektor Line Merethe Skum, ved Girkolaš Oahpahušguovdáš Davvin, Kirkelig utdanningscenter nord (KUN), for god veiledning med god kompetanse kring samisk kontekst.

Eg har også søkt og fått gode råd av fleire høgt kompetente fagpersonar: Ole Mathis Hætta, tidlegare fylkeslege i Rogaland, no seniorrådgiver i samisk samfunnsmedisin i Helsedirektoratet, postdoktor Ketil Lenert Hansen og psykolog Lena Slettli Gundersen ved Senter for Samisk helseforskning ved Institutt for samfunnsmedisin ved Universitetet i Tromsø; Samisk nasjonalt kompetansesenter - psykisk helsevern, SANKS, i Karasjok, ved psykolog Anne Silviken, SANKS i Oslo, ved psykologspesialist Elisabeth Gerhardsen; kommunepsykologane i Kautokeino ved psykolog PhD Anne Lene Turi Dimpas og psykolog PhD Margrethe Bals; ein stor takk til til samtlige, som alle raust har delt av sin erfaring og kompetanse. Ein stor takk også til galojeatne, Berit Anne Sara Triumpf, for god hjelp i samisk kontekst. Sist, men på ingen måte minst, vil eg få takka min mann, Isak, for tålmodighet og gode bidrag med både eit kyndig og kjærleg blick.

Kapittel 1 Innledning

1.1 Innledning til studien

Formålet med denne studien er å retta fokus mot samt oppnå auka kunnskap kring problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder.

«Å finne ord – å finne gråten» - sitatet på forsida tilhøyrer ein av informantane og oppsummerer denne studiens tematikk. Betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder er oppgåvas problemstilling, ei problemstilling som rommer fleire aspekt. Eit aspekt er at ein betre klarer å uttrykka nyanser på det emosjonelle plan på sitt morsmål, eit anna aspekt er at det i ein livsfase som medfører krise og sorg, inntreier ein mekanisme som er lite beskrevet i litteraturen; i ein livsfase som medfører krise og sorg klarer ein i større eller mindre grad kun å forholde seg til sitt morsmål og gløymer i stor grad sitt andrespråk, sjølv om ein i det daglige behersker andrespråket utmerka.

Innanfor fagfeltet krise og sorg eksisterer det lite empirisk forskning kring betydningen av bruk av morsmål. Innanfor helse er det forska meir kring tematikken, der bruk av morsmål ved pasientens kontakt med helsevesenet er tematisert. Forskning innanfor helse har mest fokus på bruk av morsmål i forhold til å få stilt riktig diagnose og mindre fokus på kriseaspektet ved sjukdom, i det å forklara behovet for bruk av morsmål. Det er innanfor helse fokus på at språklige utfordringer ikkje skal skapa misforståelser og at bruk av morsmål bidrar til at pasienten får meddelt alle aspekt av sin tilstand, med dei nyanser som ofte er viktige i det å få riktig diagnose og riktig behandling. Også innanfor forskning på eldreomsorg er det veldokumentert at ein ved utvikling av demenssjukdom går over til kun å bruka morsmålet (Blix og Hamran 2015; Hansen 2011; Nystad, Melhus og Lund 2006; Ramsden 2002).

Undervegs i arbeidet med studien har eg blitt presentert for uttallige eksempler som beskriver at det er av betydning å bruka morsmål i arbeid med krise og sorg. Frustrasjonen har vokst då eg stadig ikkje finn tematikken empirisk dokumentert, samtidig har engasjementet vokst for kvart eksempel eg har blitt fortalt. For når eg har fortalt andre om temaet for studien kjem eksemplene, dei er mange og dei er konkrete. Eg var spent på om eg ville finna igjen noko av desse erfaringane, som så mange bærer på, blant erfaringane til informantane, dei som hjelper. Alle eksemplene har auka mitt engasjement og har gitt meg ein bekreftelse på viktigheten av denne studien, å få løfta fram og belysa problemstillinga samt oppnå auka kunnskap kring tematikken, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg. Ønsket om å kunna

forstå, sjå, møte og ivareta konfidenten tilfredstillande er motivasjonen bak å oppnå auka kunnskap kring tematikken.

For å finna svar på spørsmåla problemstillinga reiser vart det undersøkt om erfaringane profesjonelle hjelpearar har med arbeid med krise og sorg i samiske områder understøtter hypotesen som bygger på egne erfaringer samt funn i litteraturen, om at det er av betydning i ein livsfase som medfører krise og sorg å få uttrykka seg på sitt morsmål.

Det å undersøka i kor stor grad kulturell kompetanse er implementert i det offentlige tjenestetilbudet, når lovverk og politiske vedtak legg forholda spesielt tilrette for bruk av samisk språk, vil også bidra til å besvara problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. Det blir i innsamla materiell også undersøkt om det eksisterer ulike oppfatninger kring betydningen av bruk av morsmål samt om det eksisterer forskjeller i det offentlige tjenestetilbudet, og vidare kva årsakene til det kan vera.

Ved å vidare vurdere intervjumateriell i lys av relevant teori søker eg, oppsummert, å finna svar på følgande spørsmål kring tematikken, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder.

- er det av betydning å bruka morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder?
- kvifor er det av betydning å bruka morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder?
- eksisterer det ulike oppfatninger kring tematikken, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder, og kva kan vera årsaken til det?
- på kva måte blir det tatt hensyn til bruk av samisk språk og kultur i det offentlige tjenestetilbud og eksisterer det forskjeller i det offentlige tjenestetilbudet i forhold til bruk av samisk språk og kultur, i forvaltningsområdet for samisk språk?
- kva er årsakene, dersom det eksisterer forskjeller i det offentlige tjenestetilbudet i forhold til bruk av samisk språk og kultur i forvaltningsområdet for samisk språk?

Studiens avgrensinger er omtala i Kapittel 7.

1.2 Bakgrunn for valg av tema

Interessen for temaet starta då eg i kortare perioder jobba på sykestua i Kautokeino, ein kommune der samisk befolkning tilhøyrrer majoriteten. Det var der eg først vart klar over problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg. Det var også her eg vart klar over at bruk av morsmål ikkje er eit nøytralt tema i samiske områder og at årsakene til det er mange og komplekse, men at ein finn mange av svara i samisk historie med fornorskingspolitikken som ein sentralt årsaksfaktor.

Medan eg jobba der kom mange med beskrivelser om at ein i krise og sorg ofte kun klarer uttrykka seg på morsmålet, samisk. Eksemplene ble til slutt mange og det gjorde meg nysgjerrig på å finna ut meir kring ein tematikk som for meg var ukjent. Gitt dei mange eksemplene tenkte eg at fenomenet var utførlig beskrevet i empirisk forskning. Overraskelsen var derfor stor då empirisk forskning kring tematikken, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg, viste seg å vera svært mangelfull. Slik vart eit vidare engasjement kring tematikken vekka.

1.3 Definisjoner

Morsmål blir i oppgåva brukt for å betegna det språket ein person behersker best. Også tre andre kriterier beskriver begrepet morsmål og fleire av desse blir berørt i studien; det språket ein bruker mest, språket ein først hører og lærer seg å sosialisera på, og det språket ein identifiserer seg med. Ut frå denne definisjonen kan derfor samisk språk kallast morsmålet utan at ein behersker det, men der ein til dømes identifiserer seg med samisk språk. I litteratur blir også begrepet førstespråket brukt, men det rommer ikkje like mange nyanser som begrepet morsmål (Johansen 2009; NOU 2010:7).

Krise og sorg, Ordet krise kjem av det greske ordet *crisis*, som betyr avgjerande forandring. Kriser blir i litteraturen ofte delt inn i utviklingskriser og traumatiske kriser. Ordet krise i denne oppgåva er i betydningen traumatisk krise. Ein opplevelse av krise inntreer når ein befinn seg i ein livssituasjon der tidlegare erfaringer og innlærte reaksjoner ikkje er tilstrekkelig for å forstå og beherska den situasjonen som har oppstått (Cullberg 1999; Dyregrov 1997). Ei traumatisk krise er ein hendelse som fører til at ein person psykisk

opplever at vedkommande sin fysiske eksistens, sosiale identitet og trygghet eller grunnleggande livsmuligheter er trua (Cullberg 1999).

Sorg blir definert som ein emosjonell respons på tap som viser seg med ulike psykiske og fysiske reaksjoner. Tapet kan dreia seg om ein nær relasjon eller tap av funksjon etter ei ulykke. Sorgprosessen artar seg forskjellig frå menneske til menneske og mange ulike faktorer, deriblandt kultur, spelar inn i korleis ein opplever og håndterer ein fase med krise og sorg (Stroebe, Shut og Stroebe 2003).

I denne studien er krise og sorg eksemplifisert ut frå hendelser som medfører at det kommunale kriseteamet blir tilkalla for å bistå i arbeid med krise og sorg, hendelsene er då ofte akutt inntrufne.

Samiske områder, er definert som områder der ein gitt andel av opprinnelig befolkning har samisk bakgrunn, i nokre områder tilhøyrrer dei minoriteten og i andre majoriteten. Samisk befolkning finn ein ellers spredt over heile landet.

I Norge fins det tre offisielle samiske språk: lulesamisk, sørsamisk og nordsamisk. Det blir estimert at samisk befolkning totalt teller 100 000. Av disse er det 30 % som behersker samisk muntlig (15 % skriftlig). Det blir antatt at av dei som behersker eit samisk språk bruker 90 % nordsamisk (SSB 2013).

Innsamla materiell er henta frå kommuner som er del av forvaltningsområdet for samisk språk (sjå neste kapittel), i kommuner frå heile Sápmi; flest kommuner der samisk befolkning tilhøyrrer minoriteten og nokre kommuner der samisk befolkning tilhøyrrer majoriteten. Tematikken for studien gjeld for samisk befolkning, uavhengig av om ein bur i ein kommune som er del av forvaltningsområdet for samisk språk.

Konfidenten blir i oppgåva brukt om personen som møter det profesjonelle hjelpeapparatet når vedkommande befinn seg i ein fase med krise og sorg. Konfident blir brukt fordi eg vurderer det som eit meir likeverdig begrep enn til dømes begrepene pasient og klient.

Profesjonell hjelper, blir i oppgåva brukt om den som møter konfidenten i ein fase med krise og sorg. Termen profesjonell hjelper blir brukt som ein fellesbetegnelse på fleire profesjonar, då den som møter konfidenten i det profesjonelle hjelpeapparatet i arbeid med krise og sorg kan ha ulik fagleg bakgrunn, slik tilfellet er i det kommunale kriseteamet (sjå neste kapittel).

Det offentlige tjenestetilbud/hjelpeapparat, blir begge brukt i studien, for å beskriva det offentlige tilbudet som frå kommunen si side blir iverksatt i arbeid med mennesker i krise og sorg. Offentlig tjenestetilbud er det begrepet sentrale myndigheter ofte bruker i det å beskriva områder der det skal tas hensyn til samisk språk og kultur i forvaltningsområdet for samisk språk. Det kommunale kriseteamet er ein del av det offentlige tjenestetilbudet.

1.4 Valg av metode

Det er valgt ein kvalitativ metode for studien med ein hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming. Innsamla materiell er henta frå kvalitative forskningsinterju der utvalget består av seks informanter. Ei hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming ble valgt då formålet med studien er å oppnå auka kunnskap kring tematikken i problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder, då det eksisterer mangelfull empirisk forskning kring tematikken.

Ved å bruka kvalitativ metode og innsamla intervjumateriell frå offentlige hjelpearar i samiske områder, søker eg å finna ut korleis fenomenet betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg blir beskrevet og vidare vurderer funn i innsamla materiell opp mot relevant teori; til dette blir det benytta ein hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming.

Metodevalget vil bli nærmare gjort rede for i kapittel 3.

1.5 Forskningsoversikt

Temaet for studien, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder, berører mennesker i ein sårbar livsfase. Det eksisterer lite forskning på sammenhengen mellom bruk av morsmål og det å vera i ein livsfase som medfører krise og sorg. Det var svært utfordrande å finna empirisk forskning kring tematikken. Fleire bibliotek ble oppsøkt og det ble gitt bistand fra bibliotekar i søk etter relevant litteratur ved Universitetet i Tromsø, Diakonhjemmet Høgskole, Lovisenberg Diakonale Høgskole, Nasjonalbiblioteket og Samisk Høgskole i Kautokeino. Temaet blir berørt i forskningsrapporter, fagartikler samt offentlige utredninger, men då kun som ein beskrivelse av at ein i ein livsfase som medfører krise og sorg generelt opplever det krevande å benytta andre språk enn morsmålet; enkelte stader vart det og beskrevet ut frå ein samisk kontekst.

Det kan synast som om desse beskrivelsane kring tematikken, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg, først og fremst er erfaringsbaserte, meir enn vitenskapelig dokumenterte. Teorier som omhandler fagtermen krise og sorg berører delvis tematikken, då beskrevet som eit av fleire kulturelle hensyn, og er kun kort omtala. Det blir vidare beskrevet at det fortsatt gjenstår ein del forskning på feltet som omhandler kulturelle hensyn i arbeid med mennesker i krise og sorg (Stroebe og Schut 2010).

Der tematikken betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg allikevel er tydelig beskrevet, er litteratur som er basert på arbeid gjort av sentrale myndigheter i forhold til utarbeiding og oppfølging av forvaltningsområdet for samisk språk. Ulike forskningsrapporter og NOU'er beskriver at det er av betydning at samisk befolkning får benytta sitt morsmål når dei skal snakka om temaer av emosjonell karakter, som i krise og sorg samt der ein skal snakka om sensitive temaer, som ved kontakt med helsetjenesten (NOU 1995:6; NOU 2014:8).

I tillegg til forskningslitteratur som konkret omhandler krise og sorg, er det søkt til andre relevante fagområder som støttelitteratur, i det å belysa ulike aspekt ved problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. Andre fagområder er tatt med for å belysa kontekstuelle forhold samt for å få ein breidare forståelse av fenomenet morsmål samt kva utfordringer bruk av morsmål kan innebære i samiske områder. Fagområdene er historie, helse- og sosialfag, psykologi, psykiatri, sosiologi, lingvistikk. Kontekstuelle forhold med litteraturreferanser er beskrevet i kapitlet som omhandler studiens kontekst medan gjennomgang av øvrige teori er samla i eit eget kapittel.

Funnene som konkret beskriver betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder er for så vidt bekreftende ift hypotesen om at det er av betydning å bruke morsmål i arbeid med krise og sorg, men det mangler referanser og ein meir utfyllande beskrivelse av tematikken i det materiellet som ble funnet. Det var påfallande at det ikkje vart gjort funn i litteraturen der tematikken, bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg, var gjort til gjenstand for ytterligere forskning. Forfattarane bak dei artikkane som beskriv at det er av betydning å få bruke sitt morsmål når ein befinn seg i ein fase av krise og sorg vart kontakta, men dei kunne ikkje oppgi litteraturreferanser i forhold til desse beskrivelsane. Aerkjente nasjonale fagpersonar med spisskompetanse innanfor arbeid med krise og sorg vart også kontakta; også dei vart overraska i sine søk etter litteratur, fordi heller ikkje dei fant noko empirisk forskning kring tematikken, bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg, sjølv om tematikken for dei lød kjent.

Mangel på funn i litteraturen samt bekræftelse frå sentrale nasjonale fagpersonar kan tyda på at det kring tematikken, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg, mulig eksisterer eit hull i forskninga, noko som førte til eit enno større engasjement kring tematikken, som for egen del starta med erfaringsbasert kunnskap.

1.6 Gjennomgang

Konteksten for studien blir først presentert; samisk kontekst der historiske forhold samt ulike samiske områder blir presentert. Forhold som gjer at temaet samisk identitet, språk og kultur ikkje alltid er eit nøytralt tema, men eit tema som vekker sterke reaksjoner, blir forklart.

Forvaltningsområdet for samisk språk samt det kommunale kriseteam blir også beskrevet.

Metoden som er valgt for å belysa problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder, blir deretter gjort rede for, samt kritikk av metodevalg.

Deretter blir teorien som er valgt for å belysa ulike aspekt ved problemstillinga presentert; relevant faglitteratur som omhandler ulike aspekt ved problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder.

Vidare blir analysen av innsamla materiell presentert med dei funn som der kom fram.

Funna som analysen resulterte i blir vidare drøfta i lys av teorien og konteksten som er valgt for oppgåva.

Kapittel 2 Presentasjon av kontekst

2.1 Samiske områder

Sápmi, som benevnelsen er på dei fleste kart – på lulesamisk Sábme, sørsamisk Saemie og nordsamisk Sápmi, og på norsk, sameland, strekker seg over eit stort område og inkluderer fire land; Norge, Sverige, Finland og Russland. Av desse landa er det i Norge det bur flest samer, og rekkefølgen vidare i forhold til antall innbyggere med samisk bakgrunn i dei ulike landa, er slik rekkefølgen på land her er skissert opp. I Norge bur det anslagsvis 50 – 70 000 samer og totalt sett i heile Sápmi er antallet estimert til 100 000. På grunn av erfaringene med etnisk forfølgelse under 2.verdenskrig velger ein i Norge å ikkje registrera etnisitet i folkeregisteret, tallet på antall samer er derfor kun eit estimert anslag. Ein del samer velger å registrere seg i Sametingets valgmanntall, også kalla samemanntallet, men talla her gir heller ikkje eit realistisk bilde av kor mange samer som finnes i Norge, fordi dei fleste som registrerer seg her primært gjer det for å kunne avgi stemme ved sametingsvalget. Det er i Sametingets valgmanntall registrert litt over 15 000 personer (SSB 2013).

Samisk busetting finn ein i over 40 kommuner frå Finnmark og Sør-Varanger i nord til Engerdal, i Østerdalen i Hedmark, i sør. I tillegg bebur sjølvsagt samisk befolkning dei fleste kommuner, også utanfor det som blir kalla dei samiske områder.

Innsamla intervjumateriell i denne studien berører eit tverrsnitt av busettinga i samiske områder, representert ved seks informanter i seks ulike kommuner spredt over heile den norske delen av Sápmi.

2.2 Samisk språk og kultur – samisk identitet

Samisk identitet er kompleks å beskriva; kva kriterier skal vera med dersom ein skal definerast som same, kven skal definera det, kven innehar definisjonsmakta? Samisk befolkning har gjennom generasjonar vore gjenstand for forskning, ofte med negativt fortegn, der raseforskninga er eit mørkt kapittel i norsk og samisk historie. Etter fornorskingstida, som også påverka samisk språk og kultur i ein negativ retning, er det å beskriva samisk identitet blitt enno meir komplekst. Tidlegare brukte ein begrepa kystsame eller sjøsame og innlandssame eller reindriftssame. Nyare forskning beskriver kompleksiteten i det å beskriva samisk identitet.

De kan kategoriseres, det kan settes opp definisjoner, og vi kan se hvem som passer inn eller ikke. Språk, utseende, næringsvei, klesdrakt, besteforeldres språk, region, religion, selvoppfatning eller en kombinasjon av disse faktorene kan brukes for å bestemme hvem som er same. Begrepet same er blitt en objektiv kategori, noe som defineres i vitenskapelige eller byråkratiske termer (...) Den idealtypiske samens finnes ikke. Den samiske identiteten dreier seg om et kontinuum, et sammenhengende hele, fra reindriftssamen på vidda som oppfyller alle objektive ytre kriterier på en samisk identitet, til den unge eleven som ikke oppfyller andre kriterier enn at en av beste- eller oldeforeldrene snakket samisk, og at eleven (i noen situasjoner) velger å se seg selv som same (Grenersen, 2002:14)

Det er ikkje lenger språk, klesdrakt eller bustad som definerer om du er same. Det er også avgjerande kven som spør, i forhold til kva identitet ein oppgir å ha (Erke og Høgmo 1994; Johansen 2009).

2.2.1 Assimileringspolitikken – fornorskinga

Assimileringspolitikken, bedre kjent som fornorskingspolitikken, var ein politikk iverksatt av sentrale myndigheter i Norge, med oppstart på begynnelsen av 1800-tallet og som først kom til ei avslutning på midten av 1970-tallet. Det var ein politikk som hadde sitt utgangspunkt i at Norge no var blitt eit fritt land, nasjonalismen blomstra og ideologien var at Norge ville stå seg best mot nye angrep utanifrå ved å opptre samla, som ein nasjon og eit folk. Samisk befolkning skulle også innlemmast i ein samla norsk nasjon, og måtte difor bli assimilert med majoritetsbefolkninga. I tillegg til å inneha eit anna språk og kultur budde størstedelen av samisk befolkning i nord og bebudde grensetraktene mot øst, der andre land, spesielt Russland, var ein trussel mot norsk suverenitet. Det vart derfor påtrengande å gjennomføra assimileringspolitikken, med oppstart i skulevesenet, der den oppvoksende generasjon, som var framtida for det nye Norge, befant seg (Hansen 2004; Jensen 2002).

Assimileringspolitikken var ein politikk som først og fremst hadde sin arena i skulen og kirka, men dets holdninger førte til at det fekk konsekvenser for livsvilkåra i heile det samiske samfunnet. Dei vaksne erfarte ein politikk som ikkje verdsatte hverken samisk språk eller samiske kulturytringer. Samisk befolkning opplevde seg rangert av offentlige myndigheter og etterkvart også av kvarandre. Samisk befant seg nederst i denne rangeringa, det var ei plassering i rang dei vaksne ikkje ville påføra borna sine; det vart forhindra ved å ikkje læra den oppvoksende generasjon det samiske språk og heller ikkje vidareføra dei tradisjonar eller symbol som var forbundet med samisk kultur. Born fekk heime høyra at dei ville klara seg

best i samfunnet om dei kun lærte seg norsk. Borna lærte slik at samisk språk og kultur ikkje er verdt å ta vare på og vidareføra; dette var holdningane dei møtte både i lokalsamfunnet, i heimen, på skulen og i kirka (Folkenborg 2008; Grenersen 2002; Høgmo 1986; Jensen 2002; Johansen 2009).

Sentrale myndigheter oppnådde det dei ville og fekk heile samfunnet med i tankegangen om at om nasjonen var best tjent med å opptre som ein nasjon, som norsk.

Fram til den nye kirkeloven kom i 1889 var skule og kirka eitt, og biskopen hadde stor innflytelse på drifta av skulevesenet. Kirka bidro derfor også i lang tid svært aktivt i assimileringspolitikken, kun unntaksvis eksisterte det motstand. Biskopane Skaar og Bøckmann protesterte mot språkpraksisen som sa at Guds ord skulle forkynnast på norsk, og innførte forkynning på morsmålet, samisk, og Skaar kjempa også for å få oversatt religiøs litteratur til samisk. Men det skjedde ei ytterligare innstramming i språkreglane i assimileringspolitikken, og dei som var i opposisjon til assimileringspolitikken vart raskt i mindretall og vant lite fram med sine synspunkt (Drivenes 2004).

Då 2.verdenskrig braut ut var assimileringssprosessen allerede komen langt i dei områdene der samisk befolkning tilhørde minoriteten, og for mange var det ei tid der ein opplevde ein gradvis auke i stigmatiserande holdningar retta mot samisk befolkning. Då den brente jords taktikk vart utført i Finnmark av den tyske okkupasjonsmakta, med den påfølgande tvangsevakueringa, drog mange frå heimane sine for så å aldri venda tilbake. For mange som tilhørde samisk befolkning vart dette ein mulighet til å også forlata det samiske. Dei synlige identitetsmarkørane som knytta dei til samisk etnisitet vart valgt bort i flyttelasset på veg sørover, det samiske språk, tradisjonelle klesplagg, kunnskap om samisk håndverk- og mattradisjon – alt vart etterlatt og ikkje formidla vidare til egne barn. Det oppstod slik eit brudd i overføring av samiske språk, tradisjoner og historier. Dei kunne etablere seg som norske sør i Norge, der få kjente til eller stilte spørsmål kring deira etnisitet (Eidheim 1971).

Også dei som flytta tilbake etter tvangsevakueringa ønska å dyssa ned sin samiskhet, men for dei var det ein tyngre jobb. Dei vart fortsatt gjenkjent av sine sambygdingar som samer. Stigma som eksisterte i majoritetssamfunnet mot samisk befolkning, også før krigen, vart i etterkrigstida ytterligare forsterka; landet skulle byggast opp igjen, nasjonalkjensla i norsk befolkning auka, som også etter første verdenskrig; ein skulle stolt stå saman og bygga landet. Denne devalueringa av samisk språk og kultur påverka naturleg nok sjølvkjensla til samisk befolkning. Det etniske mangfoldet var ikkje lenger sosialt akseptert i områder der samisk

befolkning tilhørte minoriteten, noko som medførte at der samisk språk og kultur tidlegare var artikulert og synlig, vart samisk språk og kultur no tia og forsøkt skjult. Samtidig ser ein at samisk befolkning forsøkte å kompensera for det å tilhøyra det dei opplevde som ein underlegen etnisitet, ved jobba for å kvalifisera seg som fullverdige borgere av det norske samfunnet, for å oppnå status. For å bli rangert som fullverdig medlem av det norske samfunnet måtte samisk befolkning tilegna seg teknikker for å unngå eller håndtera sanksjoner frå den norske delen av befolkninga i lokalsamfunnet, sosiale beskyttelsesmekanismer, som vil bli omtala seinare (Eidheim 1971).

Fenomenet med usynlig identitet gjenspeiles i ei folketelling i ei fjordbygd i Troms; dei som oppgav å ha samisk etnisitet i 1891 talte rundt 1000, medan i 1970 var antallet 50. Dette er tall som ikkje kan forklarast ut frå demografiske forhold aleine, men må også forståast ut frå sosiale forhold, som assimilering (Bjørklund 1994).

Fornorskinga ramma hardest i områder der samisk befolkning tilhørte minoriteten, i kyst- og fjordnære strøk. Forholda til samisk befolkning i kyst- og fjordnære områder står i sterk kontrast til forholda til samisk befolkning i innlandet i Finnmark. I indre områder, der samisk befolkning representerte majoriteten, klarte ein i større grad å ta vare på samisk språk og kultur. Skulen og kirka var dei arenaene der assimileringspolitikken primært vart ført, men politikken og dens holdninger til samisk språk og kultur vart i samiske majoritetsområder i mindre grad overført til andre delar av samfunnet og i heimane. Samisk språk og kultur stod her sterkt i heile befolkninga, ein opplevde ikkje samme rangeringa innad i samfunnet, som ein opplevde i områder der samisk befolkning tilhørte minoriteten. Vilråa for bevaring av samisk språk og kultur var såleis betydelig bedre i dei områda der samisk befolkning tilhørte majoriteten.

2.2.2 Samisk språk som identitetsmarkør

Når ein får presentert samisk befolkning si historie og deira variasjon i forhold til busetnad, kultur, språk og dei ulike forutsetningane dei har hatt i forhold til å utvikla og bevara sin egenart i form av språk og kultur, er det lett å forstå at det å beskriva samisk identitet er komplekst, og der fleire aspekt må med for å forklara kompleksiteten.

For å bli innlemma i Sametingets valgmannntall, må visse kriterier oppfyllest; definisjonen av same er forholdsvis vid og kriteriene er ulike i dei ulike landa som representerer Sápmi og er stadig i endring og gjenstand for debatt. I Norge er kriteriene at eins besteforeldre eller

oldeforeldre må ha beherska samisk samt at ein sjølv må kjenna seg som samisk. Det viser litt av kompleksiteten i det å bli definert som same, og synleggjer historiens påvirkning i så måte. Å beherska samisk språk kan ikkje bli tatt med som ein identitetsmarkør som må vera tilstades hos den som søker om å bli innlemma i manntallet fordi mange ikkje har hatt mulighet til å læra seg samisk. Og variasjonane i årsaker til mangelen på å ha tilegna seg samisk språk er mange. Dei fleste årsakene kan først direkte tilbake til assimileringspolitikken.

I områder der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten ramma assimileringspolitikken hardast, det var her mindre motstandskraft fordi samane tilhøyrde ein absolutt minoritet i samfunnet. I perioden med assimileringspolitikkk var det ofte kun foreldre- og besteforeldregenerasjonen som brukte samisk som daglegspråk i desse områda, og då kun til heimebruk. Den oppvoksende generasjonen hørde samisk og hadde eit stort passivt ordforråd, men brukte det ikkje sjølv muntlig, det vart dei heller ikkje oppmuntra til. På samme måte vart heller ikkje samiske kulturtradisjonar og kultursymbol overført til neste generasjon. Barna skulle primært læra seg det norske språket og den norske kulturen, for i *det* låg framtida. Det samiske hørde fortida til og dugde ikkje til noko, var det barna lærte. Ein forståelse av at det norske er overlegent det samiske vart skapt. Foreldrene ønska det beste for barna sine, og det beste for dei var å bli norske (Eidheim 1971; Eidheim og Stordahl 2004; Erke og Høgmo 1994; Folkenborg 2008; Jensen 2002; Johansen 2009).

På denne måten mista ikkje barna berre språket men også den samiske kulturen. I det å skulle orientera seg i samfunnet hadde dei ingen identitet å orientera seg ut frå, dei hadde verken samisk eller norsk identitet. Dette fenomenet med mangel på identitetstilhøyring blir i litteraturen omtala som *det tredje alternativ* (Høgmo 1986; Johansen 2009). Barna, tredje generasjon, vart oppmuntra og oppdratt til å oppfatta seg som norske, samtidig som dei måtte forholde seg til deler av den samiske kulturen, som dei opplevde vart dyssa ned av den eldre generasjonen. Dei måtte skapa sin identitet i omgivelser som ikkje gav dei rom for fullt ut kunne definera nokon av desse tilhøyrighetane; dei vaks difor opp utan ein identitetstilhøyrighet å definera verda rundt seg ut frå.

De eldre i språksamfunnet måtte forvalte en stigmatisert etnisk identitet, men hadde tross alt den kulturelle kompetansen som skulle til for å forvalte pendlinga mellom en norsk og en samisk sfære (jf. Eidheim 1971, kap.4.1.4). I privatsfæren kunne de fremdeles uttrykke sin samiske identitet. Barna pendla også mellom de to sfærene, men uten å være i stand til å signalisere en samisk identitet. De ble dermed tvunget til å gjøre sine erfaringer med en samisk stigmatisert tilhøyrighet uten å være i stand til å artikulere den. (Johansen 2009:126)

I tillegg hadde ikkje barna forutsetningar for å forstå at årsaka til at dei vaksne snakka eit anna språk, kun til bruk i heimen, var fordi dette språket var forbundet med ein anna etnisitet enn den norske, og at alt ved denne etnisiteten måtte holdast skjult fordi det var forbundet med stigma (Eidheim 1971; Høgmo 1986; Høgmo og Pedersen 2012; Johansen 2009).

I indre delar av Finnmark er situasjonen i dag annleis, sjølv om assimileringspolitikken også her har satt sine spor. I mange områder i indre delar av Finnmark tilhøyrrer samisk befolkning majoritetsbefolkninga, noko som gjorde at assimileringspolitikken her møtte sterk motstand, samisk befolkning vart derfor i mindre grad utsatt for stigma knytta til samisk identitet. På mange måtar vart forholdet mellom norsk og samisk befolkning bedre i desse områda, slik det også hadde vore i kystområdene før assimileringspolitikken vart innført. Samisk befolkning i indre områder var stolte av sin identitet og vidareførte samiske tradisjonar til barna, som skapte sin identitet som samer utan at dei opplevde at det var knytta stigma til det. Men også her led språket under assimileringspolitikken; barna var ikledd sine kofter på skulen, men fekk ikkje bruka samisk i skuletida, verken i skulegården eller i timane, der all undervisning foregikk på norsk. Den norske kulturarv vart også her innprenta, i form av songar med innhold knytta til norsk majoritetsbefolkning. Mange born vart skuletaparar idet dei ikkje fullt ut forstod kva som vart undervist frå kateteret før i tredje eller fjerde skuleår. Dei gjekk dermed glipp av basal kunnskap innanfor dei fleste fag, og særleg gjekk det utover deira evne til å formidla seg skriftlig. Mange endte opp med å fullføra grunnskulen utan å kunna mestra norsk skriftlig og fekk heller ikkje muligheten til å læra morsmålet skriftlig; samisk vart først seint på 70-tallet eit godkjent fag i norsk skule. Mange lider fortsatt av konsekvensane av fornorskingstida; dei opplever mindreverd fordi dei ikkje behersker nokon språk tilfredstillande skriftlig, verken norsk eller samisk; mange opplevde i skuletida også å bli beskrevet som mindre begava av sin lærer.

Assimileringspolitikken ramma såleis alle samiske områder, men hardast ramma vart områder der samisk befolkning tilhøyrrer minoriteten.

2.2.3 Den kulturelle smerte

Det skjer i dag ei revitalisering av samisk språk og kultur, med oppstart kring -70-tallet, ved opphøret av myndighetenes assimileringpolitikk. Revitaliseringa vart ytterligere forsterka ved opprøret som Alta-aksjonen skapte, der også majoritetsbefolkninga i Norge fekk augo opp for den samiske delen av befolkninga sin situasjon, kva gjaldt konsekvenser av assimileringpolitikken, med mangelfull ivaretagelse av samisk språk og kultur, samt rettighetsspørsmål (Erke og Høgmo 1994; Jensen 2002; Eidheim 1971).

Samisk befolkning kjempa for å oppnå likeverd kva gjaldt bruk av samisk språk og kultur samt ivaretagelse av desse. Gitt fortrenginga av det samiske som assimileringpolitikken påførte samisk befolkning generelt og spesielt i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten, kan ein betre forstå dei sterke og paradoksale reaksjonane revitaliseringa skapte, spesielt hos eldre generasjoner. Den eldre generasjonen hadde kjempa gjennom generasjoner for at samisk befolkning skulle oppnå samme status som den norske befolkninga, ved å systematisk tilpassa seg majoritetssamfunnet, slik målet var for assimileringpolitikken; og på vegen for å oppnå det målet måtte den delen av identiteten som vart utsatt for stigma fortregast, alt som kunne relaterast til deira samiske identitet måtte ofrast. Ved revitaliseringa skulle det som var forbundet med skam og stigma, no brått løftast fram i stolthet; det samiske språk, samisk klesdrakt og tradisjonell håndverk- og mattradisjon. Viste dei ingen respekt for forfedrene sitt harde arbeid og smertefulle offer for å oppnå likeverd i samfunnet, slik at dei skulle sleppa å oppleva den fornedringa dei hadde gjennomgått i generasjoner ved å tilkjenne sin samiske identitet?

Det finnes uttallige eksempler på mennesker som meir eller mindre tilfeldig oppdager at dei har samiske røtter og enno fleire som opplever stigma frå sin egen foreldre- eller besteforeldregenerasjon fordi dei har eit ønske om å finna tilbake til sin samiske identitet. Mange som ønsker å finna tilbake til sin samiske identitet opplever å bli skjelt ut av familiemedlemmer, oftast tilhøyrande foreldregenerasjonen eller eldre, og opprivande familiekonfliktar oppstår. Historiens mangel på ivaretaking av samisk språk og kultur rammer såleis dobbelt opp; det rammer den eldre generasjonen og det rammer den yngre generasjonen, som ein direkte konsekvens av assimileringpolitikken. Denne delen av historien blir lite omtala i norske historiebøker; det bidrar til å opprettholda ein mangel på kunnskap kring samisk språk og kultur samt opprettholder dei stigmatiserande holdningane som samisk befolkning har opplevd gjennom generasjoner og fortsatt opplever (Hansen 2011). Det har over år utvikla seg til ein ond sirkel; der dei stigmatiserande holdningane

opprinnelig kom frå det norske majoritetssamfunnet opplever same i enkelte områder i dag også stigmatiserende holdninger der avsenderen ofte har samiske røtter. I fortrenginga av egen identitet veks det fram stigmatiserende holdninger retta mot egen etnisitet. Det handlar ikkje om enkeltstående eksempler, men eksisterer i stor skala, også i vår tid. Mari Boine (1985) beskriver denne kompleksiteten i forhold til identitet i ein av sine songar, *Mearrasapmelažžii, Til sjøsamene*. Det krever mot å tilhøyra den eldre generasjon som fortrengte sin samiske identitet for at framtidige generasjoner skulle sleppa å oppleve dei stigmatiserende holdningane dei opplevde og det krever mot å tilhøyra den yngre generasjon som står fram med stoltheit over sin samiske identitet.

Når mor di sier til deg
En same duer vel ikke til noe
Hva vil du med denne samekulturen
Så ikke bli forundret
Hun har alt levd lenge
Du vet jo godt hvor hun har dette fra
Du vet jo godt hva hun har gjennomlevd

Når din venn sier til deg
Tar du virkelig på deg
den stygge kofta
Ingen hadde fått på meg
det fæle plagget
Så ikke bli forundret
Hun har alt levd lenge
Du vet jo godt hvor hun har dette fra
Du vet jo godt hva hun har gjennomlevd

Og når din søster sier til deg
Snakk norsk til meg
Jeg skjønner ikke noe
av det fæle språket
Så ikke bli forundret
Hun har alt levd lenge
Du vet jo godt hvor hun har dette fra
Du vet jo godt hva hun har gjennomlevd
(Boine 1985)

Dette fenomenet blir i litteraturen omtala som den kulturelle smerte, ein direkte konsekvens av tida med fornorskingspolitikk, og som er svært lite kjent blant norsk majoritetsbefolkning (Jensen 2002). Det er ofte ein skjult smerte idet den ofte kun kjem til syne indirekte og fordi ein for å gjenkjenna smerten som blir uttrykt må ha kunnskap, ikkje berre om samisk språk og kultur, men også historien til det samiske folk og dei ulike samiske områdene.

Den kulturelle smerte oppleves av den eldre generasjon, som har fortrenget det samiske for at framtidige generasjoners skulle sleppe å oppleve det stigma dei opplevde ved å tilkjenne sin samiske identitet. Den yngre generasjon opplever kulturell smerte idet dei har blitt frårøva sin identitet og sitt språk – språket har ikkje blitt overført frå forrige generasjon, ei heller håndverk- og mattradisjon og muntlig fortellertradisjon. Og der den eldre generasjonen ville oppnå å skjerme framtidige generasjoner frå stigmatiserande holdninger opplever dei at deira offer var forgjeves og dei opplever ein kulturell smerte som rammer både dei sjølv og dei som skulle skånast (Grenersen 2002; Jensen 2002; Johansen 2009).

Eit anna eksempel, som heller ikkje er eineståande i det å bli klar over at ein har samisk identitet, er når mor eller far begynner å snakka samisk når dei blir demente; samisk identitet kunne ikkje lenger holdast skjult. Den kulturelle smerten rammer då ekstra hardt, som ei identitetskrise, idet dei er blitt frårøva det samiske språk og identitet samt at dei ikkje lenger kan kommunisera med sine foreldre, som no kun snakker sitt morsmål. Dei får ikkje kommunisert med og heller ikkje innhenta opplysninger om den samiske delen av sin historie. Og der samiske røtter blir oppdaga på andre måter enn ved at ein av foreldrene blir dement, er det ikkje sikkert den eldre generasjonen ønsker å meddela opplysninger frå den samiske delen

av familiehistorien fordi det er blitt til ein del av deira historie og identitet som er forbundet med skam og som dei vil skal forbli i taushet. Dette er nokon eksempler på den kulturelle smerten samisk befolkning opplever i dag.

2.3 Forvaltningsområdet for samisk språk

Noko som i forskninga viser seg å kunne ha ein forebyggande effekt i forhold til det å oppleve stigma knytta til samisk identitet, er å vera innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk (Hansen 2011).

Det finnes i Norge to offisielle språk, samisk og norsk, dei to er likestilte (Sameloven 1987/1990). Det er i Norge tre offisielle samiske språk, desse er nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. I heile Sápmi er det om lag 30 % som behersker muntlig samisk og 15 % som behersker skriftlig samisk. Alle dei tre offisielle samiske språka er på UNESCO si liste over trua språk, mest utsatt er lulesamisk og sørsamisk, som blir klassifisert som alvorleg trua. Der eit språk blir definert som trua er kriteriet at det er registrert ein nedgang i forhold til antall barn som bruker språket muntlig, medan eit språk blir definert som alvorleg trua der det nesten berre er vaksne igjen som bruker det. Det fins fleire samiske språk enn dei som er nevnt her, som kun eit fåtall behersker, og andre igjen som er utrydda (Regjeringen 2013; Gáldu 2011).

Sametinget vart oppretta i 1989. Samtidig vart Sameloven iverksatt (vart oppretta i 1987). Samelovens språkregler, paragraf tre i Sameloven, vart oppretta i 1990 og iverksatt i 1992 og omhandler bevaring, utvikling og styrking av det samiske språk. Samtidig med opprettelsen av samelovens kapittel om språkregler, vart seks kommuner innlemma i det som vart kalla forvaltningsområdet for samisk språk. Antallet kommuner som er innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk teller i dag ti og representerer alle dei tre offisielle samiske språka; nordsamisk, sørsamisk og lulesamisk. Forskrift til Sameloven om forvaltningsområdet for samisk språk kom i 2005.

Politisk sett ligg tema som berører samisk befolkning innunder Kommunal- og moderniseringsdepartementet der Same- og minoritetspolitisk avdeling, SAMI, har det overordna ansvaret når det gjeld utvikling og samordning av statens politikk overfor den samiske befolkninga. SAMI har også ansvaret for at Sametinget administrativt og budsjettmessig bidrar til kontakt og dialog mellom regjeringen og Sametinget (regjeringen.no, 2015).

Enkelte punkt i samelovens språkregler gjelder kun kommuner som er innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk. I Norge er norsk språk og samiske språk *likeverdige*, medan i forvaltningsområdet for samisk språk er samiske språk *likeverdige* og *likestilte* med det norske språk. Kommunane som har søkt om og har blitt innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk forplikter seg til å imøtekomme ein del tiltak retta mot å tilby befolkninga informasjon både på norsk og samisk.

Samelovens språkregler skal sikre rettigheter i forvaltningsområdet for samisk språk, retten til å bruke samisk i kontakt med offentlige organ og å møte samisk språk i offentlig sammenheng (Sameloven 1987/1990, kapittel 3)

Kunngjeringer til kommunens befolkning skal også skje på begge språk, norsk og samisk. Skilt med stedsnavn og skilting av offentlige bygg skal også foreligge både på norsk og samisk. Dette er nokon av bestemmelsene ein som ein del av forvaltningsområdet for samisk språk må etterfølge.

Kommuner som *ikkje* er innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk og enkelte regionale og statlige myndigheter plikter også å følge ein del av bestemmelsane som er omtala i språkreglane i sameloven. Bestemmelsane her gir samisk befolkning utvida rettigheter i møte med ulike offentlige organ, blant anna utvida rett til bruk av samisk i helse- og sosialsektoren og i individuelle kirkelige tjenester.

Det stilles krav til offentlige virksomheter i kommuner som er innlemma i Forvaltningsområdet for samisk språk.

- Kunngjøringer fra offentlige organ som særlig retter seg mot hele eller deler av befolkningen i forvaltningsområdet, skal skje både på samisk og norsk. Skjema til bruk overfor et lokalt eller regionalt offentlig organ i forvaltningsområdet skal foreligge både på samisk og norsk (§ 3-2).
- Den som henvender seg på samisk til et lokalt offentlig organ i forvaltningsområdet, har rett til svar på samisk (§ 3-3).
- Den som ønsker å bruke samisk for å ivareta egne interesser overfor lokale og regionale offentlige helse- og sosialinstitusjoner i forvaltningsområdet, har rett til å bli betjent på samisk (§ 3-5).
- Tilsatte i et lokalt eller regionalt offentlig organ i forvaltningsområdet har rett til permisjon med lønn for å skaffe seg kunnskap i samisk når organet har behov for slik kunnskap (§ 3-7).
- Kommunestyret kan bestemme at samisk skal være likestilt med norsk hele eller deler av den kommunale forvaltning (§ 3-7). (Sameloven 1987/2005)

Opplæringsloven, barnehageloven, og stadnamnlova stiller også særlige krav til kommunene i forvaltningsområdet:

- Kommunen har ansvar for at barnehagetilbudet til samiske barn bygger på samisk språk og kultur (barnehageloven § 8)
- Den samiske læreplanen – Kunnskapsløftet-Samisk – skal brukes i skolen i kommunen (forskrifter til opplæringsloven, § 1-1)
- Ved vegskilting der flerspråklige stedsnavn benyttes, skal det samiske navnet stå først (forskrifter til stadnamnlova, § 7) (Sameloven 1987/2005)

Følgande er sentralt for alle offentlige hjelpearar, uavhengig av geografi:

Samelovens språkregler er minimumsregler, og alle offentlige virksomheter oppfordres til å ta hensyn til brukere av samiske språk, også ut over lovens regler. (Sameloven 1987/2005)

Det innsamla intervjumaterialet i denne oppgåva tar utgangspunkt i seks kommuner, spredt over heile den norske delen av Sápmi, som alle er del av forvaltningsområdet for samisk språk.

2.4 Kommunale kriseteam

I denne studiens kontekst er informanten den kirkelige representanten i det kommunale kriseteamet i forvaltningsområdet for samisk språk. Kommunale kriseteam er ein psykososial beredskap ved kriser og katastrofer som rammer i lokalsamfunnet. Dei har ansvar for den psykososiale oppfølging av dei involverte parter og fungerer også som ein ressurs for anna innsatspersonell. Teamet er bredt faglig sammensatt og faggruppene er ofte representert er lege (kommunelege), politi, prest eller diakon, sykepleier (psykiatrisk sykepleier), psykolog eller psykiater, helsesøster og sosionom. Kommunelegen er ofte leidar av det kommunale kriseteamet.

Kvar kommune er lovpålagt å ha ein kommunal beredskapsplan og fylkesmannen har det overordna ansvaret for tilsyn av den psykososiale beredskapen i kommunane i sitt fylke; å etablera kommunale kriseteam blir av helsedirektoratet anbefalt som eit ledd i det å innfri kravet om beredskapsplan.

I kommuner som har etablert kommunalt kriseteam viser forskning at brukertilfredsheten ved kriser og katastrofer er signifikant høgare enn i kommuner som ikkje har etablert kommunale kriseteam. Det blir blant anna peika på at etablering av kommunale kriseteam forebygger slitasje på innsatspersonell fordi belastninga blir fordelt på fleire yrkesgrupper og at det bidrar positivt at det er ei brei faglig tilnærming ved psykososial oppfølging (Dyregrov, Nordanger, Dyregrov 1998).

Innanfor ansvarsområdet og mandatet til kommunale kriseteam finn ein blant anna at dei skal bidra til å utvikla traume- og krisekompetansen til aktuelt fagpersonell i kommunen og utarbeide skriftlege rutiner i forhold til psykososial oppfølging etter kriser og katastrofer i tillegg til kontakt med berørte parter og iverksetting av tiltak (Dyregrov et al 1998).

I samiske områder generelt har befolkninga som nevnt ein utvida rettighet i forhold til bruk av samisk, også i kontakt med kommunale kriseteam, då det inngår i det offentlege tjenestetilbudet innanfor helse- og sosialsektoren. Og kommuner som er innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk har eit særskilt ansvar i å tilrettelegga forholda for bruk av samisk til befolkninga (Sameloven 1987/2005).

I dei aller fleste kommunale kriseteam er ein av medlemmane ein representant frå kirka, det er ofte menighetens prest eller diakon som då er representert. I nokon kommunale kriseteam er ikkje kirka representert med eit regulært medlem, men står på ei tilkallingsliste og blir tilkalt i ein stor andel av tilfellene der kriseteamet rykker ut (Dyregrov et al 1998).

Kirka er også ofte ein sentral aktør når ei ulykke rammer eit lokalsamfunn, også utanom rolla i det kommunale kriseteamet. Det er i seinare år blitt verdsatt å ha kirka som ein samlingsstad når ei krise rammer, til dømes ved større ulykker eller traumer. Sjølve ramma på samlingane har ikkje alltid eit klart kristent uttrykk, men å bruke kirka er ei ramme mange verdsetter (Angell og Kristoffersen 2005; Danbolt og Stifoss-Hansen 2007).

Kapittel 3 Metode

Formålet med studien er å belysa samt oppnå auka kunnskap kring dei ulike aspekta i problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. I denne studien søker eg å finna ut i kor stor grad det er av betydning for konfidenten å få benytta sitt morsmål i ein livsfase som medfører krise og sorg.

3.1 Metodevalg

Som tidlegare nevnt er det for studien valgt kvalitativ metode med ein hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming. Eg vurderte metoden som den som best ville belysa dei ulike aspekta ved problemstillinga samt bidra til å oppnå auka kunnskap kring tematikken, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. Materialet i studien er innhenta gjennom kvalitative forskningsintervju med seks informanter.

Ei fenomenologisk tilnærming tar sikte på å gi ein mest mogleg nøyaktig samt truverdig og pålitelig framstilling av innsamla materiell, då ein i intervjuet skal lytta på ein fordomsfri måte og la informanten beskriva sin subjektive forståelse av tematikken i problemstillinga, med minst mogleg påvirkning av forskers forforståelse for tema. Hermeneutikken peiker på at det er uungåelig at forskars forforståelse er ein del av fortolkingsramma, men at ved å vera

bevisst sin forforståelse kan ein som forskar bidra til at den i minst mogleg grad påvirker informantens subjektive beskrivelse av sin forståelse av fenomenet samt at ein som forskar er open for å justera sin forforståelse av fenomenet (Johannesen, Tufte og Christoffersen 2010; Kvale 2006).

Når ein velger ein hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming finnes det vanligvis teorier som ein tar utgangspunkt i, som belyser det valgte temaet. Utfordringa er at det eksisterer lite empirisk forskning som direkte omhandler temaet for studien, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg. Eg tar difor utgangspunkt i dei beskrivelsane som finnes i litteraturen, som peiker på at det er av betydning at ein får bruka sitt morsmål i ein livsfase som medfører krise og sorg, sjølv om empirisk forskning er høyst mangelfull. Det tas også utgangspunkt i beskrevet støttelitteratur frå relevante fagområder for å belysa ulike aspekt ved problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder.

3.2 Utvalg av informanter

For å belysa og finna svar på problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder, brukte eg ein del tid på å finna det utvalget av informanter som kunne vera mest relevant, også i forhold til at oppgåva er skrevet innanfor fagområdet diakoni. Det er følgelig tatt utgangspunkt i kommunale kriseteam og intervju med den kirkelige representanten i disse, med ein utvalgsstørrelse på seks informanter i seks ulike kommuner.

Utvalgsriteriet er satt som den kirkelige representanten i det kommunale kriseteamet i kommune som er del av forvaltningsområdet for samisk språk.

Andre vurderinger som ble vektlagt i utvelgelsen av informanter var demografiske forhold. Eg hadde eit ønske om å dekkja eit tverrsnitt av samiske områder, der kommuner der samisk befolkning tilhøyrrer minoriteten samt kommuner der samisk befolkning tilhøyrrer majoriteten var representert.

Kritiske vurderinger i forhold til utvalg av informanter er beskrevet mot slutten av kapitlet.

3.2.1 Utvalgsstrategi

Det vart for denne studien gjort eit *strategisk utvalg* når eg skulle finna fram til informanter. Det er ein av dei vanlegaste utvelgelsesstrategiane i kvalitativ forskning, der målet jo er å få med mest mogleg relevant informasjon i det innsamla materialet; utvalget blir då gjort ut frå det som er mest hensiktsmessig for forskninga (Johannesen et al 2010).

Informanten som ble valgt er den kirkelige representanten i det kommunale kriseteamet i kommuner som er del av forvaltningsområdet for samisk språk. Kriteriene som ble satt tar utgangspunkt i problemstillinga for studien, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. Kriteriene som ble satt er, fagperson i det kommunale kriseteamet samt kommune som er del av forvaltningsområdet for samisk språk. Dermed berører kriteriene sentrale områder i problemstillinga, *arbeid med krise og sorg* samt *samiske områder*. Fagpersonen i kriseteamet, den kirkelige representanten, ble valgt ut frå fagområdet for oppgåva, diakoni.

Eg tok utgangspunkt i kommuner som er innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk, områder der forholda på ein særskilt måte er lagt til rette for bruk av samisk språk i det offentlige tjenestetilbudet. Kommuner som er innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk vart valgt fordi eg ønska å finna kommuner der fokus på samisk språk og kultur i utgangspunktet hadde like vilkår, uavhengig av om samisk befolkning tilhørde majoriteten eller minoriteten i kommunen. Innsamla materiell er sammenlignbart, då utvalgskriteriene er like, den kirkelige representanten i det kommunale kriseteamet i forvaltningsområdet for samisk språk. Eg valgte bevisst kommuner der samisk befolkning representerer både majoriteten og minoriteten i befolkninga, dette for å undersøka om funna varierer i forhold til demografiske forhold. Eg ønska å undersøka om det var forskjell i fokus på betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i forhold til om samisk befolkning tilhørde majoriteten eller minoriteten i kommunen. Med dette som bakgrunn, for å få maksimum variasjon innanfor det utvalget som vart studert, vart det valgt kommuner innanfor forvaltningsområdet for samisk språk, spredt over eit stort geografisk område, som dekker store delar av den norske delen av Sápmi.

3.2.2 Rekruttering av informanter

Eg laga ein oversikt over og foretok ein gjennomgang av kommunale kriseteam i kommuner som er innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk. Deretter vart det foretatt eit utvalg av desse igjen, der kommuner der samisk befolkning både tilhøyrer minoriteten og majoriteten skulle vera representert. Deltagelse i intervju vart først avklart med ledaren i dei respektive kriseteama før informanten ble kontakta. Ledaren for kriseteamet samt informanten ble tilsendt samme forespørsel, som forteller kort om min bakgrunn samt om bakgrunn for valg av tema for studien og intervjuet. Deltagelse i intervju vart bekrefta av informant med eit skriftlig samtykke. Det ble oppnådd 100% svarprosent på utsendte forespørsler og 100% deltagelse på intervjuer.

3.3 Utforming av intervjuguide

Eg valgte semistrukturerte intervju, som tillater at informant kan reflektera fritt undervegs i intervjuet. Intervjuguiden består av sju spørsmål med tilhøyrande underspørsmål. Det vart stilt nokon innledande spørsmål som ledar fram mot spørsmål som meir direkte omhandler temaet for problemstillinga. I dei innledande spørsmåla i intervjuguiden ble det vektlagt å kartlegga informantens kunnskap kring samisk språk og kultur i den respektive kommunen samt i kor stor grad samisk språk og kultur vart vektlagt i arbeidet til det kommunale kriseteamet. Det vart deretter spurt om korleis ein tar hensyn til samisk språk og kultur i det utadretta arbeidet til det kommunale kriseteamet. Vidare er det fleire spørsmål som omhandler kva informanten tenker er viktig for konfidenten som tilhøyrer samisk befolkning og kva rolle informanten tenker samisk språk som morsmål har i deira kontekst.

I intervjuene la eg opp til ein samtale kring temaene der direkte spørsmål ble stilt, men der formen var noko mjukare for at intervjuar ikkje skulle bera preg av eit avhør, men meir som ein samtale kring tematikken for oppgåva, for å tilstreba ein hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming (Kvale 2006). Informanten vart på forhånd informert om temaet for intervjuet og fekk informasjon om studien og bakgrunnen for tematikken; sjølv intervjuguiden vart ikkje tilsendt.

3.4 Utføring av intervjuer

Utføringa av kvart enkelt intervju viste seg å bli ein todelt prosess. Første delen i prosessen innebar ei lang reise, ofte til ein ukjent stad og ukjent kontekst. Den lange reisa gav rom for refleksjoner kring samisk befolkning i desse områdene, deira vilkår opp gjennom historien samt undring kring deira vilkår i dag.

Andre delen av prosessen var sjølve intervjuet. Intervjuformen som ble valgt er eit kvalitativt, semistrukturert intervju. Det semistrukturerte intervjuet er basert på ein intervjuguide som tillater at intervjuet kan bære preg av ein samtale snarare enn eit avhør; det opnar opp for at ein ikkje treng å følge spørsmålsrekkefølga slavisk, men kan vera fleksibel dersom informant endrer tema undervegs, til dømes berører spørsmål som kjem seinare i intervjuguiden (Johannesen et al 2010; Kvale 2006).

Ein del informasjon frå informanten kom også fram i forkant og etterkant av intervjuet. Informanten delte her ofte viktig informasjon. Dersom denne informasjonen kom i forkant av intervjuet forsøkte eg å fletta den inn i intervjusituasjonen, slik at informasjonen vart del av det innsamla og transkriberte materialet. Andre gonger igjen vart det ikkje tatt med men vart allikevel ein del av refleksjonen eg gjorde i etterkant av intervjuet og som uungåelig var med å farga analysen.

For at intervjuet skal ha best mogleg kvalitet og for at innsamla materiell skal ha høgast mogleg grad av truverdighet, spelar sjølve intervjusituasjonen ei sentral rolle. Det skal innledningsvis skapast trygghet og skapast ein atmosfære som bidrar til at informanten opplever å kunna snakka mest mogleg fritt og opent kring temaet, dette grunnlaget er det forskaren som må leggja. For å fremma openheit hadde eg tilegna meg noko lokalkunnskap om kommunen og området. Reisa til dei ulike kommunane gav meg også mange inntrykk, som bidro til å skapa refleksjoner kring problemstillinga og ei ramme kring intervjuet som også bidro til å skapa openheit (Johannesen et al 2010; Kvale 2006).

Utfordringen i intervjusituasjonen var å få informanten til å snakka fritt kring sine subjektive erfaringer kring tematikken, betydningen av bruk av morsål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. I forvaltningsområdet for samisk språk, som er eit innført politisk vedtak, er det gitt kva svar som er politisk korrekte i forhold til bruk av samisk språk; då det på tross av politiske vedtak eksisterer mangelfull bruk av samisk også her, var det viktig for meg å få fram kva faktorer som bidrar til det (Solstad et al 2012). For å få fram kompleksiteten ein veit eksisterer i forhold til samisk språk, kultur og identitet i områder der samisk befolkning

tilhører minoriteten, som beskrevet i forrige kapittel, måtte eg som forskar tidvis virka uvitande kring desse forhold samtidig som det jo var tydelig at eg kjente noko til forholda, gitt temaet for studien. Det var ved eit par tilfeller nødvendig å innta denne rollen for å få informant til å snakka fritt kring sine subjektive erfaringer utan at svara bar preg av å vera politisk korrekte. Det var ei krevande rolle å måtte innta, men nødvendig for å i størst mogleg grad oppnå pålitelige og truverdige svar.

Intervjuet ble tatt opp med båndopptaker og ble transkribert til tekst i ettertid.

3.5 Transkribering

Transkribering av intervjuene vart utført av underteikna. Dei vart først transkribert direkte, på informantens dialekt. Vidare vart sitatene som skulle brukast oversatt til bokmål. Dette vart gjort for å tilstreba anonymisering samt gjera sitatene lett tilgjengelige for lesaren. Intervjua ble etter transkribering høyrte gjennom i sin heilhet for å sikra at transkriberingsteksten ordrett samsvarte med opptaket.

Intervjuene hadde ein varighet på 40 til 90 minuttar. Stemmevariasjonar, kor hurtig informant snakker eller uttrykker seg i besvarelsen av spørsmåla, gjer at dei kortaste intervjua kan innehalda meir tekst enn dei intervjua som er av lengre varighet.

I transkribering av intervjuer er det mykje informasjon som ikkje kjem fram. Blant anna er kroppspråket og toneleiet ikkje tilgjengelige i det transkriberte materialet. Desse nyansane er allikevel del av tolkingsmaterialet i analysen (Kvale 2006).

3.6 Analyse og drøfting

I analysen av innsamla materiell er informantens forståelse for tematikken forsøkt framstilt på ein truverdig måte, for å la informantens beskrivelse av sin virkelighet i forhold til problemstillinga koma tydeleg fram. Bruk av valgte metode, med ein hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming, bidrar til mest mogleg pålitelighet og truverdighet, i forhold til å belysa tematikken i problemstillinga. For at kvaliteten på innsamla materiale skal vera tilfredstillande, må utvalg av informanter, intervjusituasjonen samt observasjoner og analyse vera tru mot metoden som er valgt, og i forhold til ein fenomenologisk tilnærming må prosessen derfor vera prega av at forskars forforståelse i minst mogleg grad påvirkar heile prosessen, frå utvalg av informant, gjennomføring av intervju samt analyse av innsamla materiale (Johannesen et al 2010; Kvale 2006).

Når eg vidare skal vurdere analysen av innsamla materiale opp mot kontekst og relevant teori, synes det naturleg å i tillegg til ein fenomenologisk tilnærming også benytte tilnærminga som hermeneutikken representerer. Ved å bringa inn hermeneutikken kan ein også inkludera egen forforståelse i drøftinga, der analyse av innsamla materiell blir drøfta i lys av eksisterande teori, for å kunna belysa samt oppnå auka kunnskap kring problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. Ein hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming tillot at eg kunne fortolke innsamla materiell i lys av teori, der min egen forforståelse også var del av fortolkingsramma.

Der fenomenologien søker å i minst mogleg grad la egen forforståelse påvirka intervjuet samt analysearbeidet søker hermeneutikken å inkludera egen forforståelse i prosessen, ved å tolka innsamla materiell i lys av egen forforståelse samt teori. Ved å følge den hermeneutiske sirkel gjennomgås innsamla materiell med det for auga å forstå informanten si fortolking, egen fortolking samt kva teorien seier om betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder, og slik oppnå kunnskap som i størst mogleg grad er påliteleg og truverdig.

Det å skulle undersøke eit fenomen gjennom ein hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming fordra at eg søkte å auka egen forståelse gjennom informantens forståelse for fenomenet. På den måten kan eg oppnå ein auka forståelse for fenomenet, også der det opptrer i ein kontekst som oppleves som fremmed for forskeren, slik samisk kontekst i stor grad var for min del. For å kunna oppnå auka forståelse må ein som forskar søka å forstå sitt eget fortolkingsmønster, kvifor ein har den forforståelsen ein har kring fenomenet. Først når ein forstår sitt eget sett av

fortolkinger kan ein møta og forstå informantens fortolking (Johannessen et al 2010; Everett og Furseth 2008).

Det var undervegs i prosessen utfordrande å bruka hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming, då eg måtte åpne for at andre, her informantens, forståelse av fenomenet kunne bidra til at min egen forforståelse måtte justerast. Men sidan egen forforståelse bygger på relativt liten erfaring samt at det finnes lite litteratur og forskning kring temaet, var det eit sterkt ønske å framstilla innsamla materiell frå informanter med erfaring kring tematikken samt analysera deira beskrivelse av fenomen i problemstillinga på ein mest mogleg truverdig måte; dette for å få belysa dei ulike aspekt ved problemstillinga samt finna fram til svar som var mest mogleg pålitelige. Det vart derfor valgt kvalitativ metode med ein hermeneutisk-fenomenologisk tilnærming.

3.7 Studiens pålitelighet, truverdighet, overførbarhet og bekreftbarhet

I all forskning er det sentralt at kvaliteten er tilfredstillande. I kvalitativ forskning fins det ulike begrep som alle bidrar til å måla kvaliteten på forskninga som er gjort; desse begrepa er pålitelighet, truverdighet, overførbarhet og bekreftbarhet (Johannesen et al 2010; Kvale 2006).

3.7.1 Pålitelighet og truverdighet

For å kunna imøtekomma og ivareta samisk befolkning på ein best mogleg måte i arbeid med krise og sorg er det av stor betydning at studien har høgast mogleg grad av pålitelighet og truverdighet. I det å tilstreba høgast mogleg grad av pålitelighet og truverdighet på studien er alle ledd i prosessen sentrale, frå utvalg av informanter blir gjort og heilt fram til konklusjonen på studien. Ein open og transparent beskrivelse av framgangsmåte er avgjerande og er vektlagt i denne studien. Analyse av innsamla materiale står sentralt i studien, og eg har forsøkt å ikkje overtolka informantens beskrivelser. Eg har valgt å ta med mange og fyldige sitater slik at informantenes synspunkter kjem tydelig fram. I kvalitativ forskning blir begrepa pålitelighet og truverdighet brukt der reliabilitet og validitet blir brukt i kvantitativ forskning. (Johannesen et al 2010).

3.7.2 Overførbarhet

I kvalitative studier bruker ein ofte begrepet overførbarhet der ein i kvantitative studier bruker begrepet generaliserbarhet (Johannesen et al 2010). I forskning søker ein å finna fram til svar og auka kunnskap som ikkje kun er gjeldande for den eine studien og tematikken den omhandler, men er ein kunnskap som også kan overførast til andre og liknande områder. For denne studien er slutningane eg kjem fram til, som gjeld for samisk befolkning, overførbare også til andre etnisiteter. Betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg har også eit allmenngyldig aspekt, noko funn i litteraturen også peiker på; funna blir nærmare omtala i neste kapittel. Det at tematikken og mykje av slutningane i denne studien er allmenngyldige gjer tematikken enno meir engasjerande og viktig.

3.7.3 Bekreftbarhet - objektivitet

Interessen for tematikken i problemstillinga starta med erfaringsbasert kunnskap, det var difor uungåelig at egen forforståelse for temaet prega besvarelsen av problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. I hermeneutikken blir det beskrevet som uungåelig at egen forforståelse påvirker forskning. Forsker bruker i intervju-situasjonen kun seg sjølv som instrument for å samla inn samt analysera materiell, det er då uungåelig at fortolkinga ikkje blir påverka av forskars egen forforståelse av temaet. Men for å få ei mest mogleg pålitelig og truverdig framstilling av informanters forståelse for og beskrivelse av fenomenet, er det nødvendig at eg som forskar trer til side, er bevisst egen forforståelse og forsøker å opptre mest mogleg objektivt gjennom prosessen med å samla inn materialet, for at resultatet på besvarelsen av problemstillinga skal ha høgast mogleg grad av pålitelighet og truverdighet. Det er ein bevissthet eg har forsøkt å ha med gjennom alle ledd i denne studien.

3.8 Kritisk vurdering av valg av metode

Undervegs i prosessen med å velga ut informanter kom eg på fleire argument som tala mot utvelgelsen som ble gjort. Problemstillinga omhandler konfidenten, som då står fram som den naturlige primærkilden i det å besvara problemstillinga, medan det er ei sekundær kilde som blir valgt ut som informanter for å besvara problemstillinga. Sidan egen forforståelse kring temaet oppstod gjennom egen erfaring som ansatt i eit helseforetak i samiske områder, var det eit ønske å undersøka korleis andre profesjonelle hjelpearar erfarte fenomenet, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder.

I lys av engasjementet som eg kjenner fortsatt eksisterer, hadde det vore utfyllande å også høyra konfidentens røyst. På den andre sida ville konfidentens røyst aleine heller ikkje fylt ut heile bildet, sjølv om den blir ansett som den viktigaste i det å verifisera funna i denne studien. Det hadde også vore ønskelig med eit større utvalg enn det denne studien gir rom for, dersom konfidenten skulle velgast som informant, for å oppnå høgast mogleg grad av pålitelighet samt truverdighet av innsamla materiell og funn i analysen.

Dersom konfidenten skulle velgast som informant foreligger det også fleire utfordringer. Det asymmetriske forholdet som eksisterer når ein som forsker representerer det offentlige hjelpeapparatet samt språklig tilhøyrrer den norske majoriteten, kan bidra til at svara og funna manglar pålitelighet samt truverdighet, fordi svara vil bera preg av at det eksisterer ein asymmetri, skapt av historiske forhold, som er nærmare beskrevet i presentasjon av kontekst.

Tidlegare forskning i samiske områder beskriver dette, at innsamla materiell kan mangla pålitelighet og truverdighet då informanten med samisk bakgrunn ofte gir det svaret som ein trur forskaren, tilhøyrrande majoritetsbefolkninga vil ha, grunna frykt for å oppleve stigma. Det foreligger såleis mange element som kan påvirka konfidenten til å oppgi andre svar enn om forskaren hadde vore samisktalande eller hadde hatt samisk som morsmål.

Førstevalget ville vore å ha konfidenten som informant, men det ville kreva meir i forhold til planlegging, i forhold til at eg då ville stilla spørsmåla på samisk, der konfidentens har det som morsmål, ved bruk av tolk samt at bruk av tolk er omdiskutert fordi svara som blir gitt allikevel kan vera farga av at forskaren, som svara er retta mot, fortsatt tilhøyrrer majoritetsbefolkninga. Det vil likevel vera ønskelig å gjennomføra studier der informanten tilhøyrrer samisk befolkning, og eg meiner og håpar det kan forsvarast at forskar tilhøyrrer norsk majoritetsbefolkning, dersom ein viser til at ein innehar høg grad av kulturell kompetanse innanfor samiske områder, med den kompleksiteten som eksisterer kring samisk

identitet samt samisk språk og kultur, og at det vidare kan føra til større pålitelighet og truverdighet på innsamla materiell. For å oppnå høg grad av truverdighet blir det nevnt at det er viktig å skapa tillit og bruka tid for å kunna forstå eit fenomen betre ved å slik bli bedre kjent med konteksten; då blir det foreslått å bruka fleire metoder, til dømes observasjoner i tillegg til intervju (Johannesen et al 2010).

Dette blir foreløpig tanker kring korleis ein kan oppnå høg grad av pålitelighet samt truverdighet ved å ha konfident tilhøyrande samisk befolkning som informant samtidig som ein som forsker tilhøyrer norsk majoritetsbefolkning; noko som er interessant å utforska samt diskutera vidare, men var ikkje ein aktuell innfallsvinkel for denne studien gitt dei rammer og begrensinger som er gitt.

3.9 Etiske vurderinger

Då utvelgelsen av informanter var gjort ble det sendt ein forespørsel til NSD, Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste, som godkjente tilsendt prosjektopplegg for studien. NSD samt informanter ble underrettet underveis om endring av dato for prosjektavslutning.

I rekrutteringsprosessen av informanter ble det sendt ut ein skriftlig foresørsel der informant gav eit skriftlig samtykke til deltagelse i intervju. Forut for utsendelse av forespørselen ble det klarert med ledaren for det respektive kommunale kriseteamet.

Opptak av intervju samt transkribering av desse ble oppbevart på forskriftsmessig måte, der kun underteikna har hatt tilgang til materialet.

Samiske områder, med dei kommuner som er innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk, utgjer eit begrensa antall, og når informanten er den kirkelige representanten i dei kommunale kriseteama blir det eit lite utvalg som gjer at det å anonymisera blir ei utfordring. Eg har difor valgt å ikkje markera dei ulike informanters uttalelser og sitat med nummer eller fiktive navn, for at kvar enkelt informants uttalelser ikkje skal bli gjort til gjenstand for spekulasjoner i forhold til identitet; dette for å i størst mogleg grad ivareta deira anonymitet samt mi taushetsplikt.

Der det er pauser i sitata markert med (...) betyr det at sitatet ikkje er sammenhengande tekst, men satt sammen av fleire setninger i samme avsnitt.

Kapittel 4 Presentasjon av teori

Sidan det eksisterer lite empirisk forskning kring tematikken, betydningen bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg, var det nødvendig å søka til relevante fagområder som omhandler temaet. For å oppnå ein auka forståelse i forhold til temaet samt belysa ulike aspekt ved problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder, er det nødvendig at den teoretiske fortolkingsramma inneholder teori som favner vidt og som inkluderer fleire fagfelt. Det er i teoridelen henta element frå samfunnsvitenskapelige fag; frå faget lingvistikk, med ein sosiolingvistisk tilnærming til temaet, samt faget sosiologi, der ein sosiokulturell tilnærming til temaet er valgt. Det var også behov for å skapa ei kontekstuell fortolkingsramme, der historiske element som har påverka samisk språk og kultur blir inkludert. Med denne fortolkingsramma som grunnlag blir deretter tematisk teori, i form av krise- og sorgteorier innanfor psykologi og psykiatri presentert.

4.1 Betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg

Følgande sitater er dei mest relevante funna som er gjort i litteraturen, som konkret omhandler studiens tematikk; sitata er i denne studien er det nærmaste eg kjem ein teori, der sitata samla omhandler og besvarer problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg. Sitata omhandler tematikken generelt og nokon nevner samisk kontekst spesielt. Sitatene er henta frå nasjonale publikasjoner, NOU'er, artikkel frå Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress samt retningslinjer for bruk av samisk tolk, utarbeida av helsekompetanse.no, som er ein seksjon under Nasjonalt senter for samhandling og telemedisin.

I en krise- eller sykdomssituasjon vil ferdighetene i et andrespråk - språk som er tillært i tillegg til morsmålet (førstespråket) - kunne bli sterkt redusert. (NOU 2014:8:18)

Krise, stress eller sykdom kan medføre at det er vanskelig å uttrykke seg på andre språk enn morsmålet. (Skøggøy 2008:40)

Nokon beskrivelser av betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i litteratur som spesifikt retter seg mot samisk kontekst.

Helsepersonell må være oppmerksomme på at pasienter, som er i stor krise eller har gjennomgått traumer, helt eller delvis mister evnen til å kommunisere på annet enn sitt førstespråk. Dette kan medføre at personer som til daglig er to- eller flerspråklig bare kan kommunisere på sitt førstespråk. (helsekompetanse.no 20.11.2015)

Gjennom erfaringer fra samiske områder så vel som fra forskning omkring tospråklighet, er det kjent at man i krisesituasjoner kan være nødt til å bruke sitt morsmål, eller sitt førstespråk for å uttrykke seg godt nok om personlige spørsmål. (NOU 1995:6:67)

4.2 Krise- og sorgteori

4.2.1 Definisjoner og begrepsavklaringer

Ordet krise kjem av det greske ordet *crisis*, som betyr avgjerande forandring. Kriser blir i litteraturen ofte delt inn i utviklingskriser og traumatiske kriser. Ordet krise i denne oppgåva er i betydningen traumatisk krise. Ein opplevelse av krise inntreer når ein befinn seg i ein livssituasjon der tidlegare erfaringer og innlærte reaksjoner ikkje er tilstrekkelig for å forstå og beherska den situasjonen som har oppstått (Cullberg 1999; Dyregrov 1997). Den kjende svenske psykoanalytikeren Johan Cullberg (1999) definerer ei traumatisk krise som ein hendelse som fører til at ein person psykisk opplever at vedkommande sin fysiske eksistens, sosiale identitet og trygghet eller grunnleggande livsmuligheter er trua.

Sorg blir definert som ein emosjonell respons på tap som viser seg med ulike psykiske og fysiske reaksjoner. Tapet kan dreia seg om ein nær relasjon eller tap av funksjon etter ei ulykke som igjen kan føra til tap av viktige bestanddeler i livet, som til dømes tilhørighet i arbeidslivet. Sorgprosessen artar seg forskjellig frå menneske til menneske og mange ulike faktorer spelar inn i korleis ein opplever ein fase med sorg. Kultur er ein faktor som kan spela ei rolle i korleis ein opplever og håndterer sorg (Stroebe et al 2003).

4.2.2 Historisk perspektiv

Å finna teorier som knytter det kulturelle og språklige aspektet inn som betydningsfullt i arbeid med krise og sorg var ei utfordring. Det fins mange teorier som omhandler krise og sorg. Dei peiker på reaksjonsmønster og mulige terapeutiske intervensjoner i møte med mennesker i krise og sorg. Ein kan finna teorier som utelukkande omhandler krise og andre igjen som kun omhandler sorg, men i nyare teorier ser ein ofte at dei to overlapper kvarandre, begge aspekt blir belyst. Klassiske sorgteorier er kritisert for ikkje å ha med kriseaspektet og korleis det påvirker forløpet i ein sorgprosess. På samme måte er tapsopplevinga lite beskrevet i litteratur som omhandler kriser utløyst av traumer (Bugge, Eriksen og Sandvik 2003).

Nyare forskning viser at korleis hendelsesforløpets karakter i stor grad påvirker forløpet i ein sorgprosess. Det blir peika på at *brå* tap av nær relasjon påvirker forløpet og har større helsemessig konsekvens enn ved *forventa* tap av nær relasjon. Hendelsesforløpet påvirker også grad av traumatisering. Der hendinga som fører til brått tap av nær relasjon bærer preg av vold, direkte traume og sterke sanseintrykk er belastninga stor. Dersom ein i tillegg var vitne til hendinga er det ei tilleggsbelastning som virker svært traumatiserande. Nyare krise- og sorgteori inneheld ofte begge aspekt, sorgprosessen samt bearbeiding av traumer (Bugge et al 2003; Dyregrov 1997 og 2006).

Sorgteoriane forsøker å forklara reaksjonane ut frå allmenngyldige perspektiver samtidig som ein vektlegg enkeltindividets perspektiv. Individets sosiale relasjonar er i klassiske sorgteorier ofte omhandla for å forklara enkeltindividets reaksjoner på tap av nær relasjon. Nyare sorgteorier peiker på at enkeltindividets forhold til sosiale relasjonar og sosiale system har betydning for korleis forløpet i sorgprosessen vil arta seg. Det blir peika på at omgivelsane til enkeltindividet spelar ei stor rolle i korleis forløpet artar seg i ein sorgprosess; forløpet er også basert på det sett av livserfaringar kvart individ har med seg i møte med ulike hendinger i livet (Bugge et al 2003; Stroebe og Schut 1999).

Den mest brukte reine kriseteorien er utarbeida av den svenske psykiateren Johan Cullberg (1999). Hans teori er klassisk og blir nytta i mange fagmiljø også i nyare tid. Hans teori deler krisebegrepet inn i utviklingskriser og traumatiske kriser. Mange av dei klassiske sorgteoriane er utarbeida av psykologer, som Sigmund Freud, Erich Lindemann, William J Worden, John Bowlby. Deira teorier har vore mykje brukt innanfor ulike fagfelt i arbeid med mennesker i krise og sorg (Bugge et al 2003).

Mange av dei klassiske teoriane deler forløpet i sorgprosessen inn i faser, er såkalla fasemodellar. Dei er bygd opp rundt teorien om at ein gjennomgår ulike faser i bearbeidinga av ei hending som medfører krise og sorg. Denne inndelinga i rigide faser med eit strømlinjeforma forløp møter ein del kritikk, som fører til at det på 80- og 90—tallet kom eit paradigmeskifte innanfor krise- og sorgteorier. Mange tok til orde for at ein ikkje kan forvente ein lineær prosess i bearbeiding av sorg, men at sorgprosessen er ein dynamisk prosess der ein vekselvis beveger seg mellom dei ulike fasane, av til dømes benekting og bearbeiding. Sorgprosessen blir ikkje lenger sett på som ein rigid prosess der ein beveger seg frå fase til fase i ei lineær retning til ein er ferdig med alle og så har brutt kontakten med den avdøde og har avvikla sorgen. Ein ser på sorgprosess som ein livslang prosess og at målet ikkje må vera å avvikla sorgen og å gløyma avdøde. Målet blir å gradvis tilpassa seg eit liv utan avdøde utan at ein gløymer vedkommande. Det medfører ein del arbeid med reorientering i forhold til drøymer og planer ein hadde saman med vedkommande. Ein har etter denne prosessen endra seg som menneske.

Tradisjonelle sorgteorier er også kritisert for å ha for mykje fokus på individet. Dei tar i liten grad hensyn til konteksten individet står i og i kor stor grad det er med på å påvirka den enkeltes sorgprosess. Tanken er at ein gjennomgår og bearbeider sorg ulikt og at den nye nye måten å tenka sorgprosess på styrker fokuset på konteksten konfidenten befinn seg i, korleis nettverket er og i tillegg element som tidlegare i liten grad har blitt vektlagt, som kulturelle faktorer, som tradisjoner og språk. Stroebe og Schut er dei som har opna for at også kulturelle element kan vera med på å påvirka korleis sorgprosessen for den enkelte forløper. Denne vinklinga er enno i startfasen, men Stroebe og Schut (1999) åpner for at desse elementene er av betydning for sorgprosessen og bearbeiding av traumer og etterlyser meir forskning kring dette, kor stor betydning det spelar, korleis det skal vektleggast og bringast inn i arbeid med mennesker i krise og sorg. Felles for dei klassiske teoriane og dei nyare teoriane er at det er individuelle hensyn i ein sorgprosess (Bugge et al 2003; Dyregrov 1999; Stroebe og Shut 1999).

4.2.3 Stroebe og Shuts to-prosessmodell

Det er mange som har utforma krise- og sorgteorier ut frå den nye modellen, at sorgprosessen ikkje er lineær men at det foregår ein bevegelse der ein veksler mellom dei ulike fasane. Scneider omtala dette tidleg på 80-tallet og seinare kom også Wortmann og Silver som samarbeider tett med Stroebe og Schut (2003). Når det gjeld å bringa inn element rundt konfidenten som er med å avgjera og påvirka korleis sorgprosessen blir, er det fleire som har forska på konfidentens nettverk og dets betydning på sorgprosessen. Men Stroebe og Schut er dei som først har sett breidare og også har inkludert element som kontekst, kultur og språk, i det å finna element som kan ha betydning for sorgprosessen og bearbeiding av traumer.

Margareth Stroebe og Henk Shut er to psykologiprofessorer frå Nederland som også kritiserer begrensningane som ligg i det å dela sorgprosessen inn i faser. Dei har saman utvikla ein teori som omhandler det dei kaller to-prosessmodellen. Den tar utgangspunkt i at ein i sorgen kontinuerlig beveger seg mellom to prosesser: å ha fokus retta mot tapet og å ha fokus retta mot det nye livet med dei utfordringer og muligheter som fins der. Den enkelte veksler slik mellom ei konfrontering med sorgen og dei konsekvenser det vil ha for kvardagen og det å unngå å forholde seg til sorgen, ei forneking av det som har skjedd. Dei beskriv sorgen som ein livslang og prosess. Der tradisjonelle sorgteorier ofte har som mål å bryte båndet med den eller det som forårsaker sorgen, er dette ikkje eit mål i seg sjølv hos Stroebe og Shut. Deira mål med sorgprosessen er å finna fram til ein meningsfull måte å leva med savnet av den døde på. Omgivelsene spelar ei sentral rolle i korleis denne prosessen forløper. Omgivelsane blir i modellen illustrert som ein sirkel som omslutter dei to prosessane den enkelte kontinuerlig beveger seg mellom. Omgivelsene består blant anna av familie og øvrige nettverk, kulturelle aspekter og andre element i kvardagslivet til den enkelte. Stroebe og Shut beskriver at over tid vil tapsprosessane bli stadig mindre og ein klarer å finna fram til ein måte å handtera kvardagen med tapet, men utan at det tar hovudfokus. Den sørgande pendler mellom taps- og gjenoppbyggingsprosesser, omslutta av sitt kvardagsliv. Over tid vil tapsprosessene bli stadig mindre. Stroebe og Schut (2003) problematiserer i kor stor grad elementa i omgivelsene, blant anna kulturelle aspekter, er med på å påvirka korleis sorgprosessen forløper. Dei beskriver også at ei ubearbeida sekundær sorg kan virka negativt inn på sorgprosessen i den primære sorga. Dei etterlyser vidare verktøy for å belysa nærmare kva rolle nettverk og kulturelle aspekt spelar og bringa det inn i arbeid med mennesker i krise og sorg (Stroebe og Shut 2003).

4.2.4 Ritualers betydning i krise og sorg

Kirka har lang tradisjon i forhold til å bistå mennesker i krise og sorg. Deira tjenester blir etterspurt i det å formidla budskapet om dødsfall til nære pårørande, ofte utført av presten. Det har også lenge vore kirkelege yrkesgrupper i form av prest eller diakon som har hatt samtaler med dei pårørande i forkant av ein begravelse. Det å inkludera kirka ved hendinger som utløyser krise og sorg i ein større målestokk, som ved større ulykker og katastrofer, tilhøyrer nyare historie. Litteraturen peiker på tida etter ulykka ved Alexander Kielland-plattformen i 1980 som eit skille i så måte. Kirka sine tjenester vart i større grad etterspurt og det vart vanleg å inkludera kirka i rituelle handlinger rundt tap av relasjonar, ved blant anna å arrangera opne minnegudstjenester.

I forskning kring ritualer ved ulykker og katastrofer viser litteraturen til tre perspektiver; dei tre er praktisk-teologisk, komparativt og funksjonelt perspektiv. Det komparative perspektivet blir behandla verdinøytralt idet ein vurderer det å ha behov for ritualer ved slike hendinger som allment menneskelig, på tvers av religion og livssyn. I analyse av det funksjonelle perspektivet er ein opptatt av kva betydning dei ulike ritualene har for enkeltindividet i sorgprosessen. Det bringer inn andre faggrupper som vurderer ritualene sitt funksjonelle perspektiv med ei helsefaglig, terapeutisk og psykologisk tilnærming (Stifoss-Hanssen 2009). Ein vurderer ulike retningar innanfor teologi i utarbeiding av ritualene og det fremmer eit tettare tverrfagleg samarbeid mellom prest og diakon. Dette gir seg uttrykk i at diakonen no også i større grad utfører liturgiske funksjoner som tidlegare var forbeholdt presten. Ein ser for seg ei vidare utvikling med fleire områder der desse to kirkelige faggruppene kan samarbeide og ha utbytte av kvarandre, i funksjoner i kirka og i samfunnet som har ein klar diakonal karakter (Angell og Kristoffersen 2005; Kjølås 2004; Stifoss-Hanssen 2009).

I sorg og krise er det tid for tilstedeværelse og stillhet, og for å erkjenna, også som kirkelig yrkesutøver, at ein ikkje forstår og ikkje finn ord. Etter Åstadulykka i januar 2000 vart det halden ei minnegudstjeneste der desse opningsorda falt: «...vi er kommet sammen for å be om hjelp.» Det er eit uttrykk for at me som mennesker er likestilte ovanfor slike hendinger; då kan det gi meining å stå saman i det å søka trøst, styrke og håp, frå noko utanfor oss sjølv (Danbolt og Stifoss-Hanssen 2007).

4.3 Språk i eit sosiokulturelt perspektiv

Lev Semjonovitsj Vygotskij (1896-1934) var ein av grunnleggarane av den kulturhistoriske tilnærmingen innanfor psykologien. Han studerte blant anna medisin, jus, historie og filosofi.

Kultursamfunn har oppstått sent i den menneskelige evolusjonen. Men når mennesket først omformer natur til kultur, vil det i sin e gen vidare utvikling selv ta preg av den kulturen som omgir det. En av Vygotskijs banebrytende ideer var at også menneskelig tenkning og språkbruk er knyttet til kulturell utvikling. (Skodvin 2006:226).

Vygotskij tilnærma seg begrepet kultur gjennom å forklara barns utvikling ut frå eit kulturpsykologisk perspektiv. Mykje av hans teori kan og anvendast også på enkeltindivid generelt, også for vaksne. Han omtalte ulike kulturelle redskaper som element enkeltindividet må tilegna seg for å tilpassa seg ein kultur og bli i stand til å kommunisera tilfredstillande og kompetent innanfor denne kulturen. Språk blir nevnt som ein av dei kulturelle redskapene ein då treng tilegna seg. Men språk aleine er ikkje tilstrekkelig i det å kunna kommunisera og fortolka tilfredstillande i ein gitt kultur. Også måten ein forteller på, den narrative kommunikasjonstradisjon er med på å påvirka den kognitive vurderinga ein gjer av omverda og dei andre; det blir i litteraturen nevnt som språklige uttrykksformer og fortellinger, og er eksempel på kulturelle verktøy ein må ha tilegna seg for å forstå og bli forstått i innanfor dei gitte kulturelle rammer (Hundeide 2006).

Dei kulturelle redskapene legg såleis grunnlaget for og former dei kognitive strategier og forståelse enkeltindividene velger, våre forestillinger av omverda. Redskapene er også med på å forma det sett av emosjoner og idealer enkeltindividet innehar og blir styrt etter, og påvirker korleis ein skaper seg ei oppfatning av kva som vil gi enkeltindividet det liv som vil oppleves som godt og tilfredstillande. Det påvirker med andre ord korleis enkeltindivid tenker og kommuniserer på innanfor ein gitt kultur. Ved bruk av dei kulturelle redskapene kan enkeltindividet også tilpasse seg endringer og utvikling som kan oppstå innanfor ein gitt kultur. Sagt på ein anna måte, kulturelle redskaper er eit sett fortolkingsnøkler ein bruker i møte med omverda. utfordringer oppstår når enkeltindividet møter ein anna kultur, med det utgangspunkt det gir å ha tilegna seg dei tenkemåter og kommunikasjonsformer ein har i egen kultur. Egen kultur, eller det Vygotskij kaller sosiokulturelle rammer, kan vera ein kultur innanfor til dømes familien, i eit klasserom, ein etnisitet eller i eit geografisk avgrensa område. (Gulbrandsen 2006; Hundeide 2006; Skodvin 2006).

Innanfor dei gitte sosiokulturelle rammer opplever enkeltindividet ein virkelighet ein tar for gitt skal vera slik. Ein trur at alle opplever og oppfatter virkeligheten på samme måte som det ein sjølv gjer utan å reflektera nærmare over dette, ein tar det som gitt. Dei sosiokulturelle rammene er avgjerande for korleis ein samtaler, kva ein vektlegg, kva verdier ein anser som viktige, korleis ein forstår og oppfatter virkeligheten. På eit eller anna tidspunkt i tilværelsen møter dei fleste eit individ tilhøyrande ein anna kultur, med andre sosiokulturelle rammer. Ein blir då gradvis klar over at det også eksisterer andre sosiokulturelle fortolkingsrammer. Og for å imøtekomma den andre treng ein å setja seg inn i den andre sine fortolkingsramme. Ein må då tilegna seg den andres kulturelle verktøy, og læra å bruka dei. Då er det ikkje nok å tilegna seg språket aleine. Også andre forståelsesverktøy er nødvendige å tilegna seg. Slik ser ein at kultur og språk ikkje kan holdast adskilt i det å skulle tilegna seg kunnskap om ein anna kultur; ei heller er det nok å tilegna seg språket aleine. Det eine kulturelle verktøyet som språk er gir ikkje aleine dei ferdighetene ein treng for å kommunisera tilfredstillande innanfor ei gitt sosiokulturell ramme (Skodvin 2006).

4.4 Språk i eit sosiolingvistisk perspektiv

Innanfor faget lingvistikk finn ein området sosiolingvistikk som omhandler forholdet mellom språk og samfunn. Ei sosiolingvistisk tilnærming til emnet språk omhandler språket som eit sosialt fenomen. Relevante temaer innanfor sosiolingvistikken er holdninger til språk; korleis holdninger til eit språk utvikler seg og er med og påvirker kommunikasjon og samhandling mellom mennesker og ulike kulturer, samt temaene språk og etnisitet og språk og identitet (Garrett 2010).

4.4.1 Holdninger til språk

Holdninger til den andre blir ubevisst skapt i kommunikasjonen med vedkommande, måten ein uttrykker seg på, valg av språk, språktilhøyrighet, språkferdigheter, i kor stor grad ein behersker eit språk og taletempo er nokon av faktorane som bidrar til å påvirka våre holdninger til den andre.

Innanfor sosiolingvistikken omhandler begrepet, holdninger til språk, at bruk av språk som sosial fordel eller som diskriminering samt som eit ledd i eins sosiale identitet.

4.4.2 Språk og etnisitet – språk og identitet

I staden for begrepet *morsmål* er ofte begrepet *førstespråk* brukt i litteraturen. I det komplekse kulturelle og språklige landskapet som ofte eksisterer i samiske områder, og som er nærmere forklart i det kontekstuelle kapitlet, kan det vera nyttig å sjå på korleis begrepet morsmål er beskrevet innanfor fagområdet lingvistik. Begrepet morsmål blir i lingvistikken forklart ut frå fire ulike kriterier som alle gir definisjoner av kva morsmål er. Det første kriteriet er *opprinneskriteriet*, som beskriver det språket ein først lærer og som ein knytter sine første varige kontakter på samt lærer å sosialisera på. Det andre kriteriet er *identifikasjonskriteriet*, som forklarar morsmål som det språket ein identifiserer seg med (intern identifikasjon) eller det språket ein blir identifisert med (ekstern identifikasjon). *Kompetansekriteriet* forklaras ut frå at morsmålet er det språket ein behersker best. Det fjerde og siste kriteriet er *funksjonskriteriet*, som forklarar morsmål ut frå det språket ein bruker mest. I samiske områder vil det vera stor variasjon i forhold til kor mange av dei fire kriteriene for morsmål som vil vera oppfylt, mykje av årsaken ligg i tida med streng fornorskingspolitikk (Johansen 2009).

Etnisitet og identitet er to fenomener som har separate definisjoner, men som i sosiolingvistikken ofte blir satt saman i det å beskriva språk- og kulturtilhørighet som ein komponent som skaper identitet. Identitet kan skapast i samhandling mellom mennesker, i ein interaksjon der sosiale og individuelle faktorer danner grunnlaget for korleis ein sjølv framstiller seg og korleis omgivelsane oppfatter ein. Denne definisjonen av identitet er ikkje absolutt, men er resultatet av ein fortolkingsprosess som foregår i interaksjonen mellom mennesker (Johansen 2009).

Ein anna definisjon av identitet innanfor sosiolingvistikken er ein essensialistisk tilnærming, som beskriver identitet som noko uforanderlig hos enkeltindividet, då ofte sett i tilknytning til etnisitet. Ein etnolingvistisk identitet ser på sammenhengen mellom språk og etnisk identitet. Den ser på den sosialiseringa som foregår i starten på livet, der språk, morsmål, spelar ei sentral rolle i det å tilegna seg sin kulturelle tilhørighet, sin etniske identitet (Johansen 2009).

4.5 Kulturell kompetanse

Kultur blir definert som dei faktorer som påvirker og former den enkelte sin livsstil, identitet og den enkelte sitt forhold til og samspel med andre, både innanfor og utanfor eigen kultur (Papadopoulos 2010).

Fokuset på kulturell kompetanse finn ein innanfor fleire fagområder. Innanfor helse- og omsorgsfag vart fenomenet tidleg presentert og Irena Papadopoulos er ein av pionerane innanfor forskning på fenomenet kulturell kompetanse. Andre har også beskrevet og forska på temaet, Ramsden er ein av dei, ho brukar begrepet *Cultural Safety* i sin beskrivelse at samme tema (Ramsden 2002). Papadopoulos er professor i tverrkulturell helse og sjukepleie og er leidar for Research Centre for Transcultural Studies in Health i Storbritannia. Ho har i samarbeid med fleire utarbeida ein teori som skal bidra til å utvikla kulturelt kompetente profesjonelle utøvere. Hennes teori rettar seg mot alle faggrupper innanfor helse- og sosialfag og andre faggrupper som jobbar innanfor områder der klientene representerer ulike kulturbakgrunner (Papadopoulos 2010).

Definisjonen på kulturell kompetanse er: å vera i stand til å sikre helsehjelp ved å ta hensyn til kulturell lære, kulturelle holdninger og kulturelle behov (Papadopoulos 2010).

Å oppnå kulturell kompetanse er ein prosess samtidig som det er eit mål, eit resultat av heile prosessen. Modellen som er utvikla for å oppnå kulturell kompetanse inneholder fleire element som ei må innom i prosessen mot å bli kulturelt kompetent; desse er kulturell bevissthet, kulturell kunnskap, kulturell sensitivitet og til slutt kulturell kompetanse.

4.5.1 Kulturell bevissthet

Ein treng å vera bevisst sin eigen kulturelle identitet for å kunne forstå andre. Ein treng også bli gjort bevisst egne oppfatningar og holdningar når det gjeld andre kulturer, ein slags sjølvransakelse. Har ein nokon stereotype oppfatningar av andre kulturer? Har ein holdningar som stenger for målet, å oppnå kulturell kompetanse? Mange av dei holdningane og verdiane ein har befinn seg i underbevisstheten. Når då handlingane i stor grad blir påverka av det som ligg i underbevisstheten, kan dei holdningane og verdiane me har samla der føra til stereotype og etnosentriske handlingar mot mennesker tilhøyrande ein anna kultur enn den ein sjølv er ein del av. Ikkje alle er bevisst kva briller ein bruker for å sjå og vurdera omverda med, kva holdningar og verdier ein vurderer omverda ut frå, i denne delen av prosessen, fram mot å bli

kulturelt kompetent, må ein ta brillene av og vurderer om det krevst ei justering for å oppnå kulturell kompetanse.

Stereotype holdninger kan bidra til at ein ikkje møter mennesker med tilfredstillande kulturell kompetanse, etnosentrisme er eit anna hinder. Etnosentrisme er når ein oppfatter eigen kultur som overlegen den andres. I denne delen av prosessen, å bli kulturelt bevisst, tar ein fram verdier og holdninger frå underbevisstheten og blir meir bevisst på kva i underbevisstheten som er til hinder for at ein møter den andre med respekt og åpenhet; til det er det også nødvendig å kjenna seg sjølv og sin egen kultur. Ved å først utforska og forstå egen kultur og egne verdier og holdninger, finn ein verktøy for å med åpenhet og respekt forstå den andres kultur og livsverden bedre (Papadopoulos 2010).

4.5.2 Kulturell kunnskap

Kulturell kunnskap kan ein hente frå fleire fagfelt, eksempelvis antropologi, sosiologi og psykologi. Kulturell kunnskap kan ein tilegna seg ved gjennomgang av teori samt i samspelet med menneske frå andre kulturer. Kultur er ingen statisk kunnskap, men er dynamisk. Den endrer seg stadig og tilbudet ein gir må tilpassast individuelt, då kultur heller ikkje oppleves likt for alle innanfor samme kultur; det er derfor viktig å kombinera teori og samhandling med mennesker samt halda seg oppdatert (Eidheim og Stordahl 2004; Papadopoulos 2010).

Kulturell kunnskap bidrar til ein større innsikt i ulike kulturer; det tegner også eit større bilde av kva som påvirker korleis me samhandler med mennesker frå andre kulturer og kva krefter i samfunnet, i ulike delar av verda, som kategoriserer og bidrar til at noko etnisiteter blir prioritert framfor andre, til dømes kva gjeld helse og utdanning samt fattigdom, velstand og utvikling. Det å tilegna seg kulturell kunnskap kan bidra til at ein kan tilpassa til dømes helsetilbudet slik at det oppleves likt, uavhengig av kultur, ved å tilpassa tilbudet i forhold til blant anna kultur og språk, og ikkje minst det å inkludera den andre i korleis tilbudet best kan tilpassast (Papadopoulos 2010; Ramsden 2002; Smedley, Stith og Nelson 2003).

4.5.3 Kulturell sensitivitet

Kulturell sensitivitet er det avgjerande elementet, sjølvve essensen, i det å skulle utvikla eit hensiktsmessig og ekte personlig forhold konfidenten. Eit viktig element i det å skulle utvikla kulturell sensitivitet er korleis ein som profesjonell hjelper betrakter og vurderer konfidenten. Dersom ein ikkje betrakter konfidenten som likeverdig oppnår ein ikkje kulturell sensitivitet og ein risikerer å bruke sin posisjon på ein undertrykkande og nedlatande måte, ein bidrar til å skapa eit assymetrisk forhold mellom hjelper og konfident. For å behandla konfidenten som likeverdig er det nokre faktorer som må vera tilstades, desse er tillit, aksept, respekt samt det å vera omgjengelig og vera open for samhandling (Papadopoulos 2010).

Eit anna aspekt som fremmer kulturell sensitivitet er som hjelper å ikkje opptre som ekspert, tru at ein har forstått og er fullt ut kulturelt kompetent. Det er kun i møte med og i samspill mellom konfident og hjelper at ein kan utvikla seg til ein kulturelt kompetent hjelpar, og kun om alle element er tilstades; kulturell bevissthet, kulturell kunnskap og kulturell sensitivitet. I tillegg treng ein vera audmjuk, lydhør og open for korleis ein best mogleg kan møte konfidenten på ein måte der vedkommande opplever seg sett og møtt i forhold til sin kulturelle bakgrunn og blir møtt i forhold til sine kulturelle behov. Nærvær eller fravær av kulturell sensitivitet vil i stor grad påvirka forholdet mellom hjelper og konfident og vil vidare vera avgjerande for korleis kommunikasjonen forløper og korleis konfidenten opplever seg sett og møtt i forhold til kulturell bakgrunn og kulturelle behov.

Grunnlaget for forholdet mellom konfident og hjelper blir lagt i kommunikasjonen mellom dei to, og det avgjerande er om det her oppstår tillit. I samspelet mellom konfident og hjelpar er det i utgangspunktet alltid rom for misforståelsar, dette forsterkar seg der dei to tilhøyrer ulike kulturer. For at kommunikasjonen skal bli kulturelt sensitiv må ein erkjenne at det eksisterer utfordringer i tverrkulturell kommunikasjon og møte kvarandre med tillit og eit ønske om å oppnå tilfredstillande kommunikasjon, som bærer preg av kulturell kompetanse; der den andre opplever seg møtt med respekt, noko som krever kulturell sensitivitet, og opplever seg møtt i forhold til kulturelle element som til dømes språk, noko som krever kulturell kunnskap. Andre element som blir nevnt som viktige i kommunikasjonen er språkkunnskaper, nonverbal kommunikasjon i form av kroppsspråk samt kulturelt tilpassa kommunikasjon, i forhold til syn på helse og sjukdom samt forhold til begrepet tid (Hofman 2011; Papadopoulos 2010).

Dersom den kulturelle sensitiviteten er mangelfull kan det føra til brudd i kommunikasjonen og misforståelser som vidare kan påvirke til dømes eit behandlingsforløp. Mangel på kultursensitivitet kan føra til feilvurderingar, belastande kulturelle misforståelser og tankelaus atferd frå hjelparen. Det kan føra til at ein ikkje opplever seg sett og møtt i forhold til kultur og dersom konfidenten opplever rasistiske holdningar eller stereotypi, kan det bidra til at konfidenten ikkje meddeler sine behov, det oppstår eit tillitsbrudd (Hofman 2011). I andre tilfeller kan manglande kultursensitivitet føra til blokkert kommunikasjon, der konfidenten ikkje får meddelt viktige hendingar og tanker kring opplevelser av traumatisk karakter som treng bearbeidast gjennom ein profesjonell hjelpar. Ein kan såleis påføra konfidenten ein ytterlegare belastning som kan føra til at konfidenten vegrer seg for å oppsøka hjelpeapparatet igjen ved ein seinare anledning. Litteraturen viser også til at der konfidenten opplever manglande kultursensitivitet påvirker dette forventningane til hjelpeapparatet (Hanssen 2010; Hofman 2011; Papadopoulos 2010; Smedley et al 2003).

4.5.4 Kulturell kompetanse

For å oppnå det fjerde stadiet, kulturell kompetanse, er det ei forutsetning at dei tre foregåande elementene er inkludert og innøvd i refleksjon og i kommunikasjon. På dette stadiet er det viktig å vera i stand til å gjenkjenna og utfordra rasisme og andre former for diskriminering og nedlatande praksis.

På dette stadiet kan fokuset i større grad rettast mot kulturelle behov og ei meir detaljert planlegging av kulturelt tilpassa og skreddersydd tilbud. Erverva kunnskap, innanfor kulturell bevissthet, kunnskap og sensitivitet kjem her praktisk til uttrykk som kulturelt tilpassa tilnærming på grunn av ein kulturelt kompetent hjelpar (Papadopoulos, 2010). Dei verktøya denne prosessen gir setter hjelparen i stand til å stilla kulturelt relevante spørsmål og opnar for at konfidenten kan uttrykka sine ønsker, behov og preferansar, noko som vidare bidrar til at konfidenten opplever seg møtt på ein kompetent måte tilpassa sin kultur og sine behov (Hanssen og Alpers 2010; Papadopoulos 2010; Skoglund 2011).

Ideelt sett, i den multikulturelle verda me lever i, vil kvar enkelt kunna oppleva å møta kulturelt kompetente hjelparar med kulturelt tilpassa tilnærming, men slik er ikkje verda. Det er difor viktig at profesjonelle hjelparar også er med på å avsløra praksis der hjelpar opptre stigmatiserande og syner holdningar som er etnosentriske eller stereotype. Som kulturelt

kompetent skal ein vera eit forbilde i det å løfta fram holdningar som er kulturelt sensitive og eit forbilde i å ha ei individuelt tilpassa tilbud.

Det å oppnå kulturell kompetanse er ikkje eit arbeid som blir ferdigstilt, det er ein kontinuerlig og dynamisk prosess, på samme måte som enkeltindividet i ein kultur treng ulik tilpasning fordi kultur heller ikkje er statisk, men heile tida er i endring og oppleves individuelt. Jo meir generell kompetanse ein tilegner seg innanfor tverkulturelle fagfelt, desto lettare vil ein kunna tilpassa tilbudet spesifikt innanfor ein kultur og til enkeltindividet (Papadopoulos 2010; Ramsden 2002).

Kapittel 5 Analyse

Det er med ærbødighet og ydmykhet eg tar fatt på arbeidet med å analysera innsamla materiell. Det er med eit ønske om å handsama informanten og det vedkommande har formidla på ein mest mogleg riktig og verdig måte. På samme tid er det eit ønske å formidla og framstilla det som er riktig og viktig for konfidenten i forhold til problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder.

Som forskar forholder ein seg aldri heilt nøytralt til temaet som er gjenstand for forskning. Ein stiller med ein forforståelse samt eit engasjement, som begge kan vera med og påvirka korleis prosessen forløper. Og det er ikkje kun i analysen og fortolkinga av innsamla materiell at forskaren kan vera med å farga resultatet, men også i element i prosessen forut for gjennomgang av innsamla materiell; i gjennomgang av teori, utvelgelse av informanter, utarbeiding av intervjuguide samt gjennomføring av intervjuer. Alle elementa i prosessen forut for analysen skaper eit viktig utgangspunkt for analysen samtidig som ein skal vera kritisk til eigen fortolking. Som ein del av det å måla kvaliteten på forskninga, spelar det ei vesentlig rolle at forskaren er kritisk til egen rolle og til egne fortolkningar kring temaet som er gjenstand for forskning (Johannesen et al 2010; Kvale 2006). Eigen forforståelse kring temaet for oppgåva har i prosessen vore ei utfordring og engasjementet for temaet har vokst i takt med at eg har tilegna meg meir kunnskap. Eg kan vel aldri heilt utelukka at resultatet er farga av min forforståelse samt engasjement, men eg har forsøkt å ha eit kritisk sideblikk på

egen rolle undervegs i prosessen der også veiledere er bedt om å komma med innspel dersom min forforståelse er *for* framtrédande i analyse og fortolking av innsamla materiell samt i konklusjonen.

5.1 Analyse av innsamla materiell

Det å påbegynna analysering av intervjuene, det innsamla materialet, krever ein audmjukhet hjå forskaren. Denne audmjukheten innebærer at ein som forsker innser at ein kun ser og forstår ein liten del av heilheten og det innebærer eit ønske om å syna informanten at ein er tilliten verdig, i det dei stiller seg til disposisjon for forskarens prosjekt. Forholdet mellom forskar og informant må vera prega av tillit gjennom heile prosessen, frå kontakten blir oppretta og til ein har fletta inn delar av det informanten har delt saman med valgte teorier i det å konkludera kring eit viktig tema.

Informantane i oppgåva er alle ansatt i Den norske kirke samtidig som dei er den kirkelige representanten i det kommunale kriseteamet. Dei beskriver alle at dei møter mennesker i krise og sorg både i sitt arbeid i kriseteamet og i kirka. Ofte møter dei konfidenten begge stader, først som medlem av kriseteamet og deretter i kirkelig regi; det være seg sorgsamtale, begravelse og minnesamvær. Svara og beskrivelsane som blir gitt i intervjuet er difor med bakgrunn i erfaringer både som medlem i det kommunale kriseteamet og som ansatt i Den norske kirke.

Ingen av informantane tilhøyrer samisk befolkning, ein faktor eg ikkje hadde kjennskap til ved utvelgelse av informanter. Ein informant oppgir å ha kjennskap til samisk kultur og språk før han flytta til kommunen. Størstedelen av informantane er innflyttarar og oppgir å ha hatt lite forkunnskap om samisk kultur og språk før dei flytta dit og fleire oppgir at dei ikkje kjente til at det var samisk befolkning i kommunen før dei flytta dit.

5.1.1 Samisk språk og kultur

Svara og beskrivelsane som vart gitt i forhold til temaet betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder, varierer noko. Eit tydelig funn var at den generelle beskrivelsen av samisk språk og kultur varierte i forhold til om informanten budde i eit område der samisk befolkning tilhørde minoriteten eller majoriteten. Vidare fant eg at den generelle beskrivelsen av samisk språk og kultur avspeglar korleis ein beskrev betydningen av bruk av morsmål i dei samme områdene. Men når det vart snakka om møter med enkeltmennesker i arbeid med krise og sorg, som hadde samisk som morsmål, var svara samstemte; alle beskriver, om enn på ulike måter, at det er av betydning å bruka morsmål i arbeid med krise og sorg.

I intervjuet snakka informanten ein del fritt kring samisk språk og kultur generelt. Det var ulikt korleis dei beskrev området dei jobba i. Ut frå det som ble beskrevet synes det å vera samsvar i beskrivelsen av samisk språk og kultur ut frå om ein jobba i områder der samisk befolkning tilhørde minoriteten eller majoriteten.

5.1.2 Der samisk befolkning tilhører minoriteten

I områder der samisk befolkning tilhørde minoriteten var det fleire av informantane som beskrev at det å bli innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk kunne opplevast som kunstig idet det no skulle vera eit fokus på samisk språk som ikkje hadde vore der tidlegare. Ein av informantane hadde til dømes høyrte at det var få som etterspurte offentlig informasjonsmateriell på samisk samt at det vart nevnt at samisk språk og kultur var meir aktuelt før, då det tidlegare var fleire som hadde samisk som morsmål, men at det no vart ivare tatt meir som ein kulturarv snarare enn eit levande språk.

Men når kommunen definerer seg som samisk forvaltningsområde, så er det både av historiske grunner (...) en samisk kultur som har preget samfunnet på mange måter...men når man definerer seg som samisk, så har det en sammenheng med, man må ivareta det, men mest som kulturarv.

Samtidig vart det nevnt at det nok fantes enkeltmennesker som fortsatt hadde det som morsmål, og slik det vart beskrevet kunne informant tidvis oppleve dårlig samvittighet fordi desse ikkje vart tilstrekkelig ivarettatt.

...uten at jeg kan gi konkrete eksempel på det, så er det nok, vil jeg tro, også blant de eldre i dag, personer som har det samiske som sitt morsmål, og hvor en kunne vært mer oppmerksom på deres situasjon, og behov for å fått det enda mer personlig, i det språklige, ja...det kan nok være at jeg har vært i sorgsamtaler i familier hvor noen av de eldre har hatt samisk som sitt morsmål, og hvor det ville vært en styrke å kunne beherske det samiske i forhold til den.

Ein anna av informantane beskriver lignande erfaringer.

...når jeg kommer ut som prest og er å tomannshånd med noen mennesker, da opplever jeg så, det ene eksemplet her, at hun har glemt alt det norske, fordi det samiske var hennes morsmål, og jeg opplever...at det sikkert var en fordel å ha en samisk tolk, eller noe...av og til har jeg litt dårlig samvittighet.

Ut frå det informanten her seier kan det synast som om bevisstheten kring bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg er tilstades i større grad der det er snakk om om møter med enkeltmennesker med samisk som morsmål, der informanten nevner episoder der han i ettertid ser at bruk av morsmål nok ville vera konfidentens preferanse. Annleis er det når informanten snakker generelt kring bruk av morsmål og det å vera del av forvaltningsområdet for samisk språk; då tenderer vedkommande mot å forsvara å ikkje bruka samisk fordi det er så få som behersker det og enno færre som har det som morsmål. Informantane i områder der samisk befolkning tilhøyrrer minoriteten veksler slik mellom å forsvara at det ikkje i større grad er i bruk samtidig som ein reflekterer rundt at det for enkeltmennesker nok hadde vore det foretrukne å få bruka morsmål.

Slik eg tolker det kan denne informasjonen vera eksempel på at det eksisterer kontrastar og spenningar i områder der samisk befolkning tilhøyrrer minoriteten, som ein ikkje i like stor grad finn i områder der samisk befolkning tilhøyrrer majoriteten.

Andre eksempler som kan beskriva at det eksisterer spenningar og kontraster i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten, er det eg tolker som stereotype holdninger som kom fram i intervjuene, holdninger som kom fram kun i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten. Ein av informantane i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten var unntaket i så måte. Vedkommande hadde tidlegare oppholdt seg over fleire år i ein anna kultur og beskrev at han tok med seg erfaringane frå det landet i møte med samisk befolkning, i det å tilpassa tilbudet til dei i sitt arbeid. Før han flytta til den aktuelle kommunen kjente han ikkje til at ein andel av befolkninga var samisk. Informanten beskriver at han ønsker å bidra med å bringa inn det samiske i sitt arbeid når han vart klar over at ein andel av befolkninga i kommunen var samiske.

...det var viktig for meg, å ta tak i det, og gjøre noe med det, å prøve å synliggjøre det mer enn det hadde vært, også innenfor kirken.

I områder der samisk befolkning tilhører minoriteten beskriver eit par informanter at ikkje alle innbyggere er komfortable med det fokuset og den revitaliseringen som foregår når dei no også er blitt del av forvaltningsområdet for samisk språk. Nokon beskriver det som fremmed at det no er fokus på samisk språk og kultur og informantene beskriver at nokon kan oppleve eit press i forhold til å læra seg samisk og ta del i revitaliseringen av samisk språk og kultur.

...jeg vil tro at du vil få to, hva skal jeg si, litt to grupper. Den ene er de som på en måte ser at de har en bakgrunn, sin familie, slekt i forhold til det samiske og gjerne vil lære mer. Og så har du nok kanskje den gruppen som opplever distanse i forhold til det samiske, som kanskje vil eh, oppleve et visst press, og som vil eh, reagere på en annen måte, at man kanskje vil prøve å skjerme seg mot det. Men eh, jeg har ikke noe bestemt grunnlag for det, men jeg merker nok til en viss grad den reaksjonen blant voksne, hvor det at vi har blitt et samisk språkutviklingsområde også får, gir grunnlag for noen reaksjoner som, som på en måte reserverer seg litt i forhold til at det samiske, eh, kanskje skal bli litt påtrengende (...) føler seg litt truet.

Informanten kom i intervjuet fleire gonger inn på at det var ein del negative reaksjoner blant innbyggerne i forhold til revitaliseringen av samisk språk og kultur.

...i hvert fall for noen av dem, som mer ser på det samiske som, ikke bare kanskje morsmål, men en kultur, som bør få større og større plass, i det norske samfunn...men det er noe av det som også gjør dette, kan gjøre det i hvert fall, spenningsfylt, ikke sant, at her kan du oppleve at man ser at kanskje dette vil få en egenverdi, med det samiske som...en spør seg, er det egentlig grunnlag for det i en så liten bygd som det her...ja, at det på en måte skal, viss en tenker sidestilt, som språk, for eksempel, eller, ikke sant, at da kan du få en konkurranse igjen, som kan gå andre veien enn sånn som det var tidligere.

På spørsmål om kva informanten trudde kunne vera årsaka til at reaksjonane var så ulike, kunne han ikkje gi noko konkret svar, heller ikkje i forhold til om fornorskinga kunne vera ein del av årsaka. Han beskriver at han opplever desse reaksjonane, utan å ville gå inn på mulige årsaker. Denne informanten hadde jobba lengst av informantane i samiske områder, så det var litt overraskande at han ikkje kunne gi noko svar eller reflektere rundt utsagna. I eit forsøk frå mi side på å reflektere rundt årsaker svara han at han ikkje kjente godt nok til det. Han avslutter samtalen kring dette temaet ved å komma med ein uttalelse som eg tolker som eit politisk korrekt svar samtidig som det kanskje ligg noko dårlig samvittighet bak utsagnet.

Men ingen ville jo være imot at man for eksempel fra kirkens side har et stykke igjen når det gjelder å kunne møte de som har samisk som sitt morsmål, å kunne møte dem på en bedre måte i forhold til, eh, også krisesituasjoner, eller tjenester.

Samtidig beskriver informantene at dei opplever at det samiske blir holdt skjult og kun blir brukt privat, i heimen. Informanten beskriv ved nokre tilfeller at det at konfidenten har samisk bakgrunn ofte blir oppdaga ved ein tilfeldighet, ved til dømes besøk i ein heim, der ein opplever at sønnen i huset snakker samisk med mor si. Dei beskriver også at fleire av dei har samisk som morsmål, men beskriver at det kun blir brukt privat.

...snakker du samisk og, sier jeg, og så sa han at ja, det er jo morsmålet mitt, sier du det; ja, på den måten, sa han, at mamma var jo samisk og...mamma snakker samisk når hun er hjemme, på den måten fikk han jo også med samisk, «men bruker du det?», nei, men han snakker det med mamma, sa han. Det, det var typisk svar. Ja, samisk tilhører den private sfære, og ikke den offentlige sfære.

Informanten reflekterer ikkje vidare rundt årsaken til at samisk enkelte gonger kun er i bruk heime, men konstatert at slik er det, før han raskt etterspør neste spørsmål. Det kan vera vanskelig å analysere slike svar, eller mangel på svar og refleksjon kring temaer som eg ønsker snakka vidare rundt. Men eg velger å la dei stå slik og heller dra inn teorien i neste kapittel og drøfta mulige årsaker der.

Slik kunne svara frå informantane variera i områder der samisk befolkning tilhørde minoriteten, og det er ein stor kontrast i det å beskriva bruk av samisk språk og kultur som truande, som sitert på forrige side, kontra det å beskriva bruk av samisk språk og kultur som gjenopprettande.

...jeg opplevde vel det nærmest som en sånn heling, altså som en form for helingsprosess (...) jeg tror at det handler om helhet, og integritet, og så er det symbolsk veldig viktig (...) en får en opplevelse av at dette er ikke noe mindreverdige og at det ikke er noe underlegent, på en måte, men at dette kan brukes, til og med i de mest høystemte sammenhengene, eller det kan tas med ned i de aller, aller dypeste gravene, og det har vært en del av begrunnelsen når jeg har, etter hvert har begynt å bruke samisk.

5.1.3 Betydningen av bruk av samisk språk, også når konfidenten ikkje behersker samisk

Eit overraskande funn kom fram frå ein av informantane i ein av kommunane der samisk befolkning tilhørde minoriteten. Han framheva bruk av samiske tradisjonar samt bruk av samisk språk som viktig i arbeid med krise og sorg. Funnet illustrerer at del av den kulturelle kompetansen er at bruk av samisk språk i tillegg til andre kulturelement er av betydning for konfidenten i arbeid med krise og sorg. Informanten peika også på bruk av samisk språk som meiningsbærande og betydningsfullt også der konfidenten ikkje behersker samisk, til dømes bruk av samisk i rituelle handlingar der bruk av samisk språk fekk ei sekundær betydning, som formidlar av verdighet. Han opplevde at det kunne bidra til å løfta vedkommande ut frå den personlege samt kollektive skamma og nedverdiggelsen fornorskinga hadde påført vedkommande personlig samt heile den samiske befolkninga. Han nevnte bruk av samisk som ein døropnar i møte med den enkelte konfident og dei sørgande.

Det å slik gi det samiske språk rom, der det tidlegare skulle skjulast, bidrar til å gi verdighet til konfidenten, også der konfidenten ikkje behersker samisk. Her får betydninga av bruk av samisk ein ny dimensjon; her er det verdigheten bruk av samisk språk gir, som gjer at konfidenten opnar seg. Informanten oppgav at han opplevde det som om at det var av betydning å bruka samisk språk fordi det signaliserte at konfidenten kan komma som han er, med heile sin identitet, at det gis rom for det og at det blir forløyssande, ein nøkkel for konfidenten si i bearbeiding av krise og sorg, og for informanten i sitt arbeid med menneske i krise og sorg. Informanten var sjølv overraska over reaksjonen bruk av samisk vekka hjå samisk befolkning. Han hadde framført noko av ritualet i kirka og ved grava på samisk og opplevde at menneske kom ved grava og omfavna han og gråt og at stunda ved grava, etter at sjølv gravferda var over, varte lenge. Dette var noko han aldri hadde opplevd tidlegare, og han relaterte det til bruken av samisk, noko dei som ble igjen og snakka med han også kunne bekrefte.

...det skal ikkje alltid så mye til for å forløse noe stort og viktig, at av og til så handler det om noe så enkelt som å si tre setningar rituelt ved gravkanten på det som er folks hjertespråk, og de, det er ikkje sikkert at de en gang kunne formulert disse setningene selv, men de kjenner igjen ordene...kjenner det igjen som samisk, og det er nok.

Det informanten her beskriver legg til ein anna, og for meg ny, dimensjon til temaet, betydninga av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. Det syner at det er av betydning å bruka samisk i arbeid med krise og sorg, også der konfidenten ikkje

behersker samisk språk. Betydningen av å bruka samisk er her eit kulturbærande element, meir som ein komponent i samisk identitet som gir konfidenten tilbake ein verdighet som fornorskinga fråtok eit heilt folk, og viktigare, ein verdighet som fornorskinga fråtok enkeltmennesker. Å på denne måten bruka samisk i ein offentlig sammenheng kan virka gjenopprettande, i det å syna respekt for, og eit bidrag i det å gjenvinna verdighet for, eit heilt folk og for enkeltmennesker, i områder der samisk språk og kultur gjennom generasjonar har vore holdt skjult og vore forbundet med skam.

Informanten beskriver vidare sorg som eit så hardt arbeid at ein treng å ha med heile sitt følelsesregister og heile sin identitet inn i sorgprosessen. I områder der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten er det samiske gjennom mange generasjonar blitt undertrykt og har dermed blitt utelatt, også i det offentlege rom og i møte med profesjonelle aktører i til dømes helse- og sosiale tjenester. Informanten går langt i å antyda at det kan hemma helingsprosessen i bearbeidelse av sorg, og motsatt, at der ein inkluderer samisk språk og kultur vil helingsprosessen komma i gong på ein meir hensiktsmessig måte.

...sorg er så hardt arbeid at man er avhengig av å kunne bruke hele seg selv for å klare å stå i det...å kunne aktivisere hele sin historie og all sin kunnskap og all sin erfaring og hele sitt følelsesregister...jeg tenker jo at dette gjelder for alle, i hvor stor grad jeg klarer å være tilstede i det som skjer, og i hvor stor grad jeg opplever at jeg må legge igjen noe av meg selv utenfor denne døren, og som på en måte ikke får være med i denne prosessen...men motsatt da, så tror jeg jo at man, altså viss man får en bekræftelse på at det samiske språket også kan være en del av en sorgprosess...den siden av meg som er same...jeg opplevde vel det nærmest som en sånn heling, altså som en form for helingsprosess.

Desse erfaringene seier noko om at den kollektive kulturelle smerten fortsatt sitter hardt i samisk befolkning samtidig som det seier noko om at det finnes fleire dimensjoner i betydninga av å bruka samisk, også der konfidenten ikkje behersker språket; ved å lytta til og høyra samisk språk brukt i rituelle handlinger som finn stad i arbeid med krise og sorg.

...hos henne duket det opp mange emosjoner da, i forhold til fornorskingstid, eh, fortrenning av det samiske; så jeg tenkte at det er vel en del av de, av den problematikken som også dukker opp, når de får lov å bli møtt av det samiske i kirkerommet, som var utenkelig for et par generasjonar siden; så kanskje en del av det og kan vekkes i forbindelse med andre ritualer, som begravelse, i tillegg til sorgen over den som har dødd, så kan det vekke følelser fra fortrenning av det samiske språk og kultur også.

5.1.4 Generelle kulturelle erfaringer

Vidare i intervjuet av denne informanten kom det fram at han hadde erfaringer frå opphold i andre kulturer, som medførte at han hadde opparbeida seg generell ein kulturell kompetanse, der ein del av erfaringane også kunne overførast til den konteksten han no befant seg i.

Informanten kom med mange beskrivelser som samsvarte med dei beskrivelsane informantane formidla i områder der samisk befolkning tilhørde majoriteten. Det kan tolkes som at om ein har opparbeida seg kulturelle erfaringer i møte med ein anna kultur kan det bidra til at ein også er seg bevisst kva rolle kulturelle faktorer spelar i den gitte konteksten. Han innførte bruk av samisk og fekk erfara at det var av betydning for mange.

...når jeg begynte med dette så visste jeg jo ikke hvor mange det angikk, men det som jeg oppdaget ganske raskt var jo at det var mange flere som responderte på dette enn det jeg først, altså hadde forutsett, fordi det er mange i miljøet her som har en bestemor eller en oldefar som var same, og som derfor tenker på seg selv som en del av, altså at det samiske er en del av deres identitet, og når samisk lyder i kirkerommet, så er det akkurat som at den delen av de på en måte blir synlig, de retter ryggen.

Samme informant gav også uttrykk for det samme mot slutten av intervjuet.

...når vi kommer nærmere det aller innerste, kjernen i oss selv, da må, da er det hjertespråket som teller, også for de som er same...og det gir de uttrykk for selv også, at altså selv om de kanskje ikke behersker samisk språk på den måten, så er det likevel i kontakt med en side, altså en type følelsesmessig side av de, som de ikke kan uttrykke med noe annet (...) selv om det ikke er noen som kan si at samisk er førstespråket mitt og det språket jeg behersker best, så er det likevel, det kan være barndomsminner, det kan være en type setting knyttet til, altså nærhet mellom foreldre og barn for eksempel, som er knyttet til akkurat det språket, og til akkurat den kulturen, eh, og som for eksempel i forbindelse med sorg og tap vil bli aktualisert (...) og da er det viktig å være i kontakt med det som sorgarbeider.

Dei øvrige informantane i områder der samisk tilhører minoriteten brukte ikkje aktivt element frå samisk kultur og språk i sitt arbeid og virka heller ikkje proaktive i forhold til å innføra dette. Informantane nevnte eksempel på der samisk befolkning sjølv vedlikeholdt enkelte element av samiske tradisjonar i til dømes begravelsen, men beskreib ikkje seg sjølv som delaktig i å fremma dette.

5.1.5 Ulik grad av kunnskap om samisk kontekst

Dei øvrige informantane frå områder der samisk befolkning tilhørde minoriteten utviste ikkje samme grad av kulturell sensitivitet kring bruk av samisk språk og kultur. Dei reflekterte heller kring det å vera del av forvaltningsområdet for samisk språk og stilte spørsmål om i kor stor grad det var relevant for deira kommune å vera innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk. Når ein ser på lengde på arbeidsforhold i dei respektive kommunane er det ingen samsvar mellom kor lenge informanten har oppholdt seg i kommunen og grad av kulturell sensitivitet. Det som ser ut til å spela ei rolle i forhold til grad av kulturell kunnskap samt sensitivitet er nevnte eksempel, der informanten viser at han innehar ein generell kulturell kunnskap, samt der informanten er frå ein kommune der samisk befolkning tilhører majoriteten.

Informantene frå områder der samisk befolkning tilhører majoriteten bekrefter at kunnskapen om at det er av betydning å bruka samisk språk i arbeid med krise og sorg kan vera mangelfull i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten.

Men jeg tror nok at det er ennå større utfordringer på det da, i kommuner der norsk er hovudspråket, og kanskje man ikke har bevissthet på det samiske språket. Så det er ofte slik at på sånne steder at det må være noen personer som ivrer for det, ja, så kan den personen kanskje slutte i jobben eller flytte, og så kommer noen nye inn som ikke har den bakgrunnskunnskapen, og da står man helt på scratch (...) så det samiske språket er ganske utsatt for å bli utelatt og glemt, selv om vi har samisk språklov og så videre, men det må være personer som på en måte forvalter det og som virkeliggjør det, at det ikke bare er sånn papirbestemmelser.

Ein anna informant svara slik på spørsmål om han hadde erfart negative reaksjoner i forhold til bruk av samisk.

...det hender jo at folk ikke skjønner viktigheten av det, eller ikke ser hva som er poenget med samisk, men det, sånne folk finnes jo over alt på en måte...

Det viser at nevnte informant, som befinn seg i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten, er unntaket; informanten innehar erfaringer som gir han ein generell kulturell forståelse samt at han har eit personlig engasjement.

5.1.6 Der samisk befolkning tilhører majoriteten

Informanter som befant seg i områder der samisk befolkning tilhører majoriteten fortalte ofte spontant og lenge om betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg. Den kulturelle kompetansen var såleis størst og kom tydeligast fram i kommunar der samisk befolkning tilhørde majoriteten.

Jeg tror nok det at når det er, i krise og sorg, når det er tungvint og tungt å begynne å prøve å uttrykke seg på et fremmed språk; og det er, det har jeg opplevd ganske mange ganger, at det er, det er veldig godt, å kunne få anledning til å prate samisk. Så folk bruker jo å spørre om det, «prate du samisk?», og så er det som en lettelse.

Ein anna informant beskriver betydningen av å få bruka morsmål i arbeid med krise og sorg på denne måten.

Ja, altså, for de som er samisktalende, så er det jo klart at når kriser oppstår, så er det morsmålet som gjelder (...) jeg merker jo da at de har en distanse når de snakker norsk, som forsvinner når de snakker samisk...det er ikke så rart, hvis du tenker på det...

Ein informant beskriver at det å få bruka ord som tilhører morsmålet, i ein livsfase som medfører krise og sorg, setter ein i kontakt med følelsane på ein anna måte enn om ein må bruka sitt andrespråk.

....finne ord ja, og så, man finner kanskje også gråten lettere, når de får fritt spillerom; så er det som en hindring i det språklige, hvis man må knote, hvis man liksom må konsentrere seg om det da.

Det at bruk morsmål kan føra til at konfidenten klarer opna seg på det emosjonelle plan på ein anna måte enn der ein bruker andrespråket ble også beskrevet av ein anna informant.

...det var et selvmord, og da var jeg hjemme hos familien, og da...da skjønnte jeg på en måte ikke alt, men jeg skjønnte at det betydde veldig mye for de å snakke samisk (...) for de snakket bare norsk til å begynne med, og så forklarte jeg de at at det er bare å snakke samisk liksom, og da ble det en annen, det skjedde et eller annet da, det merket jeg helt tydelig, så det betyr mye...

Begge informantane frå områder der samisk befolkning tilhørde majoriteten starta nesten intervjuet med å påpeika at det er heilt sentralt å få bruka samisk for konfidenten. Det kan synast at det å jobba i områder der samisk befolkning tilhører majoriteten gjer at ein raskare tilegner seg kulturell erfaring kring samisk språk og kultur enn om ein befinn seg i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten. Samisk er i desse områdene dagligspråket for ein stor andel av befolkninga, og samisk språk og kultur er synlig og ein stor del av samfunnslivet. Samisk språk og kultur er noko ein raskt ser at ein må forholde seg til, då det er majoritetskulturen samt majoritetsspråket i desse områdene. Befolkninga tar det allikevel ikkje som ein selvfølge at ein ser behovet for å tilegna seg det samiske språk, men ser på det som svært positivt dersom ein lærer seg samisk og viser at ein forstår behovet for å kunna samisk, slik informantene her uttrykker det.

...det er heeelt fundamentalt. Men det skjønnte, det visste jeg jo ikke, hvor fundamentalt det var, før jeg hadde vært her en stund (om det å lære seg samisk).

Når ein er innflyttar på ein ny stad og manglar kunnskap om kommunen, så er det kan hende stemma til majoriteten i samfunnet ein først høyrer, og det bildet ein danner seg av lokalsamfunnet kan difor lett bli farga av informasjonen og tolkinga av samfunnet ein her får presentert. Desse forholde kan vera noko av forklaringa på at nokon av informantane, i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten, utviser ei anna grad av kulturell forståelse i forhold til samisk språk og kultur. Funna viser også at personlig engasjement samt tidlegare kulturell erfaring er element som kan bidra til refleksjon kring oppfatninger som

kjem fram hjå majoriteten, og vidare bidra til ei sjølvstendig oppfatning kring kva som kan skapa eit best mogleg tilrettelagt tilbod til samisk minoritet i arbeid med krise og sorg.

Ein informant frå eit område der samisk befolkning tilhøyrer majoriteten, beskriver samiske tradisjoner som er av betydning i bearbeiding av sorg samt tradisjoner knytta til tida før og etter gravferd, der morsmålet også i stor grad blir brukt.

...her har vi jo også sånn, noen fine rutiner, som forvaltes av familien egentlig, i sånn sorgprosesser at folk er veldig flinke til å samles (...) så man er i lag der hjemme (...) det kokes kaffe hele dagen og folk kommer innom (...) og det er en veldig, veldig god ting, som jeg tror vi har mye å lære av...da får man pratet litt (...) det er folk som kommer og går, så får man le og gråte...så kommer det nye folk, så får man fortelle den historien om igjen, så det blir som en fortelling.

Her beskriver informanten ein samisk tradisjon som ein viktig del av sorgprosessen, og som er ein del av kulturen som er viktig å kjenna til som profesjonell hjelpar, i møte med mennesker i krise og sorg i samiske områder. Informanten beskriver tradisjonane på ein respektfull måte idet vedkommande gir uttrykk for at dette er tradisjoner som ein kan ta lærdom av i samfunnet ellers.

5.1.7 Opplevelse av lettelse ved bruk av morsmål

Eit anna funn er at informantene i områder der samisk befolkning tilhører majoriteten beskriver ein opplevelse av lettelse hjå konfidenten når dei forstår at dei kan bruka morsmål i samtalen. Begrepet «lettelse» kom fram hjå to av informantane, den positive reaksjonen hjå konfidenten i forhold til å kunna bruka morsmål blir og beskrevet på andre måter.

...det er mer en sånn *lettelse* over å kunne snakke samisk (...) noen skjønner at de kan snakke samisk og blir veldig glad for det...jeg tror det betyr litt ekstra for de...særlig eldre er veldig opptatt av samisk, de blir lykkelige (...) de forventer ikke at jeg skal snakke samisk...det er mer en bonus.

Ein anna informant beskriver det slik.

...det har jeg opplevd ganske mange ganger, at det er, det er veldig godt, å kunne få anledning til å prate samisk. Så folk pleier jo å spørre om det, nesten det første de spør om (...) og så er det som en *lettelse*.

Ein informant beskriver også at fordi vedkommande no behersker samisk så kjem fleire til han i vanskelige livssituasjoner eller dei tilkaller han, og informanten har fått bekrefta at det er fordi dei då kan snakka samisk.

Desse funna tolker eg som om at det er av betydning å få bruka morsmål i arbeid med mennesker i krise og sorg i samiske områder. Det blir beskrevet av fleire at det ikkje blir forventet, men at det blir eit forhold som gjer at konfidenten opnar seg og kan snakka meir fritt om det aktuelle.

Ja, altså, for med de som er samisktalende, så er det jo klart at når kriser oppstår, så er det morsmålet som gjelder; jeg merker jo da at de har en distanse når de snakker norsk, som forsvinner når de snakker samisk(...)er det morsmålet ditt, så er det morsmålet ditt, du kan ikke ha to morsmål...det er et som er mer naturlig å bruke enn det andre, og i kriser og sorg så er det jo enda vanskeligere å bruke et annet språk for å uttrykke seg, så det er veldig, det er helt avgjørende (...) når du er liksom i en emosjon eller tilstand av affekt...da har du ikke noe repertoar for å finne noen andre ord enn det som er fra morsmålet...det er i alle fall min opplevelse.

For informanter i områder der majoritetsbefolkninger snakker samisk kom det fram tidleg i intervjuet at det var av stor betydning å bruka morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. Det tok ikkje lang tid før dei kunna nevna mange eksempel på situasjoner der dei hadde opplevd at det var av stor betydning for konfidenten å bruka morsmål i livsfaser som medfører krise og sorg. For fleire av informantane i områder der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten, tok det lengre tid før informanten kom på eksempel der morsmål hadde vore å foretrekka, ofte kom eksemplene mot slutten av intervjuet.

Fleire informanter beskriver at ein bør vera i forkant i forhold til å tilby bruk av samisk, ikkje venta på at det blir etterspurt, då samisk befolkning oftast ikkje krever eller etterspør bruk av samisk. Informantene peiker på at ein som profesjonell hjelper då må vera i forkant og tilby morsmål, sidan dei har erfart at bruk av morsmål er av betydning for samisk befolkning i arbeid med krise og sorg.

...nettopp fordi jeg erkjente at jeg kan ikke se på folk om dette betyr noe for de, jeg kan ikke, og jeg vet ikke alltid på forhånd, så har jeg bare tenkt at jeg må være i forkant med å bruke det, altså jeg må ligge et hakk foran hele tiden; og så vil folk kjenne det igjen, når det er relevant, og det vil berøre de som skal berøres.

Slik beskriver ein anna informant sine erfaringer.

...om jeg svarer de på samisk...noen skjønner at de da kan snakke samisk og blir veldig glad for det, og da går de over til samisk. Så jeg pleier veldig ofte å svare fort på samisk selv om de snakker norsk da; viss jeg skjønner at de er samer, da går vi over på samisk med en gang, så det er ganske nyttig (...) jeg tror det betyr litt ekstra for de.

Det å tilby bruk av samisk til konfidenten fordi informanter har erfart at det er av betydning for enkeltmennesker i arbeid med krise og sorg, besvarer problemstillinga i denne oppgåva og belyser også korleis kulturelle erfaringer kan bidra til eit betre tjenestetilbud til samisk befolkning, ved å tilby bruk av morsmål samt å gjenoppretta den verdigheten fornorskinga fråtok dei.

5.2 Funn

Funna som vart gjort i analysen blir her presentert i form av tema som i neste kapittel vil bli drøfta i lys av teorien som er presentert tidlegare i oppgåva. Funna representerer det som blir vurdert som hovudelementa i det å besvara problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder.

- Kulturell kunnskap er større i områder der samisk befolkning tilhøyrer majoriteten samanlikna med områder der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten: variasjon i holdninger og omtale av samisk språk og kultur; personlig engasjement og tidlegare kulturelle erfaringer bidrar til auka kulturell kunnskap og auka bruk av samisk språk.
- Kulturell intoleranse og mangelfull kulturell kompetanse er faktorer som forhindrer bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg; er faktorer som eksisterer hjå nokon av informantane i områder der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten.
- Betydningen av bruk av morsmål for å forløyse det som berører på det emosjonelle plan i ein livsfase med krise og sorg, beskrevet i sitatet frå ein av informantane, «å finne ord – å finne gråten».
- Betydningen av bruk av morsmål, som ein forløyssande faktor i arbeid med krise og sorg- informanten beskriver *lettelse* hjå konfidenten når vedkommande får bruka morsmål; får då satt ord på forhold som berører på det emosjonelle plan.
- Alle informantene beskriver at det er av betydning å få bruka morsmål i møte med enkeltemennesker, som befinn seg i ein livsfase som medfører krise og sorg, men resonnementet som leder fram til denne beskrivelsen varierer.
- Bruk av samisk er av betydning, også der konfidenten ikkje behersker samisk språk: symbolsk viktig, ein kulturell identitetsmarkør, forløyser ei sekundær sorg som har si årsak i generasjoner med assimileringstiltak.
- Samiske tradisjonar er av betydning i sorgprosessen i samiske områder.
- Opplevelse av bruk av samisk som truande kontra opplevelse av bruk av samisk som gjenopprettande – ulike holdninger og ulik grad av kunnskap kring samisk språk og kultur hjå informantane.
- Å vera i forkant, ved å tilby bruk av morsmål utan at konfidenten må etterspørre det: begrunna i kulturell samt faglig kunnskap om at det er av betydning for konfidenten å få bruka morsmål i ein livsfase som medfører krise og sorg; begrunna i kulturell kunnskap om at behovet for bruk av morsmål ofte blir underrapportert av konfident.

Kapittel 6 Drøfting

Hovudfunnet i det innsamla materialet, som tydeligast besvarer problemstillinga, er at alle seks informantar beskriver at det i møte med enkeltmennesker er av betydning å bruka morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. Det er ulikt korleis informantane ressonerer seg fram til svaret, men dei konkluderer alle med at i møte med enkeltmennesker er det av betydning å få bruka morsmål, i ein livsfase som medfører krise og sorg. I resonnementene som leder fram til konklusjonen om at det er av betydning å bruka morsmål, er det mange funn som belyser kompleksiteten i samiske områder når samisk språk og kultur blir tematisert, blant dei er det viktigaste funnet at det eksisterer kulturell intoleranse samt mangelfull kulturell kompetanse, faktorer som bidrar til å hemma bruk av samisk språk; funn gjort blant nokon av informantane i områder der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten.

Drøftinga foregår kring funn i innsamla materiell som belyser dei to hovudelementene i problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg, samt betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder – drøftinga veksler mellom funn som belyser desse to forholda.

6.1 Kulturell kompetanse og kulturell sensitivitet

6.1.1 Kulturell kompetanse - den kulturelle smerten

I analysen av innsamla materiell fann eg ulik grad av kulturell kompetanse hjå informantane. Ein måte å beskriva kulturell kompetanse på, er å inneha kulturell kunnskap, kulturell bevissthet og kulturell sensitivitet i møte med ein kultur (Papadopoulos 2010). Der informantane hadde liten grad av kulturell kompetanse var det utelukkande i områder der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten. Unntaket var ein av informantane som hadde svært høg grad av kulturell kompetanse og ytterligare ein var bevisst i forhold til å auka sin kulturelle kompetanse, men fleire hadde liten grad av kulturell kompetanse samanlikna med informantane som befant seg i områder der samisk befolkning tilhøyrde majoriteten. Mangelfull kulturell kompetanse viste seg i måten dei beskreiv samisk språk og kultur på samt kunnskapen dei viste i forhold til samisk befolkning sin historie, der fornorskingstida står sentralt og i stor grad er relevant for denne oppgåva, der samisk språk er eit av hovudelementene i problemstillinga.

Kunnskap om fornorskingstida er eit nødvendig bakteppe å ha med i all forskning som omhandler samisk befolkning (Bals og Turi 2010; Kramvig 1999; Vangen 2005). I forskning blir begrepet, den kulturelle smerten, mykje brukt som grunnlag for forforståelse av ulike temaer retta mot samisk befolkning, så også i denne studien. Det blir også omtala, om enn sjeldnare, at ein i større grad må leggja tilside denne delen av samisk historie for å komma vidare i samisk forskning. Det er samiske forskere som sjølv presenterer denne kritikken. Det blir problematisert at den samiske forskningen og den generelle samepolitikken ofte har som mål å kompensere den uretten som ble begått gjennom assimileringspolitikken, og at det plasserer samer i ei offerrolle som gjer at kritisk forskning blir vanskelig å utføra (Bull 2002; Grenersen 2002; Jensen 2002; Johansen 2009; Vangen 2005). Samtidig blir det påpeika at den kulturelle smerten må vera ein del av den historiske konteksten samisk forskning blir satt inn i, men at yngre generasjons forskere kan ha vanskeligare med å identifisera seg med denne fortida all den tid assimileringspolitikken ikkje er sjølvopplevd. Andre forskere igjen beskriver assimileringspolitikken som eit kollektivt historisk traume som også yngre generasjoner identifiserer seg med då stigmatisering av samisk befolkning ikkje er eit avslutta kapittel, men fortsatt pågår (Bals et al 2010; Kramvig 1999; Vangen 2005).

Fornorskingstida og begrepet den kulturelle smerten ble gjennomgått i kapitlet som omhandler oppgåvas kontekst, men fordi det er ein så sentral del av samisk befolknings historie og fordi det generelt er lite kjent blant majoritetsbefolkningen i Norge, finn eg det relevant å gjenta ein del av det også i dette kapitlet.

Mangelen på kulturell kompetanse hjå enkelte av informantane, om den påkjenninga assimileringspolitikken har vore og fortsatt er for samisk befolkning, syner at det fortsatt er viktig å løfta fram denne delen av samisk historie, som danner grunnlaget for dei behova ein må ta hensyn til i det å utarbeida eit kulturelt sensitivt offentlig tjenestetilbud som tar hensyn til samisk befolkning sin historie kva gjeld språk og kultur.

Den kulturelle smerten kan ein sensa overalt i samiske områder, men det kan ta litt tid, for dette er i stor grad eit taust fenomen, ein taus smerte. Dette er ein kulturell kunnskap som i stor grad er ukjent for majoritetsbefolkninga i Norge, men det er ein kulturell kompetanse som er sentral når ein skal jobba i samiske områder fordi den kulturelle smerten er ein kollektiv smerte som rammer svært mange, og den rammer hardast i områder der samisk befolkning tilhøyrrer minoriteten (Jensen 2002; Johansen 2009).

6.1.2 Kulturell sensitivitet – kulturell intoleranse

Det tar tid å opparbeida seg kulturell kompetanse, der det mest sentrale elementet er kulturell sensitivitet, som er eit nøkkelbegrep i det å vera i stand til å opparbeida seg kulturell kompetanse (Papadopoulos 2010). Grunnen til at mangel på kunnskap kring den kulturelle smerten eksisterer, kan vera at den kulturelle smerten i stor grad er ein taus smerte, ein smerte som blir lite omtala. Dei som har vokst opp i dei samiske områder kjenner godt til den kulturelle smerten, men for innflyttarar kan det ta lang tid før ein blir gjort kjent med den. Befolkninga i dei aktuelle områdene bidrar ofte med å ivareta tausheten kring den kulturelle smerten ved å ytra holdningar kring samisk språk og kultur som er stigmatiserande og ved å benekta og undergrava forhold som peiker på at kommunen er del av samiske områder.

Forenklet kan en si at samisk språk etter disse vanene (sosialt rollemønster overfor det norske samfunnet) bare brukes i hjemmene og ellers når samene vurderer situasjonen som privat. I butikken, på postkontoret og andre steder som oppfattes som offentlige, snakker en bare norsk, også om det bare skulle være samisktalende tilstede. Utad kan samenes holdning til sin egen kultur og sitt språk i et slikt miljø virke som en fornedrelse og forakt for sin egen bakgrunn. Men en må skille mellom den felles oppfatning av en sjøl og sin egen gruppe, og måter å opptre utad, overfor «de andre», som er vanlige og akseptert i gruppen. Slike «samiske» adferdsmønstre overfor det norske samfunnet gjenspeiler et sosialt og kulturelt skille som går generasjoner tilbake. Denne historiske bakgrunnen er like mye et norsk som et samiske problem, for den viser sterke trekk av kulturell intoleranse i det norske samfunnet. (Jernsletten 1994:65)

Det kan vekka sterke reaksjoner når ein kommune er i prosessen med å bli innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk. Det paradoksale er at dei som reagerer sterkest sjølv har samisk bakgrunn. Årsaksforholda kring dette er komplekse. Dei som har mista språket fordi generasjonen før dei ønska at dei heller skulle læra norsk, kan visa sterke reaksjoner når samisk språk og kultur blir tematisert, og sogar benekta at dei har samisk identitet. Men så skal ein også forstå og respektera dei som velger det alternativet, å leva i fred med sin samiskhet; forstå at smerten med å stå fram som samisk for nokon kanskje vil bli større enn det å leva i taushet og skjul. Som ein beskyttelse for seg sjølv og sin familie har det gjennom generasjoner danna seg ein måte å opptre på i det offentlige rom samt i det private; eit sosiokulturelt fenomen ein ser i områder der samisk befolkning tilhøyrrer minoriteten. (Erke og Høgmo 1994; Grenersen 2002; Jensen 2002; Johansen 2009; Skodvin 2006).

Og med denne kunnskapen som bakteppe, om alle dei individuelle historiene der fornorskingstida har påverka og frårøva enkeltmennesker deira identitet og slik skapt den kulturelle smerten, kan ein bedre forstå dei sterke og paradoksale reaksjonane, når det samiske no plutselig stolt blir løfta fram, og mange i yngre generasjonar er stolt av sin samiske identitet og bidrar i arbeidet med å revitalisera samisk språk og kultur. Dette er kulturell kunnskap som er sentral og avgjerande å kjenna til når ein jobber og bur i samiske områder, for å kunna opptre kulturelt sensitivt.

Dei sosiokulturelle forholda som blir beskrevet i sitatet ovanfor er forhold som i utbredt grad eksisterer i det samiske samfunnet i områder der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten, og kan av ein innflyttar virka som eit sært fenomen, fordi fortolkingsramma ofte mangler den nødvendige kulturelle kunnskap. Men med tilstrekkelig kulturell kunnskap forstår ein at dei sosiokulturelle forholda som her blir beskrevet er eit resultat av kulturell intoleranse i det norske majoritetssamfunnet, gjennom generasjonar med assimileringsspolitikk, som resulterte i stigmatiserande holdningar retta mot samisk språk og kultur.

Ved å tolka beskyttelsesmekanismane som at samisk befolkning holder seg for seg sjølv og isolerer seg med sitt språk og sin kultur, bidrar ein til å opprettholda dei stigmatiserande holdningane samt beskyttelsesmekanismene. Om ein skal klara bryta dette negative mønsteret må det skje ei holdningsendring i samfunnet, og her har den offentlige hjelparen i samiske områder klart eit stort ansvar, ved å bidra med holdningar som forhindrer at samisk identitet samt samisk språk og kultur blir forbundet med skam og stigma. Gitt dei rette fortolkingsrammene, lærer ein seg å forstå dette komplekse bildet og å vidare opptre kulturelt sensitivt (Erke og Høgmo 1994; Grenersen 2002; Jensen 2002; Papadopoulos 2010).

Eg savna stundom å erfara denne kulturelle kompetansen erverva hjå informanter som hadde budd over lang tid i områder der samisk befolkning tilhøyrde minoriteten og vart skuffa der fortolkingsramma bar preg av kulturell intoleranse heller enn kulturell sensitivitet. Nokre av informantane reflekterte til dømes lite over at samisk kun vart brukt privat og ikkje i det offentlege rom, dei konstaterte kun at slik var det. Medan andre informanter igjen reflekterte rundt det med ei fortolkingsramme som bar preg av kulturell kompetanse og kulturell sensitivitet. Det medførte at samisk språk og kultur vart løfta inn i det offentlege rom og informanten opplevde at det virka gjenopprettande på enkeltmennesker, der fornorskinga hadde tynga ned og virka destruktivt.

Ein skal som profesjonell hjelper bevega seg varsomt i landskapet med kulturell smerte, det er mange som bærer på sår frå den tida som var med på å forma denne usynlige identiteten, tida med fornorskingspolitikk. I dette landskapet, som også skal romma kulturell stolthet, skal ein så utforme eit individuelt tilpassa offentlig tjenestetilbud. Det er utfordrande, og det fordrer at ein som offentlig hjelper tilegner seg den nødvendige kulturelle kompetanse; det er også nødvendig å inneha stor grad av kulturell sensitivitet, når ein skal orientera seg i dette landskapet.

I områder der samisk befolkning tilhører minoriteten er det mange som har valgt å bevare det samiske som ein usynlig identitet, som ein beskyttelse gjennom fleire generasjoner mot å oppleve diskriminering og stigma (Grenersen 2002; Jensen 2002). Usynlig samisk identitet viser seg konkret i ei folketelling i ei fjordbygd i Troms, der det i 1891 var 60% som oppgav å ha samisk identitet mot kun 3 % i 1970. Dette er tall som ikkje kan forklarast ut frå demografiske forhold aleine, men må også forståast ut frå sosiale forhold; tre generasjoner, 80 år, med hard assimileringpolitikk, hadde påverka kva identitet ein no ønska å ha registrert i offentlige dokument (Bjørklund 1994).

I dei områder der samisk befolkning tilhører majoriteten viste informantane stor grad av kulturell kompetanse og sensitivitet. Dei viste blant anna at dei har kulturell kunnskap i forhold til samiske tradisjoner i forbindelse med ritualer knytta til sorgprosessen og kulturell bevissthet ved at dei har sett behovet for og har tilegna seg samisk språk. Informantane her beskreib også at dei kjenner til at det er andre og fleire utfordringer i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten.

I områder der samisk befolkning tilhører majoriteten treng ein ikkje i like stor grad forholda seg til den kulturelle smerten og det sosiale rollemønsteret som ble beskrevet nylig, der samisk befolkning veksler mellom identiteter ved å bruka samisk språk kun privat og bruker det norske i det offentlige rom. Ein kan finna den kulturelle smerten i områder der samisk befolkning tilhører majoriteten også, men ikkje i like stor grad som i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten.

Det kan tenkast at dette sosiokulturelle rollemønsteret, som blir utøvd i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten, kan vera eit forvirrande element i det å skulla tilegna seg kulturell kompetanse når ein kjem som innflyttar; noko som kan føra til at prosessen mot å inneha kulturell kompetanse i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten vil ta noko lengre tid. Ein kjem ikkje utanom ei anna årsak til at det kan eksistera mangelfull kulturell

sensitivitet, som er at det fortsatt eksisterer stigmatiserende holdninger retta mot samisk befolkning, ein finn det i alle samiske områder, men særleg i områder der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten. Dette er eit utbredt fenomen som er behørlig omtala i nyare forskning og er eit fenomen som er lite kjent hjå majoritetsbefolkningen i Norge (Hansen 2011; Johansen 2009; Skålnes og Gaski 2000; Vangen 2005).

Der ein som offentlig hjelpar utviser holdninger som er av ein stigmatiserende art, kan det bidra til at konfidenten mister tillit til det offentlige hjelpeapparatet. Internasjonal forskning innanfor helse viser at stigmatiserende holdningar hjå den profesjonelle hjelparen forringer tjenestetilbudet (Smedley et al 2003). Det er nødvendig å vektlegga at den profesjonelle hjelparen tilegner seg alle element i det å oppnå kulturell kompetanse; kulturell kunnskap skaper kulturell bevissthet som igjen skaper kulturell sensitivitet. Sjølv om den profesjonelle hjelparen har tilegna seg den kulturelle kunnskapen det er forventa at ein innehar i samiske områder, så manglar den kulturelle sensitiviteten om ein har holdningar som er av stigmatiserende art. Den kulturelle sensitiviteten er slik avgjerande i det å opptre kulturelt kompetent, er lakmustesten i forhold til om ein har oppnådd kulturell kompetanse. Ved opparbeidelse av kulturell sensitivitet kjem ein ikkje utanom egne holdningar, og der desse ikkje utstråler likeverd, utviser ein ikkje kulturell sensitivitet, og kan då heller ikkje kallast kulturelt kompetent (Bals et al 2010; Papadopoulos 2010).

6.2 «Å finne ord – å finne gråten»

Dei funna som tydelegast beskriver at det er av konkret betydning for konfidenten å bruka morsmål i ein livsfase som innebærer krise og sorg, er frå informantane i områdene der samisk befolkning tilhøyrer majoriteten. Her beskreiv informantane mange eksempler der betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg konkret vart belyst. Beskrivelsane kom spontant, nokon gonger også før sjølve intervjuet starta.

Ein av informantane beskreiv at ved å bruka morsmål finn ein lettare orda for å beskriva det ein opplever i ein fase med krise og sorg og at då finn ein emosjonane, og gråten også lettare. Ein anna informant beskreiv at det å tilby bruk av morsmål bidro til at samtalen med konfident endra karakter til ein opnare samtale samt var ein nøkkel i forhold til å opna opp for emosjonelle reaksjoner. Desse funna samsvarer med det fleire av informantane beskreiv og

også med dei få funna i litteraturen som konkret omhandler bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg. Nokre eksempler er også beskrevet ut frå samisk kontekst.

Helsepersonell må være oppmerksomme på at pasienter, som er i stor krise eller har gjennomgått traumer, helt eller delvis mister evnen til å kommunisere på annet enn sitt førstespråk. Dette kan medføre at personer som til daglig er to- eller flerspråklig bare kan kommunisere på sitt førstespråk. (helsekompetanse.no 20.11.2015)

Det ble tatt kontakt med forfatteren av denne informasjonen, men vedkommende hadde ingen litteratur eller forskning å referera til i forhold til beskrivelsane. Det samme gjelder for neste sitat, der det heller ikkje var oppgitt nokon referanse.

Gjennom erfaringer fra samiske områder så vel som fra forskning omkring tospråkligheit, er det kjent at man i krisesituasjoner kan være nødt til å bruke sitt morsmål, eller sitt førstespråk for å uttrykke seg godt nok om personlige spørsmål. (NOU 1995:6:67)

Mekanismen som beskrives som at ein i ein livsfase som medfører krise og sorg ikkje i samme grad som ellers klarer uttrykka seg på sitt andre språk, men må ta i bruk morsmål er også eit allmenngyldig fenomen, uavhengig av etnisitet.

I en krise- eller sykdomssituasjon vil ferdighetene i et andrespråk - språk som er tillært i tillegg til morsmålet (førstespråket) - kunne bli sterkt redusert. (NOU 2014:8:18)

Det vart heller ikkje her oppgitt nokon referanser, men eg fant også dette fenomenet beskrevet som allmenngyldig i ein artikkel publisert av Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress.

Krise, stress eller sykdom kan medføre at det er vanskelig å uttrykke seg på andre språk enn morsmålet. (Skogøy 2008:40)

Felles for alle desse sitata er at det ikkje kunne oppgis noko litteraturreferanse i forhold til beskrivelsane av betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg, ei heller ble det omtalt utover dei skisserte sitata. Det er såleis tilfeldige, men viktige funn som konkret belyser og besvarer problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg samt bekrefter funna i innsamla materiell; det syner også behovet for vidare forskning innanfor dette temaet.

Også innanfor støttelitteratur som omhandler samisk befolkning og andre minoriteter i møte med helsevesenet, blir det omtala som viktig å bruka morsmål. Det vises då ofte til bruk av morsmål for å unngå misforståelser, som kan bidra til at feil diagnose blir stilt. Akutt sjukdom kan også opplevast som ei krise, men kriseaspektet blir ikkje i like stor grad vektlagt (Hansen 2011; NOU 1995:6; Nystad et al 2006; Ramsden 2002).

I ein livsfase som medfører krise og sorg er det av stor betydning å kunna kommunisera på det emosjonelle plan for å oppnå ein hensiktsmessig sorgprosess. Nyare forskning innanfor sorgarbeid peiker på effekten sorg har på eit menneske og nevner risikofaktorer som kan påvirka sorgprosessen i ein negativ retning, til dømes stress (Stroebe og Shut 2003).

Å tilby bruk av samisk der det er morsmålet, vil hemma stress og fremma ein hensiktsmessig sorgprosess ved at ein gir konfidenten mulighet til å finna orda til å formulera dei emosjonelt vanskelege hendingane, samt tilrettelegg for at konfidenten kan få utløp for emosjoner, til dømes i form av gråt, frustrasjon eller sinne. Teorien samsvarer her med det informantane beskriver, at for å få utløp for dei emosjoner ein fase med krise og sorg medfører, er det av stor betydning å få bruka sitt morsmål (NOU 1995:6; NOU 2014:8; Skogøy 2008).

Motsatt kan ein då tenka seg at mangel på bruk av morsmål vil hemma ei hensiktsmessig sorgprosess i ein livsfase med krise og sorg. Mangel på bruk av morsmål vil kunna skapa stress hjå konfidenten, då behov for bruk av morsmål er sterkt underkommunisert, grunna dei historiske og sosiokulturelle årsaksforhold som er nemnt tidleg i kapitlet. Det er derfor av avgjerande betydning at ein innehar kulturell kompetanse, som gjer at ein kjenner til samisk befolkning si historie, kva gjeld undertrykking av samisk språk og kultur gjennom generasjonar med assimileringpolitikk, der den kulturelle smerte er sentral. Vidare må ein inneha kulturell kunnskap om at det er av betydning å få bruka morsmål i arbeid med krise og sorg samt at samisk befolkning sjelden etterspør dette grunna frykt for å oppleva stigmatiserande holdningar i møte med den profesjonelle hjelparen samt at det er forbundet med prestisje å sei at ein behersker majoritetspråket (Helsedirektoratet 2013).

I kommuner der samisk befolkning tilhører majoriteten, beskrev informantene at store delar av medlemmene i kriseteamet behersker samisk, det medførte at det var lett å tilby konfidenten bruk av morsmål. I kommuner der samisk befolkning tilhører minoriteten, var det få eller ingen i det kommunale kriseteamet som beherska samisk. I nokre tilfeller hadde kriseteamet benytta seg av ekstern bistand i det å tilby hjelp på konfidentens morsmål, medan i andre tilfeller var behovet for bruk av morsmål ikkje del av tjenestetilbudet; ein hadde ikkje identifisert konfidenten som samisktalende eller identifisert behovet for bruk av morsmål i den konteksten konfidenten befant seg i, sjølv om ein også her mot slutten av intervjuet oppgav at det nok var av betydning å bruka morsmål i arbeid med krise og sorg. Resonnementet er noko sjølvmotsigande då bruk av samisk språk blir beskrevet som viktig for dei som har det som morsmål, samtidig som manglande fokus på og bruk av samisk blir forsvart med at det er så få som har det som morsmål.

Stroebe og Shut (2003) peiker på eit behov for å forska meir på den effekten kulturelle faktorer, herunder språk, har på sorgarbeidet. Det bekreftes også ved utfordringa i det å finna relevant litteratur som omhandla betydningen av morsmål knytta til arbeid med krise og sorg samt at funn i innsamla materiell og i noko av litteraturen peiker på at det er av betydning å bruka morsmål i arbeid med mennesker i krise og sorg generelt og spesielt i samiske områder (Helsedirektoratet 2013; Stroebe og Shut 2003).

6.3 Betydningen av bruk av samisk språk, også der konfidenten ikkje behersker språket

Eit overraskande funn i innsamla materiell var at det er av betydning å bruka samisk språk i arbeid med krise og sorg, også der konfidenten ikkje behersker samisk. Fleire forhold kan forklara det.

6.3.1 Symbolsk verdi

Informanten beskrev korleis bruk av samisk viste seg å vera symbolsk svært viktig, også i områder der samisk befolkning tilhøyrrer minoriteten og der få behersker samisk. Informanten beskrev at han ved å begynna å bruka samisk i delar av liturgien erfarte ein overraskande reaksjon hjå konfidenten. Det berørte informanten sterkt, og bidro til at han videreførte bruk av samisk og fekk eit ønske om å auka sin kompetanse innanfor samisk språk. Det viser ein kulturell sensitivitet, at han var villig til å prøva ut noko han tenkte ville vera av betydning for enkeltmennesker, utan i forkant å heilt vita eller forstå omfanget av betydningen av bruk av samisk i denne konteksten. Sjølv om konfidenten ikkje beherska samisk hadde det å bruka samisk språk allikevel ein sterk symbolsk verdi, idet det skapte anerkjennelse, aksept og gjenkjennelse i områder der det samiske lenge har vore forbundet med undertrykkelse og skam.

6.3.2 Samisk språk som identitetsmarkør

Sjølv om fornorskingstida har frårøva mange det samiske språk, lød nokre av orda kjent frå barndommen, ord uttalt frå ei bestemor eller ein oldefar, som skapar gjenklang frå oppvekst, ein del av eigen identitet som har gått tapt. I sosiolingvistikken beskrives fire kriterier i definisjonen av morsmål. Her er to av kriteriene oppfylt; *opprinnelseskriteriet*, beskriver morsmål som det språket ein først lærer og som ein knytter sine første varige kontakter på samt lærer å sosialisera på. Det andre kriteriet er *identifikasjonskriteriet*, som forklarar morsmål som det språket ein identifiserer seg med (intern identifikasjon) eller det språket ein blir identifisert med (ekstern identifikasjon). Sjølv om ein ikkje behersker samisk kan ein allikevel ha ei sterk tilknytning til det, samisk språk kan slik vera ein sentral identitetsmarkør, også der ein ikkje sjølv behersker språket. Informanten beskrev at nokon bruker samiske

benevnelser for slektskap samt fagtermer innanfor reindrift, sjølv om ein ikkje fullt ut behersker samisk språk.

I samiske områder er det stor variasjon i forhold til kor mange av dei fire kriteriene for morsmål som er oppfylt, på grunn av assimileringspolitikken, som ramma hardest i områder områder der samisk befolkning tilhøyrrer minoriteten. Samisk språk kan såleis kallast konfidentens morsmål også der konfidenten ikkje behersker samisk språk (Johannesen 2009; Skutnabb-Kangas 2000).

6.3.3 Sekundær sorg

Når samisk språk i tillegg blir brukt på ein offentlig arena, og på ein arena der samisk gjennom generasjoner ikkje er blitt høyrte og brukt, blir symboleffekten ytterligare forsterka. Informanten beskriver det slik.

...hos henne dukket det opp mange emosjoner da, i forhold til fornorskingstid, eh, fortrenging av det samiske...når de får lov å bli møtt av det samiske i kirkerommet, som var utenkelig for et par generasjoner siden...så i tillegg til sorgen over den som har dødd, så kan det vekke følelser fra fortrenging av det samiske språk og kultur også.

Informanten beskriver her at sorgen samisk befolkning bærer på, den kulturelle smerten, ein sekundær sorg, ofte igjen blir aktualisert og forsterka i ein livsfase som medfører krise og sorg. Element som kan ha negativ effekt på sorgprosessen er ei sekundær sorg eller stress. Det å leva med usynlig identitet og å ikkje kunna bruka sitt morsmål kan vera eksempel på sekundær sorg og stress; den kulturelle smerten, som også blir beskrevet som ein sorg og eit historisk traume, som fortsatt pågår. Det å i tillegg ikkje kunna bruka sitt morsmål er ein stressfaktor som kan hemma emosjonane ved gjennomgang av hendelsesforløpet som forårsaka ein fase med krise og sorg (Bals og Turi 2010; Stroebe og Shut 2003).

Betydningen av bruk av samisk har såleis to funksjoner. Ved å synleggjera det samiske, også der konfidenten ikkje behersker samisk, kan bidra til at ein kjem vidare i forhold til det som forårsaker ei sekundær sorg, den kulturelle smerten. Bruk av samisk vil såleis virka fremmande for sorgprosessen, slik informanten beskriver at bruk av samisk, også der konfidenten ikkje behersker samisk, kan letta sorgarbeidet i den sekundære og primære sorgen.

6.4 Betydningen av kulturelle tradisjoner i arbeid med krise og sorg

Språk og kultur er begrep som ikkje kan holdast adskilt, dei heng tett saman, også i samiske områder. Informantene i områder der samisk befolkning tilhører majoriteten beskrev fleire eksempler på tradisjoner tilhørende samisk kultur kring livsfaser som medfører krise og sorg.

Nokre informanter oppgav å bruka den samiske kirketolken som ressurs når det gjaldt å opparbeida seg kulturell kompetanse. Ein informant brukte bevisst tolken som ressurs, spesielt når vedkommande var ny i jobben. Tolken vart brukt idet vedkommande i tillegg til å beherska språket også kjenner dei kulturelle kodene, og derfor kunne bistå der informanten enno ikkje hadde opparbeida seg tilstrekkelig kulturell kompetanse i arbeid med krise og sorg i samisk kontekst. Det syner ein kulturell bevissthet og sensitivitet, idet informantane hadde erkjent at det kan eksistera kulturelle hensyn som er viktige for konfidenten i ein livsfase som medfører krise og sorg (Ramsden 2002; Papadopoulos 2010).

6.4.1 Kulturelle tradisjoner kring dødsfall

Ein informant beskriver korleis ein før begravelsen samlast i heimen til næraste pårørende, han kalla det sørgehus; som blir forvalta av familien sjølv. Folk frå bygda kjem og går gjennom heile dagen, dei blir servert kaffe og mange kjem innom. Slik får den som er i ein fase med krise og sorg fortalt og gått gjennom hendelsesforløpet gjentatte gonger, oftast på sitt morsmål, og gjenfortellinga blir til sist som ein fortellig som vedkommande tar vare på, beskriver informanten. Ved disse uhøytidlige samlingane i heimen får den som er i krise og sorg også høyra korleis andre har opplevd avdøde, ein får le og gråta i samvær med andre. Det er vanleg at også informanten kjem innom ved slike anledninger, for å følge og visa respekt for samisk tradisjon. Det er også vanleg med salmesong når ein holder det ein kallar sørgehus.

Etter at begravelsen er avslutta ved jorpåkastelse, er det samisk tradisjon at ein ofte står igjen ei stund og synger salmer. Det er nokon som begynner å synga og så foreslår ein anna ei ny salme; det pågår gjerne i inntil ein halvtime.

6.4.2 Kulturell kompetanse kring sorgprosessen og forståelse av døden

I samiske miljø bruker ein ofte kvarandre i det å snakka saman i livsfaser som medfører krise og sorg, det er ikkje alltid vanleg å dela familiære anliggender med utanforståande. Det er også ei vanleg oppfatning ved sjukdom og andre hendelser som medfører sterke emosjoner, at det ikkje skal snakkast så mykje om (Bongo 2012; Dagsvold 2006). Det kan også vera ei utfordring at fenomen blir kulturforklart, at ein skal forstå og godta alt dersom det blir begrunna med kultur. Dette er ein kritikk forskarar som sjølv har samisk bakgrunn beskriver (Silviken og Stordahl, 2010). Det er ikkje alltid det er konstruktivt å kun snakka med familien og ikkje med profesjonelle om det som har hendt, i ein livsfase som medfører krise og sorg. Det er ofte ein viktig del av sorgarbeidet å få snakka gjennom hendelser som vekker sterke emosjoner, saman med profesjonelle i tillegg til familien (Dyregrov 1998).

Det er mange element som utfordrer tradisjonelle teorier i møte med mennesker i krise og sorg som har ein anna kulturbakgrunn eller etnisitet enn majoritetssamfunnet. I samisk kontekst er det blant anna vanleg når nokon dør, at ein finn trøst i å forstå døden som noko som var forutsett, at det var forutbestemt at vedkommande døde. Nokon opplever også ein tilstedeværelse av den døde, som ein støtte gjennom sorgen og i livet vidare (Dagsvold 2006). Dette er del av den kulturell kompetansen som er viktig å kjenna til, kulturelle element som er av stor betydning, sjølv om konfidenten har mista samisk språk gjennom fornorskingstida.

Ulike stressorer kan virka hemmande på sorgarbeidet. Ein stressor kan vera at omgivelsane har forventningar til korleis ein skal reagere, kven ein henvender seg til for å bearbeida hendelsane samt kor lenge ein sørger. Ein anna stressor kan vera at majoritetssamfunnet viser mangelfull forståelse og hensyn i forhold til kulturelle tradisjoner i sorgarbeidet. Som profesjonell hjelpar skal ein vera sensitiv i forhold som omhandler kultur, men også ta individuelle hensyn i forhold som omhandler enkeltmennesker (Bugge et al 2003; Dagsvold 2006; Silviken og Stordahl 2010; Stroebe og Shut 2010; Tronvoll, Moe og Henriksen 2004).

Informantane beskriver at konfidenten bruker både familie og dei profesjonelle hjelparane når ein befinn seg i ein livsfase som medfører krise og sorg. Ein informant frå område der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten viste til at dei i kriseteamet hadde fått oppgitt eit kompetansesenter i forhold til spørsmål kring kulturell kontekst i arbeid med krise og sorg, senteret er SANKS, Samisk nasjonalt kompetansesenter – psykisk helsevern, som også har utgitt relevant litteratur som omhandler samisk kontekst, der også arbeid med krise og sorg er tematisert (Silviken og Stordahl 2010).

6.5 Bruk av samisk språk som truande – bruk av samisk språk som gjenopprettande

I dei kommunene som er innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk, uavhengig av om samisk befolkning tilhører minoriteten eller majoriteten, har nordmenn og samer levd saman gjennom generasjonar, befolknings sammensetningen er ikkje blitt nevneverdig endra. Det kan skapa utfordringar og reaksjonar når no fokus på samisk språk og kultur skal prioriterast høgt i kommunen og der dei som innehar stillingar som skal gi befolkningen eit offentlig tjenestetilbud skal kursast i samisk kultur og språk. Det å tilkjenne samisk identitet blir brått tilgodesett og får eit positivt fortegn, og samisk språk og kultur blir klassifisert som behov som skal bli tatt særskilt hensyn til. Det å slik skulle tilegna seg kompetanse i samisk kultur, som ein alltid har levd i, kan bidra til ytterligere stigma der det allerede eksisterer stigma retta mot samisk befolkning; ein utfordring som er lite omtala og problematisert i forbindelse med innlemming i forvaltningsområdet for samisk språk (Andersen 2010; Grenersen 2002; Johansen 2009; Papadopoulos 2010; Urheim 2007).

Samtidig viser nyare forskning at det å vera innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk innebærer ein viss beskyttelse mot det å oppleve stigmatiserande holdningar samt mobbing og trakassering knytta til samisk etnisitet (Hansen 2011). Det kan skyldast at nye generasjonar vurderer samisk og norsk identitet som likeverdige, samt at det å vera innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk kan bidra til å skapa ei holdningsendring, ved at staten tilrettelegg for å styrka, bevare og utvikla samisk språk og kultur. Det har ein sterk symbolsk verdi, at staten iverksetter tiltak som det forvaltningsområdet for samisk språk innebærer, det kan virka gjenopprettande, ved å vera eit bidrag i det å kompensera for uretten gjort mot samisk befolkning i tida med assimileringspolitikk.

Nokre av informantane vektla dei negative reaksjonane i befolkninga, ved det å vera innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk, og såg heller ikkje nødvendigheten av denne plutselige revitaliseringa av det samiske. Informantane uttrykte lite støtte i forhold til den delen av befolkninga som no valgte å stå tydelegare fram med sin samiske identitet, ei heller ein djupare forståelse for dei som hadde paradoksale reaksjonar på revitaliseringsprosessen. Desse forholda vart ikkje identifisert som del av den kulturelle smerten, som ein direkte konsekvens av assimileringspolitikken. Andre informantar som utviste større grad av kulturell kompetanse, definerte beskrevne forhold som konsekvenser av assimileringspolitikken. Desse informantane uttrykte også bekymring i forhold til at det i områder med ein liten andel samisk befolkning er enno vanskelegare å identifisera kven som

er i behov for kulturell tilrettelegging av tjenestetilbudet, enn i områder der samisk befolkning tilhører majoriteten. Dei gav også uttrykk for at det er eit særskilt behov for kulturell kunnskap og sensitivitet for å kartlegga og tilrettelegga for bruk av samisk i arbeid med krise og sorg i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten (Helsedirektoratet 2013; Skålnes og Gaski 2000).

Politisk sett ligg forholda no til rette for at ein skal kunna tilby det som myndighetene kaller eit kulturelt og språklig tilpassa tjenestetilbud, eit tilbud som skal vera likeverdig det tilbudet majoritetsbefolkninga i Norge mottar. Om tjenestetilbudet skal innehalda element som bidrar til at tilbudet til samisk befolkning blir kulturelt og språklig tilpassa, er det først behov for å opparbeida seg ein kulturell kompetanse som gjer ein i stand til å utforma eit slikt tilbud (Ramsden 2002; Samepolitikken 2008).

Hjå dei som lever med skjult samisk identitet kan bruk av samisk virka provoserande og truande og det kan tidvis komma paradoksale reaksjonar, som eksempelvis skyting på samiske skilt og stigmatiserande holdningar mot det samiske i sosiale medier. Det er viktig å forstå at desse reaksjonane også kan vera ein del av den kulturelle smerten. Etterkommarar av den generasjonen, som valgte å skjula sin samiskhet for å beskytta kommande generasjonar mot stigma opplever no at barn og barnebarn plutselig er del av ein revitalisering av samisk språk og kultur; mange undertrykte emosjoner kjem då til overflaten. Det store offeret dei gjorde ved å undertrykka egen identitet var til ingen nytte. Det smertefulle valget som ble gjort då ein skjulte alt det samiske blir plutselig gjenstand for hån. Barn og barnebarn får hjelp av myndighetane til å ta fram det samiske med stoltheit, der dei av samme myndigheter vart tvinga til å skjula det samiske i skam.

I familier i desse områdene er det nokon som ønsker å stå fram med samisk identitet og nokon som ikkje ønsker å identifisera seg som verken norsk eller samisk, som ønsker å leva vidare i fred med sin skjulte identitet. I desse familiene blir det store polariseringer som medfører opprivande og såre konflikter for alle involverte parter. Det blir for mange eit umulig valg; velger ein det norske svikter ein sine egne, velger ein det samiske sitter ein igjen med mindreverdet og skammen – det fører til ei marginalisering, ein kan ikkje verdsette verken egen samisk kultur eller den norske. Denne delen av den kulturelle smerten viser seg ofte i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten.

I områder der samisk befolkning tilhører majoriteten kan den kulturelle smerten arte seg litt annleis. Her er det mange som etter endt skulegang ender opp med å verken kunne beherske samisk eller norsk skriftlig, og som opplever seg som analfabeter der vidare skulegang blir vanskeleggjort (Eidheim og Stordahl 2004; Grenersen 2002; Høgmo og Pedersen 2012; Jensen 2002; Johansen 2009; Vangen 2005).

Med denne kunnskapen som bakteppe kan ein forstå at samisk befolkning kan oppleve revitaliseringa av det samiske som truande, men der informanten opplever revitaliseringa som truande kan årsaken vera mangelfull kulturell kompetanse og kulturell intoleranse (Grenersen 2002; Helsedirektoratet 2013).

Ein informant beskriver at bruk av samisk kan bidra positivt i sorgprosessen, ved å virka gjenopprettande, også der samisk ikkje er morsmålet; det blir forklart ved at ein sekundær sorg, som konfidenten bærer på, den kollektive kulturelle smerten, blir tilført element av helande karakter, ved at samisk språk blir brukt i ritualet ved gravferda. Reaksjonen bruk av samisk språk skapar kan forklarast ved at konfidenten opplever seg sett, på ein heilheitleg måte; det opnar opp for at konfidenten ikkje treng skjula sin identitet i det offentlige rom. Den profesjonelle hjelparen bidrar til at ansvaret for at det samiske blir sett på som underlegent blir plassert hos mundighetene i majoritetssamfunnet. Informanten bidrar til å gjenoppretta det som er revet ned gjennom fornorskingstida ved å løfta det samiske opp og dermed bidra til at konfidenten kan komma med heile seg i det offentlige rom, og oppleve aksept og ikkje forakt ved å tilhøyra samisk befolkning.

Ved å oppleve at ein som konfident kan komma med heile sin identitet i møte med den profesjonelle hjelparen, er det eit bedre utgangspunkt når ein skal jobba seg gjennom ein livsfase som medfører krise og sorg, enn om ein møter den profesjonelle hjelparen med skam og ein skjult identitet. Det å bruka samisk, løfta opp det samiske rørte ved noko av den kulturelle smerten og bidro til sterke reaksjoner ved grava, der enkeltmenneske takka og gråt mykje; ein overraskande reaksjon, også for informanten, som ikkje hadde opplevd liknande tidlegare. For informanten vart det ein bekreftelse på at det å bruka samisk var av betydning i arbeid med krise og sorg i samiske områder (Stroebe og Shut 2003).

6.6 Personlig engasjement

Eit anna funn var at nokon av informantane beskrev at personlig engasjement og egnethet også var avgjerande i det å forstå betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. Det kan synast som om det er ein faktor som ikkje blir problematisert i litteraturen i det å tilegna seg kulturell kompetanse (Papadopoulos 2010). Informantane beskrev at det var sårbart når det kulturelle og språklige engasjementet, den kulturelle sensitiviteten, kun tilhørte eit fåtall av dei som utgjorde det offentlige tjenestetilbudet. Dersom ein av dei profesjonelle hjelparane med særskilt engasjement slutta var ein prisgitt at den som overtok stillinga utviste det samme engasjementet. Innanfor helse- og sosiale tjenester blir det beskrevet at personlig engasjement tidvis kan vera avgjerande for at møtet med den samiske pasienten skal vera prega av kulturell sensitivitet, i områder der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten (Moe 2004).

Det blir for samisk befolkning difor ekstra sårbart dersom det er stor utskifting blant ansatte i det offentlige hjelpeapparatet. Det syner viktigheten av at forvaltninga av samisk språk og kultur er forankra i institusjonane, i forvaltningsområdet for samisk språk, i tillegg til hjå den enkelte ansatte. Samtidig er det viktig å vera klar over at bruk av samisk språk aleine ikkje er tilstrekkelig; ein må som offentlig hjelpar også bidra i det å skapa ei holdningsendring i forhold til dei stigmatiserande holdningane fornorskinga skapte av samisk identitet, språk og kultur (Grenersen 2002; Helsedirektoratet 2013).

6.7 Å vera i forkant

I møte med majoritetssamfunnet har samisk befolkning etablert sosiokulturelle beskyttelsesmekanismer, ein overlevelsesstrategi som beskytter dei samtidig som det overbeviser profesjonelle hjelparar utan kulturell kompetanse om at det ikkje er behov eit tilpassa tjenestetilbud kva gjeld kultur og språk. Mangelen på kulturell kompetanse i det offentlige hjelpeapparatet, er ein av årsakene til at det ofte ikkje blir tatt hensyn til språk og kultur, også der forholda er særskilt tilrettelagt for bruk av samisk, som i forvaltningsområdet for samisk språk. Samisk befolkning har gjennom generasjonar utan tilrettelegging for bruk av samisk språk i det offentlige hjelpeapparatet, valgt å heller sei at ”vi berges”, me klarer oss, når alternativet er å bli møtt med kulturell intoleranse og stigmatiserande holdningar, dersom ein meddeler behovet for eit kulturelt tilpassa tilbud. I møte med det offentlige hjelpeapparatet

oppgir samisk befolkning ofte at dei behersker norsk og ikkje treng anna språktilbud, då det medfører minst belastning. Behovet for bruk av samisk i ein livsfase som medfører krise og sorg er derfor sterkt underkommunisert. Det å meddela at ein er i behov av å bruka morsmål medfører ein tilleggsbelastning for konfidenten, idet ein då risikerer å bli møtt med stigma eller mangelfull kulturell sensitivitet i ein sårbar situasjon, som ein livsfase som medfører krise og sorg innebærer (Andersen 2010; Helsedirektoratet 2013; Hætta og Smith 2008; NOU 2014:8; Silviken og Stordahl 2010; Skålnes og Gaski 2000; Urheim 2007).

Sjølv om det i kommuner som er innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk er lagt spesielt til rette for bruk av samisk i det offentlige hjelpeapparatet, er det ikkje alltid det blir lagt til rette for det av den profesjonelle hjelparen, viser funn i empirien. Spesielt i områder der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten er det forhold som kan bidra til å hemma bruk av samisk, deriblant mangelfull kulturell kompetanse og kulturell intoleranse, som er beskrevet tidlegare i kapitlet. Det syner også liten grad av bevissthet i forhold til lovverket som gjeld for forvaltningsområdet for samisk språk samt for samisk befolkning uavhengig av bustad; lover som styrker rettighetane i forhold til bruk av samisk. Ein er som offentlig hjelpar forplikta til å leggja forholda til rette for bruk av samisk, og bryter dermed med lovverket når så ikkje skjer.

...utvidet rett til bruk av samisk i helse- og sosialsektoren, individuelle kirkelige tjenester. Samelovens språkregler er minimumsregler, og alle offentlige virksomheter oppfordres til å ta hensyn til brukere av samiske språk, også ut over lovens regler. (Sameloven 1987/2005)

Ein av informantane bruker uttrykket, «å vera i forkant». Han oppgav at han ikkje alltid kjente til om konfidenten hadde samisk bakgrunn eller ei, men det å ha med seg i bevisstheten, at ved å oppholda seg og jobba i eit område der samisk befolkning tilhøyrer ein liten, men tidlegare kulturelt tilsidesatt andel av befolkninga, valgte han å vera i forkant, og bruka samisk, slik at dei som trengte det ville bli berørt. Det viser ein høg grad av kulturell kompetanse der den kulturell sensitiviteten er framtrudande.

Ein annan informant, frå eit område der samisk befolkning tilhøyrer majoriteten, beskriver at han ofte sa til konfidenten at vedkommande kunne bruka samisk om vedkommande ønska det, og informanten kommer med eksempel på der samtalen då endra karakter og beskriver korleis konfidenten opnar seg og får gitt uttrykk for det som berører på det emosjonelle plan på ein

anna måte enn når samtalen foregjekk på norsk. Her ble ikkje bruk av morsmål etterspurt av konfidenten, men informanten, den profesjonelle hjelparen, tilbydde bruk av samisk.

Med kunnskapen om at det er av betydning å få bruka morsmål i ein livsfase som medfører krise og sorg samt kunnskap om at samisk befolkning i liten grad etterspør bruk av morsmål, bør ein vurderer om ein heller skal *tilby* bruk av morsmål. Lovteksten som seier at ein har *rett til* og at om ein *ønsker* skal ein få bruka morsmål, men Samelovens språkregler er minimumsregler, og alle offentlige virksomheter oppfordres til å ta hensyn til brukere av samiske språk, også ut over lovens regler (Sameloven 1987). Det å skulle etterspør bruk av morsmål medfører for konfidenten ei tilleggsbelastning i ein sårbar livsfase med krise og sorg, i tillegg til beskrevne beskyttelsesmekanismer og frykt for stigma.

Kapittel 7 Avslutning

7.1 Det er av betydning å bruka morsmål i arbeid med krise og sorg

Hovedfunnet i oppgåva er at det er av betydning å bruka morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. Samtlige informanter beskriver at det i møte med enkeltmennesker er av betydning å bruka morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder; det var allikevel ulikt korleis denne beskrivelsen ble vektlagt i intervjuet. Beskrivelsane av samisk kultur og språk samt vektlegginga av dei i rolla som profesjonell hjelpar varierte; ein del av forklaringa finn ein i at det var ulik grad av kulturell kompetanse hjå informantane.

Litteraturen som er benytta i oppgåva beskriver tydelig og konkret at det er av særskilt betydning å bruka morsmål i arbeid med krise og sorg, sjølv om det eksisterer lite empirisk forskning kring tematikken. Det blir beskrevet at det i ein livsfase som medfører krise og sorg er lettare å uttrykka seg på det emosjonelle plan når ein får bruka morsmål. Litteraturen bekrefter slik at det er av betydning for konfidenten å bruka morsmål i møte med det offentlige hjelpeapparatet når vedkommande befinn seg i ein livsfase som medfører krise og sorg. Det blir også beskrevet at det i ein fase med krise og sorg er vanskeleg å uttrykka seg på sitt andrespråk, sjølv om ein i kvardagen behersker andrespråket tilfredstillande.

7.2 Mangelfull kulturell kompetanse forhindrer bruk av morsmål

Mangelfull kulturell kompetanse hjå den offentlige hjelparen er eit viktig funn fordi det er ein faktor som bidrar til å forhindra bruk av morsmål. Å tilegna seg kulturell kompetanse er derfor eit sentralt element for den offentlige hjelparen i samiske områder. Mangelfull kulturell kompetanse viste seg kun i områder der samisk befolkning tilhørde minoriteten; der nokre av informantane viste mangelfull kulturell kompetanse og tidvis kulturell intoleranse. Kulturell intoleranse kan bidra til eit forringa tjenestetilbud, som igjen kan bidra til at sorgprosessen blir hemma og at konfidenten mister tillit til det offentlige hjelpeapparatet.

Den kulturelle kompetansen som er sentral i det å beskriva betydningen bruk av samisk språk for den profesjonelle hjelparen, inneheld kulturelle element, som forståelse av døden, samt historiske element, der tida med assimileringsspolitikk samt konsekvensane av den er sentral. Ein av konsekvensane av fornorskingstida er den kulturelle smerten, der mange i dag lever med ein skjult samisk identitet fordi dei negative holdningane til samisk språk og kultur som ble skapt av assimileringsspolitikken i stor grad fortsatt eksisterer. Dei stigmatiserande holdningane er mest uttalt i områder der samisk befolkning tilhører minoriteten, og paradoksalt nok har ofte adressaten av ytringane samisk identitet. Det kan forklarast ut frå sosiokulturelle beskyttelsesmekanismer, mekanismer som skal beskytta ein frå å oppleva stigma knytta til samisk identitet. Ein beskyttelsesmekanisme er paradoksalt nok å ytra negative holdningar til egen identitet, for slik å forsøka skjula sin samiske identitet. Ein anna måte å beskytta seg mot stigma er å leva med ein skjult samisk identitet der ein blant anna i kontakt med det offentlige hjelpeapparatet overbeviser norsk majoritetsbefolkning om at dei behersker norsk og ikkje er i behov at bruk av morsmål.

Dei forholda som her blir beskrevet, som har sin bakgrunn i historiske hendelser, er ei utfordring for samisk befolkning idet deira kulturelle behov ikkje blir tatt hensyn til, men dei er også i stor grad ei utfordring for norsk majoritetsbefolkning idet dei syner at det fortsatt eksisterer kulturell intoleranse knytta til samisk befolkning. Denne kulturelle intoleransen kom til uttrykk i funn av mangelfull kulturell kompetanse; her vart også betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg minst vektlagt. Der dei beskrevne elementa av kulturell kompetanse er med i fortolkingssramma, beskriver informanten at det er av stor betydning å bruka samisk språk i arbeid med krise og sorg.

7.3 Betydningen av bruk av samisk der konfidenten ikkje behersker samisk språk

Ein dimensjon av betydningen av bruk av samisk språk i arbeid med krise og sorg var eit overraskande funn. Ein informant beskriver at bruk av samisk, også der konfidenten ikkje behersker samisk språk, forløyste viktige emosjoner i sorgarbeidet. Det kan forklarast ut frå at samisk språk er symbolsk viktig. Ei anna forklaring finn ein i definisjonen av morsmål, der to av fire kriterier er oppfylt, også der ein ikkje behersker morsmålet. Det ein innan sosiolingvistikken kaller *opprinnelseskriteriet*, beskriver morsmål som det språket ein først lærer og som ein knytter sine første varige kontakter på samt lærer å sosialisera på. Det andre kriteriet er *identifikasjonskriteriet*, som forklarar morsmål som det språket ein identifiserer seg med (intern identifikasjon) eller det språket ein blir identifisert med (ekstern identifikasjon). Sjølv om ein ikkje behersker samisk språk har ein allikevel ei sterk tilknytning til det fordi samisk språk er ein sentral identitetsmarkør, også der ein ikkje sjølv behersker språket.

Det forklarast også ut frå at bruk av samisk språk er av betydning i arbeid med krise og sorg, også der konfidenten ikkje behersker samisk språk, fordi det kan virka gjenopprettande. Den kulturelle smerten, som er ein direkte konsekvens av fornorskingstida, blir beskrevet som eit kollektivt traume, og det er eit traume som store delar av samisk befolkning fortsatt bærer på, fordi samisk befolkning fortsatt opplever stigma knytta til samisk identitet. Det å slik bære på ein sekundær sorg kan virka negativt og hemmande i sorgarbeid. Det å som offentlig hjelpar bidra med element som virker gjenopprettande kan medføra at ein får starta bearbeidinga av den sekundære sorgen og det kan bidra positivt i sorgarbeidet i den primære sorgen.

7.4 Studiens avgrensinger og vidare forskning

Språk og kultur er samanvevd. Kulturelle forhold er inkludert i studien, men ikkje i like stor grad som språklige forhold, grunna studiens rammebegrensinger samt at språk er hovudtematikken i problemstillinga.

Tiltak og virkemiddel for å konkret kunna tilby bruk av morsmål, til dømes bruk av profesjonelle hjelparar som behersker samisk samt tolketjeneste, er ikkje inkludert i denne studien. Det er eit spørsmål som naturleg reiser seg i fortsettelsen av tematikken, bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder, men rammebegrensingane for denne studien tillot ikkje at det vart inkludert. Forhold som er utfordrande i forhold til

kommunikasjon via tolk, til dømes familiære forhold, kvaliteten på tolketjenesten med meir, blir heller ikkje nærare beskrevet.

Vidare forskning bør i større grad inkludera konfidenten. Denne oppgåva har latt den offentlige hjelparen uttala seg kring problemstillinga, betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder. Eit anna forhold som blir ansett som like sentralt i det å forska på temaet betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg i samiske områder, er konfidenten. Det er heilt avgjerande å la konfidenten si stemme også bli høyrte, i alle samiske områder, men særskilt i områder der assimileringspolitikken har ramma hardast i det å fremma taushet kring samisk språk og kultur, i områdene der samisk befolkning tilhøyrer minoriteten.

7.5 Konklusjon

Når ein som profesjonell hjelper innehar den kulturelle samt faglige kunnskapen om at det er av betydning å få bruka sitt morsmål i ein livsfase som medfører krise og sorg, samt kunnskap om at samisk befolkning i liten grad etterspør bruk av morsmål, bør ein som offentlig hjelper i større grad *tilby* bruk av morsmål. Lovteksten inviterer også til det ved å seie at Samelovens språkregler er minimumsregler, og at alle offentlige virksomheter oppfordres til å ta hensyn til brukere av samiske språk, også ut over lovens regler. Det å sjølv skulle etterspørre bruk av morsmål i ein sårbar livsfase med krise og sorg, medfører ei tilleggsbelastning, også på bakgrunn av beskrevne historiske forhold samt frykt for stigma. Det å tilby bruk av morsmål bør derfor vera ein del av det etablerte offentlige tjenestetilbudet som er kulturelt tilpassa den konteksten ein befinn seg i.

Denne oppgåva tar utgangspunkt i forvaltningsområdet for samisk språk, der forholda er lagt særskilt til rette for bruk av samisk språk. Der studien viser at det *her* eksisterer utfordringer er det naturleg å tenka at det også eksisterer utfordringer i samiske områder som ikkje er innlemma i forvaltningsområdet for samisk språk samt for samisk befolkning busett i områder utanfor dei samiske områdene.

Referanser

Acta Universitatis Umensis (1991) *Språket som kulturspegel – Umeforskare beretter* Acta Universitatis Umensis

Andersen K.B (2010) «Å berges» - *En studie av noen brukererfaringer fra et sjøsamisk område*. I: Silviken A og Stordahl V (red.) (2010) *Samisk psykisk helsevern. Nye landskap, kjente steder og skjulte utfordringer*. Čálliid Lágádus

Angell O.H., Kristoffersen A.S. (2005) *Kirke og helse. Kartlegging av diakonalt helsearbeid innen Den norske kirke*. Diakonhjemmet Høgskole

Askim, A (2003) *Barn i krise og sorg* Skolepsykologi, nr.5, 2003 (Worden)

Bals M.J; Turi A.L; Skre I; Kvernmo S (2010). " *Internalization symptoms, perceived discrimination, and ethnic identity in indigenous Sami and non-Sami youth in Arctic Norway*". *Ethnicity and Health* 2010; Volum 15 (2). ISSN 1355-7858.s 165 - 179.s doi: [10.1080/13557851003615545](https://doi.org/10.1080/13557851003615545)

Bals M og Dimpas A.L.T (2014) *Kulturforståelse i klinisk arbeid med samisk befolkning*. Presentasjon ved kommunepsykologer i Kautokeino

Bjørklund I. (1994) *Hvordan nordmenn ble flere og samer ble færre*. I: Erke R., Høgmo A. (red.) *Identitet og livsutfoldelse. En artikkelsamling om flerfolkelige samfunn med vekt på samenes situasjon*. Tromsø. Universitetsforlaget. S. 67-73

Blix B.H, Hamran T (2015) *Helse- og omsorgstjenester til samiske eldre*. Temahefte Helsedirektoratet

Bongo, B.A (2012) «*Samer snakker ikke om helse og sykdom*» – *samisk forståelseshorisont og kommunikasjon om helse og sykdom. En kvalitativ undersøkelse i samisk kultur*. Universitetet i Tromsø

Bugge K.E., Eriksen H. og Sandvik O. (red.) (2003) *Sorg*. Fagbokforlaget

Cullberg J. (1999) *Dynamisk psykiatri i teori og praksis*. Tano

Dana Richard H. (2008) *Multicultural Assessment – Principles, Applications and Examples*. Psychology Press.

Dagsvold I. (2006) *In gille huma. De tause rommene i samtalen – samiske fortellinger om kreft. Mastergradsoppgave i sykepleie og helsevitenskap.* Det medisinske fakultet, Institutt for Klinisk medisin, Avdeling for sykepleie og helsevitenskap, Universitetet i Tromsø

Danbolt L. J. og Stifoss-Hanssen H. (2007) *Gråte min sang.* Høyskoleforlaget

Den norske kirke (1997) *Plan for diakoni.* Oslo. Kirkerådet

Den norske kirke (2000) *Forankring og forandring. Den norske kirke i det norske samfunn.* Oslo. Kirke/stat-utvalget

Det kongelige Arbeids- og inkluderingsdepartementet (2009) *Handlingsplan for samiske språk.* Regjeringen.no

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/aid/publikasjoner/rapporter_og_planer/2009/handlingsplan_2009_samisk_sprak.pdf (03.11.15)

Det kongelige Arbeids- og sosialdepartement (2007-2008) *Stortingsmelding nr. 28 Samepolitikken.* Regjeringen.no

<https://www.regjeringen.no/contentassets/8e1e26b083304fa394b6495db574a060/no/pdfs/stm200720080028000dddpdfs.pdf> (04.11.15)

Det kongelige Fornyings-, administrasjons- og kirkedepartementet (2010) *Handlingsplan for samiske språk – status 2010 og videre innsats 2011.* Regjeringen.no

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fad/vedlegg/sami/handlingsplan_samiskesprak_status2010_bm.pdf (04.11.15)

Det kongelige Kommunal- og moderniseringsdepartementet (2013) *Handlingsplan for samiske språk – status 2011-2013.* Regjeringen.no

https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/fad/vedlegg/sami/handlingsplan_samiskesprak_2013_no.pdf (03.11.15)

Drivenes E.A. (2004) Kirka og fornorskingspolitikken I: Malmbekk S., Nettet S., Nordeval Ø., Riise K.Y. (2004) *Et hellig land for Gud – Hålogaland bispedømme 200 år.* Ravnetrykk. Universitetet i Tromsø

Dyregrov A. (2006) *Komplisert sorg: teori og behandling.* Tidsskrift for Norsk psykologforening, nr 43, 2006

- Dyregrov K, Nordanger D, Dyregrov A (1998) *Omsorg for etterlatte etter selvmord*. Kommunestudien. Bergen: Senter for Krisepsykologi
- Eidheim H. (1971) *Aspects of the Lappish Minority Situation*. Universitetsforlaget Oslo
- Eidheim H, Stordahl V. (red.) (2004) *Kulturmøte og terapi i Sápmi*. Davvi Girji
- Ellingsen T. (2004) *Et nytt bispedømme og en djerv biskop I*: Malmbekk S., Nettet S., Nordeval Ø., Riise K.Y. (2004) *Et hellig land for Gud – Hålogaland bispedømme 200 år*. Ravnetrykk. Universitetet i Tromsø
- Eriksen K.E., Niemi E. (1981) *Den finske fare*. Oslo. Universitetsforlaget.
- Erke R., Høgmo A. red. (1994) *Identitet og livsutfoldelse*. Sámi Oahpahusráddi/Samisk utdanningsråd. Davvi Girji
- Everett E.L og Furseth I. (2008) *Masteroppgaven. Hvordan begynne – og fullføre*. Universitetsforlaget
- Folkenborg H.R (2008) *Nasjonal identitetsskaping i skolen En regional og etnisk problematisering* Eureka læremiddelserie Nr.4 2008. Eureka Forlag Høgskolen i Tromsø
- Gadamer H-G., Jordheim H. (2003) *Forståelsens filosofi – utvalgte hermeneutiske skrifter*. Oslo. Cappelen
- Garrett P. (2010) *Attitudes to Language – key topics in sociolinguistics*. Cambridge University Press
- Gray M., Coates J., Yellow Bird M. (2008) *Indigenous Social Work around the World*. Ashgate
- Greneren G. (2002) *Ved forskningens grenser – Historien om et forskningsprosjekt i det samiske Nord-Norge*. Spartacus
- Grevbo T.J.S. (2006) *Sjelesorgens vei*. Luther Forlag AS
- Gulbrandsen L. M. (red.) (2006) *Oppvekst og psykologisk utvikling*. Universitetsforlaget
- Gulbrandsen L. M. (2006) *Kulturpsykologiske tilnærminger til barns utvikling*. I:
Gulbrandsen L. M. (red.) (2006) *Oppvekst og psykologisk utvikling*. Universitetsforlaget

Hansen L. I. og Olsen B. (2004) *Samenes historie fram til 1750*. Cappelen Damm Akademisk

Hanssen I. (2009) *Kulturkompetanse som et viktig aspekt ved god omsorg*.

Konferanseforedrag ved seminar for ansatte i kommunehelsetjenesten i Finnmark fylke, Karasjok.

Hanssen I og Alpers L-M (2010) *Interpreters in Intercultural Health Care Settings: Health Professionals` and professional interpreters` cultural knowledge and their reciprocal perception and collaboration*. Journal of intercultural communication

Hanssen I (2010) *Facing differentness. Ethical challenges in intercultural nursing*. Saarbrücken: VDM Verlag Dr Muller Aktiengesellschaft & co

Hanssen I (2010) *A song of identity: Yoik as example of the importance of symbolic cultural expression in intercultural communication/health care*. Lovisenberg Diakonale Høgskole

Helsedirektoratet (2013) *Treårige satsinger innen samiske helse- og omsorgstjenester, (2010-2012)* Rapport IS 2052

Helsekompetanse.no Helse Finnmark HF, Sametinget, Nasjonalt senter for samhandling og telemedisin (2012) *Samisk tolking i helsevesenet - e-læringsprogram* Helsekompetanse.no 20.11.2015 <http://kurs.helsekompetanse.no/samisk/10510>

Hofman S. (2011) *Etniske minoritetsbarn om opplever vold i familien-utfordringer og muligheter*. Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress. NKVTS rapport 2-2011

Hundeide K. (2006) *Diskurser, redskaper og kontrakter i barns utvikling: et kulturpsykologisk perspektiv*. I: Gulbrandsen L. M. (red.) (2006) *Oppvekst og psykologisk utvikling*. Universitetsforlaget

Huuva, R-M (1999) *Galbma rádná*. Guovdageaidnu, DAT.

Huuva, R-M (2001) *Kall kamrat*. Guovdageaidnu, DAT

Hætta O.M., Smith A. (2008) *Hva er samisk samfunnsmedisin?* I: Helserådet 13:2008. Helsebiblioteket

Hætta O.M (1986) *Hvorfor våre behandlingsmodeller virker eller ikke virker – psykiatri på tvers av kulturgrensene*. Nord Psykiatr Tidskrift 1986; 40:25-32. Oslo. ISSN 0029-1455

- Høgmo A og Pedersen P (2012) *Sápmi slår tilbake – samiske revitaliserings- og moderniseringsprosesser i siste generasjon*. Cálliid Lágádus
- Jensen E. B (2002) *Fra fornorskningsspolitikk mot kulturelt mangfold*. Nordkalott-Forlaget
- Jernsletten N (1994) *Om språket i samiske samfunn I*: Erke R., Høgmo A. (red.) *Identitet og livsutfoldelse*. Sámi Oahpahusráddi/Samisk utdanningsråd. Davvi Girji
- Johansen Å.M. (2009) «Velkommen te` våres Norge» *En kvalitativ studie av språkbytte og språkbevaring i Mandalen i Gáivuotna/Kåffjord*. Novus forlag
- Johannessen A, Tuft P.A og Christoffersen L. (2010) *Introduksjon til samfunnsvitenskapelig metode*. Abstrakt Forlag
- Johnsen T. (2007) *Jordens barn, solens barn, vindens barn – kristen tro i et samisk landskap*. Verbum
- Josefsen E (2006): *Selvopplevd diskriminering blant samer i Norge*, Norut NIBR Finnmark, rapport 2006:3
- Journal of the Sami Medical Association (Sami Doaktariid Searvvi Aigecala) (1986) *Sami Medica – Helse for samene I år 2000*
- Kirkerådet (2008) *Plan for diakoni for Den norske kyrkja - nynorsk*
- Kjølaas P.O., Larsen Ø., Nielsen S.A. (2004) *Kirken i nord – spenningsfelt mellom mange kulturer I*: Malmbekk S., Nettet S., Nordeval Ø., Riise K.Y. (2004) *Et hellig land for Gud – Hålogaland bispedømme 200 år*. Ravnetrykk. Universitetet i Tromsø
- Kommunaldepartementet (1991) *Prosjektrapport – tospråklighet i samiske kommuner i indre Finnmark*
- Kramvig B (1999) *I kategoriens vold*, I: Eidheim H (red) (1999) *Samer og nordmenn*. Cappelen akademiske forlag. Oslo
- Kristiansen R.E. (2005) *Kristen tro og læstadianisme*. Fagbokforlaget
- Kristiansen R.E. (2004) *Læstadianismen, kirken og samene I*: Malmbekk S., Nettet S., Nordeval Ø., Riise K.Y. (2004) *Et hellig land for Gud – Hålogaland bispedømme 200 år*. Ravnetrykk. Universitetet i Tromsø

Kriz K., Skivenes M. (2009) *Lost in translation: How child welfare workers in Norway and England experience language difficulties when working with minority ethnic families*. British journal of Social Work, 40 (85), 1353-1367

Lovdata.no *Kongeriket Norges Grunnlov*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1814-05-17> (20.11.2015)

Lovdata.no *Lov om Sametinget og andre samiske rettsforhold (sameloven)*. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1987-06-12-56> (15.11.2015)

Malmbekk S., Nettet S., Nordeval Ø., Riise K.Y. (2004) *Et hellig land for Gud – Hålogaland bispedømme 200 år*. Ravnetrykk. Universitetet i Tromsø

Mehus G og Bongo B.A (2012) *Kunnskapsoppsummering og litteraturgjennomgang av samiske helse- og omsorgstjenester*. HIF-rapport 2012:3 Høgskolen i Finnmark

Moe A. (2004) *Sørsamisk kulturforståelse i kommunale helse- og sosialtjenester? I: Tronvoll I.M, Moe A., Henriksen J. E. (red.) (2004) Hjelp i kontekst – praksis, refleksjon og forskning*. Idut forlag

Nergård J.I. (2000) *Tradisjon og fortelling i samisk medisin. I: Samisk folkemedisin i dagens Norge*. Altern og Minde. Tromsø, 2000. (Rapport frå seminar i regi av Institutt for sosiologi og Senter for samiske studier, Tromsø 26.-27. november 1998. Skriftserie/Sami dutkamiid guovddas: nr.9. Tromsø Senter for samiske studier, Universitetet i Tromsø: IV, 103 sider.

Niemi E. (2002) *Kategoriens etikk og minoritetene i nord. Et historisk perspektiv. I: Samisk forskning og forskningsetikk*. Oslo. Den nasjonale forskningsetiske komite for samfunnsvitenskap og humaniora (NESH)

NOU 1985:14 *Samisk kultur og utdanning*.

NOU 1995:6 *Plan for helse – og sosiale tjenester til den samiske befolkning i Norge*.

NOU 2010:7 *Mangfold og mestring. Flerspråklige barn, unge og voksne i opplæringsystemet*

NOU 2014:8 *Tolking i offentlig sektor*

Nymo R (2007) *Den samiske pasientens mangfold – er omsorgsutøveren beredt til møter?* Tidsskrift for psykisk helsearbeid Vol.4 Nr.1: 33-42

- Nystad T., Melhus M. og Lund E. (2006) *Samisktalende er mindre fornøyd med legetjenestene*. Tidsskrift for den Norske Lægeforening. Nr.6: 738-40
- Olsen T. og Eide A.K. (1999) *Med ei klype salt – håndtering av helse og identitet i en flerkulturell sammenheng*. Nordlandsforskning. NF-rapport nr.9, 1999
- Ramsden, I.M (2002) *Cultural Safety and Nursing Education in Aotearoa and Te Waipounamu*. Victoria University of Wellington
- Sárgon S. (2007) *Konsekvenser av statens fornorskningsspolitikk - med fokus på tapt skolegang under andre verdenskrig*. Masteroppgave i pedagogikk med fordypning i spesialpedagogikk. Universitetet i Tromsø
- Sámediggi (2005) *Melding om samiske helse- og sosialtjenester*. Sámediggi/Sametinget Sametinget.no <https://www.sametinget.no/Om-Sametinget/Bakgrunn> (11.11.2015)
- Sami Education Council (Sami Oahpahusraddi) (1998) *Bilingualism among Indigenous Peoples and other minority groups*
- Samisk kirkeråd (1999) *Grunnlagstenkning om samisk diakoni*
- Samisk kirkeråd (2007) *Håndbok i samisk diakoni*
- Silviken A. og Stordahl V. (red.) (2010) *Samisk psykisk helsevern. Nye landskap, kjente steder og skjulte utfordringer*. Čálliid Lágádus
- Skodvin A. (2006) *Lev Semnojevitsj Vygotskij: Utvikling i kulturhistorisk perspektiv*. I: Gulbrandsen L. M. (red.) (2006) *Oppvekst og psykologisk utvikling*. Universitetsforlaget
- Skoglund L.V. (2011) *Kulturforståelse – av betydning for tjenestetilbudet til urbefolkning*. Sámediggi/Sametinget
- Skogøy E (2008) *Arbeid med voldsutsatte kvinner med minoritetsbakgrunn* Nasjonalt kunnskapssenter om vold og traumatisk stress
- Skutnabb-Kangas T. (1981) *Tvåspråkighet*. Lund: Liber Laromedel Lund
- Skutnabb-Kangas T. (2000) *Linguistic Genocide in Education – or Worldwide Diversity and Human Rights?* Mahwah New Jersey. London: Lawrence Erlbaum Associates Publishers

- Skålnes S og Gaski M (2000): *Tospråklig tjenesteyting – brukerundersøkelse i forvaltningsområdet for samelovens språkregler*. NIBR prosjektrapport 2000: 17
- Smedley B.D, Stith A.Y, Nelson A.R (2003) *Unequal Treatment. Confronting Racial and Ethnic Disparities in Health Care* National Academies Press, Washington, D.C.
- Solstad K.J (red), Balto A.M.V, Nygaard V, Josefsen E, Solstad M (2012) *Samisk språkundersøkelse* Nordlandsforskning NF-rapport nr.7 2012
- Stifoss-Hanssen H (2009) *Når verden raser sammen. Diakonien sin identitet, ritualer som diakoni og diakonens yrkesrolle* I: Johannesen K.I., Jordheim K., Korslien K.K. (red.) (2009) *Diakoni – en kritisk lesebok*. Tapir akademisk forlag
- Stroebe, M., Schut, H. (2001) *Risk factors in bereavement outcome: A methodological and empirical review*. I M. S. Stroebe, R. O. Hansson, W. Stroebe, & H. Schut (Eds.), *Handbook of bereavement research* (ss. 349–371). Baltimore: United Book Press
- Stroebe M.S, Hansson R.O, Stroebe W og Schut H (2010) *Handbook of Bereavement Research – Consequences, Coping and Care*. American Psychological Association.
- Stroebe M.S, Hansson, R.O, Schut H og Stroebe W (2011) *Handbook of Bereavement Research and Practice – Advances in Theory and Intervention*. American Psychological Association.
- Stroebe M.S, Schut H, Stroebe W (2003) *Helsemessige følger av sorg*. Tidsskrift for Norsk Psykologforening, volum 48 nr 9, 2011.
- Stålsett, G. (2004) *Forsonet mangfold i den lokale og verdensvide kirke* I: Malmbekk S., Nesset S., Nordeval Ø., Riise K.Y. (2004) *Et hellig land for Gud – Hålogaland bispedømme 200 år*. Ravnetrykk. Universitetet i Tromsø
- Tronvoll I.M, Moe A., Henriksen J. E. (red.) (2004) *Hjelp i kontekst – praksis, refleksjon og forskning*. Idut forlag
- Vangen L (2005) *De fromme har mange sorger, mens verdens dårer ler: en studie om hvordan ikke-læstadianere i Manndalen forholder seg til læstadianismen*. Munin, UIT
- With T.H. (2001) *Samisk språk for samiske minoriteter*. Samemisjonen.no
<http://www.samemisjonen.no/artikler/samisk-spraak-for-samiske-minoriteter/> (15.11.2015)

Vedlegg

Vedlegg I Forespørsel om deltagelse i intervju

Forespørsel om deltagelse i intervju i forbindelse med arbeid med masteroppgave i diakoni

Eg heiter Trine Sortland Triumph og er for tida mastergradsstudent ved Diakonhjemmet Høgskole i Oslo. I masteroppgava i diakoni skal eg skrive om temaet «Betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg». Eg ønsker å retta søkelyset mot samiske områder og ønsker derfor å intervju den kirkelige representanten for dei kommunale kriseteama i seks av kommunane som er definert som forvaltningsområde for samisk språk. Eg har på forhånd tatt kontakt med ledaren i det kommunale kriseteamet du tilhører og har fått klarsignal i forhold til å sende deg denne forespørselen.

Eg jobber til dagleg som intensivsjukepleiar ved Medisinsk overvåking og Intensiv ved Lovisenberg Diakonale sykehus i Oslo.

Eg tar ei mastergrad i fagområdet diakoni. Diakoni kan for mange vera eit litt ukjent begrep. Eg vil derfor kort forklara kva diakoni er. Diakoni er et begrep som oftast blir brukt innanfor kirka. Diakoni beskriv kirka sitt omsorgsarbeid, som har forankring i nestekjærlighet slik den er beskrevet i bibelen. Diakoni er definert slik i «Plan for diakoni i Den Norske Kirke»: *Diakoni er kirkens omsorgstjeneste. Det er evangeliet i handling og uttrykkes gjennom nestekjærlighet, inkluderende fellesskap, vern om skaperverket og kamp for rettferdighet.* Dette har utvikla seg til ein egen tjeneste i kirka, der ein blir vigsla til arbeidet som diakon.

Sidan eg skriv innanfor fagområdet diakoni begrenser eg forespørselen til å gjelda den kirkelige representanten i det kommunale kriseteamet. Eg har sjølv kortare erfaring frå arbeid i nordsamiske områder og vart gjennom erfaringer der engasjert i temaet og ønsker å finna ut meir om fagområdet innanfor arbeid med krise og sorg og sjå på korleis det påvirker arbeidet i dei kommunale kriseteama i utvalgte kommuner tilhøyrande forvaltningsområdet for samisk språk.

Deltagelse vil innebære å bli intervjuet av meg, og intervjuet vil ha form som en samtale som foregår på norsk med ca. 1 times varighet. Det kan bli aktuelt med eit kortare

oppfølgingsintervju. Det vil bli foretatt individuelle intervju og det vil bli tatt opp på bånd. Vidare vil intervjuet bli nedskrevet. Kun underteikna og to veiledere vil ha tilgang til materiellet. Alt som kjem fram i intervjuet vil bli anonymisert. Enkeltsitat kan bli brukt i oppgåvebesvarelsen, men der dei blir brukt vil dei bli anonymisert i henhold til Diakonhjemmet Høgskole sine etiske retningslinjer og vil difor ikkje kunna sporast tilbake til stad eller person. Etter fullføring av masteroppgåva vil alt av intervjumateriell (lydbåndopptak) bli destruert og all skriftlig gjengivelse vil bli anonymisert, i henhold til retningslinjer i lov om personvern, anslagsvis hausten 2015. Det er også sendt forespørsel til Norsk Samfunnsvitenskaplig Datatjeneste (NSD) om godkjenning av gjennomføring av intervju samt oppbevaring og destruering av data, slik det her er beskrevet.

Deltagelse er frivillig og kvar deltager står fritt til å avslutte samarbeidet når som helst i prosessen. Resultata vil ikke ha noen direkte betydning for dykk som deltar i prosjektet, men vil forhåpentlig kunne ha betydning i forhold til ein forståelse for arbeid med menneske i krise og sorg når det gjeld kva betydning bruk av morsmål har.

Ta gjerne kontakt dersom du har spørsmål eller ønsker meir informasjon. Dersom du ønsker å delta i prosjektet må du underskrive samtykkeerklæringen nedanfor og returnere den i vedlagte ferdigfrankerte svarkonvolutt. Eg vil kontakte deg så snart som mulig etter å ha mottatt erklæringen. Eg håpar dette lar seg gjennomføra og ser fram til å besøka kommunen dykkar og møta deg der.

Ved spørsmål ta gjerne kontakt meg på tlf.nr.: 45 23 43 24 eller e-post:

trine.sortland@gmail.com

Ved behov ta gjerne kontakt også med mine to veiledere:

Stipendiat ved Diakonhjemmet Høgskole, **Anne Austad**, e-post: austad@diakonhjemmet.no

eller Høgskolelektor ved Kirkelig Utdanningscenter i Nord (KUN), **Line Merethe Skum**, e-post: line.m.skum@uit.no .

Med vennleg helsing Trine Sortland Triumph

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt skriftlig informasjon om mastergradsarbeidet med temaet

«Betydningen av bruk av morsmål i arbeid med krise og sorg».

Ja, eg ønsker å delta i prosjektet og kan kontaktast for intervju.

Signatur Stad/dato

Tlf.nr.:

E-post:

Intervjuguide

Hovudspørsmål med underspørsmål/hjelpespørsmål

1. I kor stor grad opplever du at du har kjennskap til og kunnskap om samisk kultur og språk?

Samisk bakgrunn? Nordsamisk som morsmål? Samisk språk og kultur i fagkretsen? Kurs i samisk språk og/eller kultur? Kjenner du til kor mange i teamet som har samisk som morsmål? Kor lenge har du budd i kommunen? Kor lenge har du vore medlem av det kommunale kriseteamet?

2. I kor stor grad/på kva måte blir samisk språk og kultur tematisert i fagkulturen i kriseteamet?

Tema på møter i kommunens kriseteam eller felles møtearenaer med andre kriseteam i distriktet? Har det vore arrangert kurs der bruk av morsmål har vore tematisert, i forbindelse med arbeid med krise og sorg? Tema i teamet i forbindelse med direkte krisearbeid?

3. På kva måte blir det tatt hensyn til språk og kulturbakgrunn i kriseteamets arbeid?

Bruk av tolk? Speler alder på konfident nokon rolle? Fordeling av konfidenter på bakgrunn av kjennskap til morsmål?

4. I kor stor grad opplever du at konfidenten blir ivaretatt med hensyn til språk og kulturbakgrunn?

Tilbakemeldinger frå konfident? Bruk av morsmål etterspurt av konfidenten? Speler det ei rolle om fagpersonen i kriseteamet har samisk bakgrunn eller har budd lenge i kommunen? Opplever du at morsmål blir brukt oftare enn majoritetsspråket? Blir det eit tema dersom medlemmet i kriseteamet ikkje kan samisk eller har samisk bakgrunn eller god kjennskap til samisk språk og kultur? Opplevs det noko i kommunikasjonen (for eksempel noko hemmande i kommunikasjonen) der fagpersonen i kriseteamet ikkje kan samisk eller har samisk bakgrunn?

5. I kor stor grad etterspør konfidenten bruk av morsmål?

Speler alder noko rolle i så måte? Etterspør pårørande eller andre bruk av morsmål på vegne av konfidenten?

6. Kva betydning trur du bruk av morsmål har i arbeid med krise og sorg?

Egne erfaringer? Situasjonar du har høyrte om der bruk av morsmål har vore av betydning for konfidenten?

7. Kva tenker du i forhold til arbeidet i det kommunale kriseteamet i forhold til at kommunen er del av forvaltningsområdet for nordsamisk?

Kjenner du til kva det innebærer at kommunen er del av forvaltningsområdet for nordsamisk? Kva informasjon foreligg om det å vera del av forvaltningsområdet for nordsamisk (skriftlig og muntlig)?

Norsk samfunnsvitenskapelig datatjeneste AS
NORWEGIAN SOCIAL SCIENCE DATA SERVICES



Harald Hårfagres gate 29
N-5007 Bergen
Norway
Tel: +47-55 58 21 17
Fax: +47-55 58 96 50
nsd@nsd.uib.no
www.nsd.uib.no
Org.nr. 985 321 884

Anne Austad
Diakonhjemmet Høgskole AS
Postboks 184 Vinderen
0319 OSLO

Vår dato: 28.02.2012

Vår ref:29679 / 3 / HIT

Deres dato:

Deres ref:

TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 03.02.2012. Meldingen gjelder prosjektet:

29679	<i>Betydningen av bruk av morsmål i arbeid med sorg og krise (i nordsamiske områder)</i>
<i>Behandlingsansvarlig</i>	<i>Diakonhjemmet Høgskole AS, ved institusjonens øverste leder</i>
<i>Daglig ansvarlig</i>	<i>Anne Austad</i>
<i>Student</i>	<i>Trine Sortland Triumph</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet, og finner at behandlingen av personopplysninger vil være regulert av § 7-27 i personopplysningsforskriften. Personvernombudet tilrår at prosjektet gjennomføres.


Personvernombudets tilråding forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, eventuelle kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, http://www.nsd.uib.no/personvern/forsk_stud/skjema.html. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://www.nsd.uib.no/personvern/prosjektoversikt.jsp>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 31.12.2012, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen


Vigdis Namtvedt Kvalheim


Hildur Thorarensen

Kontaktperson: Hildur Thorarensen tlf: 55 58 26 54
Vedlegg: Prosjektvurdering
Kopi: Trine Sortland Triumph, Agmund Bolts vei 64, 0664 OSLO



Prosjektets formål er å rette fokus mot samiske forhold når det gjelder bruk av morsmål i situasjoner der det er viktig for å kunne formidle et budskap.

Utvalget består av ca. seks personer, og inkluderer kirkelige representanter fra kommunale kriseteam i Troms og Finnmark, samt tidligere medlemmer i to av kriseteamene. Rekruttering skjer via leder i kriseteamene.

Det innhentes skriftlig samtykke basert på skriftlig gitt informasjon. Personvernombudet finner informasjonsskrivet tilfredsstillende såfremt alle informantene får samme informasjon.

Data innhentes ved personlig intervju, lydopptak av intervju transkriberes til pc. Datamaterialet vil være knyttet til direkte personidentifiserende opplysninger via kode som viser til en koblingsnøkkel.

Det innhentes sensitive personopplysninger om etnisk bakgrunn, jf. personopplysningsloven § 2 nr. 8 a). Personvernombudet finner at denne behandlingen kan finne sted med hjemmel i personopplysningsloven § 8 første ledd og § 9 a) (samtykke).

Materialet registreres og oppbevares på privat pc og ekstern harddisk. Det oppgis at datamaskiner beskyttes av brukernavn og passord. Koblingsnøkkel oppbevares adskilt fra det øvrige datamaterialet.

Det forutsettes at behandling av personopplysninger på privat pc er i tråd med Diakonhjemmet Høgskole sine interne retningslinjer for informasjonssikkerhet.

Datamaterialet anonymiseres når prosjektet er avsluttet, senest innen 31.12.2012. For at datamaterialet skal være anonymt må navn (på samtykkeerklæringer og koblingsnøkkel) slettes. I tillegg må indirekte personidentifiserende opplysninger slettes eller grovkategoriseres/omskrives, slik at ingen enkeltpersoner kan gjenkjennes. Lydopptak slettes.
